


Vindafjord kommune

► Barnehage- og skulebruksplan

2020-2035

Oppdragsnr.: 5200782 Dokumentnr.: 1 Versjon: Dato:



Oppdragsgjevar: Vindafjord kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Nils Erik Eide, Leiv Karsten Medhaug
Rådgjevar Norconsult , Avdeling skole og barnehage
Oppdragsleiar: Terje Gregersen
Fagansvarleg: Dan Lysne
Andre nøkkelpersonar: Sigrid Hestnes

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent
---------	------	--------	-----------	----------------	----------

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Samandrag

Vindafjord kommune har ni kommunale grunnskular og sju kommunale barnehagar – tilsaman seksten einingar spreidd i kommunen. Utgangspunktet for barnehage- og skulebruksplanen er ei kartlegging av barnehage- og grunnskuletenestene, med framskriving av behov og vurdering av tiltak.

Barnehage:

Vindafjord kommune har i dag barnehagetilbod i alle skulekrinsar. I 2019 var det 230 ledige barnehageplassar av 760 godkjende barnehageplassar i kommunen. Sandeid barnehage er den einaste barnehagen som har press på kapasitet. Det er mykje ledig kapasitet i særleg Vats og Skjold krins.

Norconsult sin prognose i aldersgruppa 1- 5 år prognostiserer ein nedgang på omlag 60 barn frå 2019 til 2024, deretter vil barnetalet auke gradvis frå 2025 til 2035, med om lag 60 barn. I perioden 2014-2019 var det ein nedgang på om lag 30 barn i aldersgruppa 1-5 år. Den største nedgangen har vore i Vats krins. Merk at Norconsult-prognosen er positiv, samanlikna med SSB sitt framskrivingsalternativ – hovudalternativet (MMMM) frå august 2020.

I vurdering av kapasitet er det lagt til grunn at alle som har rett til ein plass får det (100% dekning). Prognosen for barn under og over 3 år gir eit kapasitetsbehov på 556 plassar i 2035. Med denne kapasiteten har kommunen god balanse mellom barnehageplassar og førskulebarn.

Dei kommunale barnehagane har større eller mindre trong for oppgradering og ombygging for å bli framtidsretta og funksjonelle barnehagebygg. Sandeid barnehage treng utbetring på kort sikt. Sjølv om Skjold barnehage nyleg er utvida, kan det på mellomlang sikt vera trong for nokre endringar for å betra på funksjonaliteten.

5 av dei 7 kommunale barnehagane er i kategorien liten barnehage. Dei ulike konseptane synar at det å vidareføra dagens struktur med 7 barnehagar, er det mest kostbare alternativet - både med omsyn til investering og driftskostnader. Dei små einingane er sårbare i høve behovsgrunnlaget i sine områder, særleg gjeld dette å rekruttera kompetent bemanning til barnehagen. Ein ny barnehagestruktur med tre kommunale barnehagar (Vågen, Sandeid og Skjold), og tre private barnhagar (Vikedal, Nausthaugen og Ølensjøen) vil dekke behovet for barnehageplassar innafor kommunegrensene.

Oppsummert:

I eit 1-5 års perspektiv vert det tilrådd at Imsland og Øvre Vats barnehage vert lagt ned og nyttar ledig kapasitet i andre barnehagar. I eit 5-10 års perspektiv vert det tilrådd at Bjoa og Vikebygd barnehage og nyttar annan ledig kapasitet i kommunen. Tiltaka som vert tilrå skal sikre eit berekraftig barnehagetilbod med:

- God tilgang på pedagogisk kompetanse i alle barnehagar
- Stabile arbeidsplassar og robuste fagmiljø (både kommunalt og privat)
- Rett kapasitet
- Framtidsretta og funksjonelle barnehagebygg
- Låge investeringskostnader
- Reduserte driftsutgifter

Grunnskule:

Det vert ein liten samla elevtalsnedgang i grunnskulen generelt. Elevtalsnedgangen vert størst i Vats og Bjoa skulekrinsar. Vats skule kan få ein dramatisk nedgang og har potensialet til å verte ein få-delt skule på mellomlang sikt. Det er elles venta stabil elevtalsutvikling ved dei største skulane i kommunen. Ei elevtalsnedgang vil og gje mindre inntekter til kommunen.

Det er mykje ledig skulekapasitet ved bygdeskulane og mindre tilgjengeleg kapasitet i Ølen og Skjold skular.

Det er med dagens skulestruktur korte avstandar mellom skuleanlegga.

Norconsult vurderer at skuleanlegga i Vats og Bjoa bør rivast og erstattast som nybygg om kommunen vel å vidareføre skuletilbod her. I Vats vert det tilrådd å byggje eit oppvekstsenter kor skule og barnehage er samlokalisert, dersom dagens skule- og barnehagestruktur skal vidareførast.

Seks vurderte strukturmodellar

Strukturmodell 0 – Vidareføring av dagens situasjon (samanlikningsalternativet)

Strukturmodell 1A – Fire skular: Ein felles ny frittstående ungdomsskule og tre barneskular

Strukturmodell 1B – Fire skular: Ein felles ungdomsskule i Ølen skule og tre barneskular. Vågen vert barneskule for Ølen og Bjoa

Strukturmodell 2 – Tre kombinerte skular (Skjold, Ølen, Vikedal)

Strukturmodell 3A – Seks skular (Skjold inkl. Vats, Vikedal inkl. Imsland, Vågen inkl. Bjoa)

Strukturmodell 3B - Seks skular (Skjold inkl. Vik, Vikedal inkl. Imsland, Vågen inkl. Bjoa)

Tilråding

Norconsult vurderer at strukturmodellane 1A, 1B og 2 er gode og framtidsretta løysingar for lokaliseringa av grunnskuletenestene i Vindafjord kommune. Forskjellen mellom desse alternativa ligg i etablering av eit felles ungdomssteg i strukturmodellane i 1A og 1B. Her kan kommunen velje å bygge ein ny moderne og frittstående skule i kommunen. Ei slik løysing gjev «reine» barnesteg og sikrar «overgang» og skulebyte for elevane på grunnskulen. Løysingane i strukturmodell 1 krev meir investeringsmidlar enn løysinga med tre kombinerte skular i strukturmodell 2. Fordelen med strukturmodell 2 er at den gjev mindre skuleskyss for elevane på ungdomssteg. Norconsult vurderer at reisetida inn til ein felles ungdomsskule er akseptabel for alle bygdene. Det er store økonomisk innsparingspotensial i begge strukturmodellane, men utnytting av dei tre eksisterande kombinerte skulane har minst trong for investeringsmidlar – og kjem «best» i den økonomiske samanlikninga.

På bakgrunn av ei samla vurdering – tilrår Norconsult **strukturmodell 2** som ein langsiktig og berekraftig strukturmodell for Vindafjord kommune. Vi finner også mange gode kvalitetar i strukturmodell 1A og 1B over – særleg er desse knytt til pedagogiske utviklingsfaktorar og skuletypar.

► Innhald

1	Innleiing	8
1.1	Bakgrunn	8
1.2	Mål for planarbeidet	8
2	Førskule- og elevtalsprognosar med behovsvurderingar	9
2.1	Prognoseføresetnader	9
2.2	Førskuleprognosar 1-5 år	10
2.3	Elevtalsprognosar	34
3	Barnehageskildringar , areal- og kapasitetsvurdering	44
3.1	Rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar	44
3.2	Hensikt, føremål og metode	45
3.3	Bjoa barnehage	48
3.4	Imsland barnehage	50
3.5	Sandeid barnehage	52
3.6	Skjold barnehage	55
3.7	Øvre Vats barnehage	58
3.8	Vikebygd barnehage	61
3.9	Vågen barnehage	63
3.10	Hovudfunn barnehageanalyse	65
4	Skuleskildringar med areal- og kapasitetsanalyse	67
4.1	Grunnlag for areal- og kapasitetsvurdering	67
4.2	Arealnorm	67
4.3	Metodar for areal- og kapasitetsvurdering	69
4.4	Skolens uteområde	70
4.5	Dagens organisering av grunnskulen	72
4.6	Skuleskyss og avstandar	73
4.7	Skjold skule	75
4.8	Sandeid skule	77
4.9	Vikedal skule	79
4.10	Vågen skule	81
4.11	Ølen skule	83
4.12	Vats skule	85
4.13	Bjoa skule	87
4.14	Vik skule	89
4.15	Imsland skule	91
4.16	Kulturskulen	93
5	Kvifor endre / ikkje endre lokaliseringane av barnehagane og skulane?	94

5.1	Pedagogiske faktorar og organisatoriske perspektiv	95
5.2	Behovs, teneste- og kapasitetsperspektiv	98
5.3	Bygningsmessige perspektiv	99
5.4	Økonomiske perspektiv	100
5.5	Bygdeutviklings- og nærmiljøperspektiv	100
5.6	Skoleskyss – Reisetid og reiseavstand	105
5.7	Eventuell etterbruk av kommunale bygg	105
6	Strategiar og tiltaksutforming	106
6.1	Status for barnehage- og skulestruktur i Vindafjord	106
6.2	Langsiktige utfordringar	106
6.3	Overordna strategiar for skule og barnehage	107
6.4	Barnehage	107
6.5	Grunnskule	107
7	Konsept- og strukturmodellar barnehage	108
7.1	Generelle føresetnader	108
7.2	Strukturmodell 0 – Vidareføring 6 barnehagar, legge ned Øvre Vats og bygge en barnehageavdeling saman med ny skule i Vats	111
7.3	Strukturmodell 1– Fem kommunale barnehagar (tre private)	113
7.4	Strukturmodell 2 – Fire kommunale barnehagar (Tre private)	115
7.5	Strukturmodell 3a – Tre kommunale barnehagar (Tre private)	117
7.6	Strukturmodell 3b – Tre kommunale barnehagar (Tre private)	119
7.7	Samletabell for kostnadar i ulike konsept	121
8	Konsept- og strukturmodellar Grunnskule	122
8.1	Føresetnader for alternativa	122
8.2	Investeringskostnad til ny frittstående idrettshall i Ølen	124
8.3	Strukturmodell 0 – Vidareføring av dagens situasjon – ingen endring i skulelokalisering	125
8.4	Strukturmodell 1A – Fire skular: Ein felles ungdomsskule – tre barneskular (Ny frittstående ungdomsskule i Ølen)	127
8.5	Strukturmodell 1B – Fire skular: Ein felles ungdomsskule og tre barneskular	131
8.6	Strukturmodell 2 – Tre kombinerte 1-10 skular: Skjold, Vikedal og Ølen	133
8.7	Strukturmodell 3A – Seks grunnskular (Skjold inkl. Vats, Vikedal inkl. Imsland, Vågen inkl. Bjoa)	137
8.8	Strukturmodell 3B – Seks grunnskular (Skjold inkl. Vik, Vikedal inkl. Imsland, Vågen inkl. Bjoa)	141
8.9	Driftskonsekvensar grunnskule	144
9	Tilråding Norconsult	146
9.1	Barnehage	146
9.2	Tilråding Grunnskule	147

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samband med handsaminga av budsjett og økonomiplanen for perioden 2019-2022, vedtok kommunen å utarbeida ein barnehage- og skulebruksplan i 2020.

Planen skal sikre ei framtidretta utvikling med høg fagleg kvalitet i dei kommunale barnehage- og grunnskuletilboda. Vindafjord kommune har ein spreidd lokalisering av sine grunnskular og barnehagar- og det er ynskjeleg å vurdere alternative måtar å organisere desse tenestene på. Sentralt fokus for kommunen er pedagogisk og fagleg kvalitet, berekraftig økonomi, og lokaliseringar som gjev identitet og attraktivitet til kommunen.

Vindafjord kommune ønskjer at minimum fire modellar for strukturalternativ vert utgreidd - i tillegg til vidareføring av dagens situasjon (modell 0):

MODELL 1

4 skular (ein rein ungdomsskule, tre 1-7 skular) 2 store kommunale barnehagar + (3 private barnehagar i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))

MODELL 2

3 skular (tre 1-10 skular) 2 (3)store kommunale barnehagar + (3 private barnehagar i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))

MODELL 3

6 skular (her er forslag om dei tre oppvekstsentra vert lagt ned) 4 barnehagar + (3 private barnehagar i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))

MODELL 4

Konsulentbyrået står elles fritt til å koma med andre alternative løysingar.

Føremålet med utgreiinga er å produsere eit godt vedtaksunderlag for framtidig barnehage- og grunnskulestruktur i Vindafjord kommune. Utgreiinga gjev tilrådingar knytt til berekraftige løysingar, tufta på pedagogiske, sosiale og økonomiske føresetnader.

1.2 Mål for planarbeidet

Målsetjinga med planarbeidet er:

- å sikra best mogeleg kvalitet i skule og barnehage og sikra ein optimal bruk av dei rammene kommunen til ein kvar tid rår over
- å koma fram til ein skule- og barnehagestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i vedteken kommuneplan
- å sikra at skulane og barnehagane i Vindafjord er tilpassa ein skule- og barnehagedrift i tråd med gjeldande sentrale og lokale retningsliner og planar
- å sikra eit godt arbeidsmiljø for tilsette og barn/elevar
- å gje råd om fysiske og pedagogiske planrammer ved å leggje til rette for framtidens skule og barnehage
- å prioritera og tidfesta tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer

2 Førskule- og elevtalsprognoser med behovsvurderingar

2.1 Prognoseføresetnader

2.1.1 Generelt

Folketalsprognosen til Norconsult er bygt på slike føresetnader:

- Samansetninga av folketalet pr. 01. januar 2020 på grunnkrinsnivå (tal frå SSB) fordelt på gjeldande skuleområde.
- Faktisk elevtal ved skulane i skuleåret 2019/20 (kjelde: Vindafjord kommune)
- Fruktharheit og dødelegheit som for dei siste 5 åra
- Flytting: Aldersfordelt flyttemønster inn i, ut av og internt i kommunen i åra 2015-2019, er lagt til grunn for aldersfordelt flytting i åra framover.
- Bustadbygging: Sjå under.

2.1.2 Byggjeprogram

Byggjeprogrammet er utarbeidd i samarbeid med Vindafjord kommune (areal og forvaltning). Det er lagt til grunn eit bustadprogram som ligg tett opp til den historiske utbygginga i perioden 2015-2019.

Skulekrins	Fullførte bustadar 2015-2019					Byggjeprogram Vindafjord kommune																	
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2020-2036
Bjoa skule	4	0	2	0	1	1	0	2	0	2	0	2	0	2	0	2	0	2	0	2	0	2	17
Imsland skule	0	2	1	2	2	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	17
Sandeid skule	4	4	2	8	7	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	85
Skjold skule	15	19	9	14	18	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	272
Vats skule	6	1	2	15	3	5	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	69
Vikedal skule	2	0	0	2	0	2	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	66
Vik skule	4	6	1	2	1	3	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	19
Vågen skule	3	6	7	3	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	85
Ølen skule	17	11	19	18	17	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	16	272
Sum pr. år	55	49	43	64	54	54	52	54	52	54	52	54	52	54	52	54	52	54	52	54	52	54	902

Prognoseperioden går over 17 år og det er lagt til grunn 53 nye bustadar pr år i gjennomsnitt for prognosen til Norconsult. Samla utgjer dette over 900 nye bustadar i løpet av perioden.

Det er i skulekrinsane til Ølen og Skjold som får den største utbygginga. Her vert 60 prosent av bustadpotensialet realisert.

I Vågen skulekrins er det lagt inn 85 nye bustadar i same periode.


I Vats og Vikedal er det lagt inn nær 70 bustadar i programmet.

Vik, Bjoa og Imsland skulekrinsar får eit forventa bustadbygging på rundt 20 nye bustadar i perioden.

2.2 Førskuleprognosar 1-5 år

I perioden 2016-2020 har det vore ein nedgang i barnetalet på 50 barn.

I perioden 2020 til 2023, er det forventa framhald i nedgangen. Frå 2024 er det prognostisert ei gradvis auke til om lag 522 barn.



Samanlikna med SSB sitt hovudalternativ forventar Norconsult-prognosen ei meir positiv førskuleutviking. I 2035 ligger NO-prognosen på 522 førskulebarn eller 80 fleire førskulebarn enn hovudalternativet frå SSB.

Hovudalt.	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
1-5 år	520	507	485	460	435	429	415	415	417	419	422	424	430	432	435	440


Tal 0-åringar i SBB sitt hovudalternativ syner at fødslane i Vindafjord vil ligge rundt 80 barn i heile kommunen.

Hovudalt.	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 år	98	82	81	80	80	79	80	80	81	82	82	83	84	84	85	86

2.2.1 Etter skulekrins

Bjoa krins


I Bjoa krins har barnetalet hatt ein svak auke, og det er venta at de vil ligge må om lag same nivå dei komande åra, før det igjen blir ein nedgang.



Norconsult-prognosen forventar eit førskulegrunnlag på 15 barn på lang sikt.


Imsland krins

I Imsland har barnetalet vore stabilt dei siste åra. Det er prognostisert at barnetalet vil halde seg på dagens nivå, fram til ca. 2026, og at det etter dette kan auke til ca.18 barn.




Sandeid krins

Sandeid krins har hatt ein nedgang på 12 barn sidan 2016. Det er forventa at barnetalet vil halde seg på dagens nivå (med små variasjonar) i åra framover.




Skjold krins

Skjold krins har hatt ein svak nedgang i barnetal. Det er prognostisert små variasjonar frå 2020 til 2026. Etter det er det venta at barnetalet vil auka med mellom 20 og 30 barn.



Vats krins

Barnetalet i Vats krins har hatt ein nedgang på over 30 barn dei siste 5 åra. Det er prognostisert at barnetalet vil fortsette å gå ned, og at det i 2035 vil være ca. 40 barn i aldersgruppe 1-5 år i krinsen.




I tabellen under ser vi prognosen for Vats skulekrins. I dei siste tre åra har krinsen hatt stor utflytting/reduksjon i folketallet. Det er forventningar om at denne trenden ikkje vert så høg i åra framover i prognoseperioden.

Talet på personar i fruktbar alder 20-40/49 år vert færre og dermed går fødslane også ned for krinsen. Krinsen får og ei aukande eldre personar innover prognoseperioden. I 2015 utgjorde aldersgruppa 67 år og oppover 208 personar. I 2035 er same aldersgruppe 289 personar.

Folketal i Vats skule sitt opptaksområde pr 31.12	Historisk					Prognose----->																			
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035				
0 år	14	17	13	16	10	12	11	11	10	10	10	10	10	10	10	9	9	9	8	8	8				
1-2 år	36	36	30	26	23	23	18	21	20	19	19	19	19	17	18	17	17	17	16	16	16				
3-5 år	52	58	52	50	43	33	34	26	29	25	26	25	24	24	24	25	24	24	22	23	23				
6-12 år	101	104	111	109	102	101	98	96	88	83	75	66	59	54	48	45	41	42	40	38	37				
13-15 år	59	39	41	37	43	43	45	39	38	44	41	42	39	39	37	27	28	21	23	17	18				
16-19 år	73	90	77	77	70	57	55	59	64	60	63	60	60	60	62	67	61	63	55	47	43				
20-29 år	160	167	152	152	143	151	149	148	139	137	130	135	137	132	129	117	123	120	127	132	132				
30-39 år	152	144	147	136	127	121	119	114	116	108	115	117	110	113	115	125	123	125	123	123	118				
40-49 år	167	178	161	151	139	140	134	134	130	137	127	112	120	117	116	113	111	108	110	107	113				
50-59 år	160	154	165	171	178	171	181	170	161	154	156	158	147	142	129	133	126	124	122	131	120				
60-66 år	95	96	100	89	96	98	92	102	109	116	119	117	118	127	131	122	122	118	119	105	103				
67-69 år	25	31	32	41	34	43	38	37	36	33	34	36	46	43	47	48	57	51	43	47	51				
70-79 år	93	101	102	102	110	102	110	107	111	111	105	111	113	114	112	123	114	123	127	133	136				
80 år og over	90	86	82	78	80	78	72	78	77	79	84	86	82	82	87	85	91	94	97	99	102				
sum	1277	1301	1265	1235	1198	1173	1156	1142	1128	1116	1104	1094	1084	1074	1065	1056	1047	1039	1032	1026	1020				
årlig endring:		24	-36	-30	-37	-25	-17	-14	-14	-12	-12	-10	-10	-10	-9	-9	-9	-8	-7	-6	-6				


Vik krins

Vik krins har hatt ei svak auke sidan 2016. Det prognostisert ein svak nedgang fram til 2025, før det etter det auke til ca 32 barn i 2035.




Vikedal krins

Vikedal krins har hatt ein nedgang i perioden 2016—2019. Det er prognostiser små variasjonar dei neste åra og at barnetalet vil være om lag 46 barn i 2035.




Vågen krins

Det er prognostisert ein nedgang på om lag 20 barn frå 2016-2023. I perioden 2024-2035 er det forventa ei gradvis auke opp til om lag 59 barn i 2035.



Ølen krins

I Ølen krins har det vært en nedgang i tal på barn i perioden 2017-2019. Det er prognostisert små variasjoner i åra framover, og at det vil være om lag 107 barn i 2035.



2.2.2 Barnehage tilbud i Vindafjord

Barnehage tilbudet i Vindafjord består av 10 barnehagar: 7 kommunale og 3 private. Av de 7 kommunale barnehagene drivast 2 som oppvekstsenter. 64 % av tilbudet er kommunalt, mens 36 % av tilbudet er privat.

Barnehagekapasitet Vindafjord	m2	1 plass for barn over 3 år = 1 barneeiining
Bjoa barnehage	120	30
Imsland barnehage	114	29
Sandeid barnehage	263	66
Skjold barnehage	633	158
Vats barnehage	500,3	90
Vikebygd barnehage	135,6	34
Vågen barnehage	282	71
Sum kommunal	2048	477
Vikedal Fus barnehage AS	305	76
Ølensjøen Fus barnehage AS	653	163
Nausthaugen barnehage AS	176	44
Sum privat	1134	284
Kapasitet i sone	3182	760
Kommunalkapasitet		64 %
Privat kapasitet		36 %

Tabell 1

2.2.3 Dagens dekningsgrad – forventa utvikling og kapasitetsbehov

Vindafjord kommune har godkjent 760 plassar. I kapasitetsutrekninga, er barn under 3 år rekna for 1,33 plass jf. tabell 1. Godkjent leike- og opphaldsareal gjer tal på plassar (om ikkje anna er vedteke av barnehageeigar).

Tabellen under syner prosentvis del av barn i barnehage jf.. landet elles. I Vindafjord går 2,5% færre barn i aldersgruppa 1-2 år i barnehage, jamfør landet elles. I aldersgruppa 3-5 år går 1,4 % færre barn jamfør landet elles. I heile aldersgruppa går 1,8 % færre barn i Vindafjord i barnehage jamfør resten av landet.

Nøkkeltal	Eining	Vindafjord 2019	Landet u/ Oslo 2019
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til personer 1-2 år (prosent)	%	82,1	84,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til personer 3-5 år (prosent)	%	95,9	97,3
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til personer 1-5 år (prosent)	%	90,6	92,4


Tabell 2

Etterspurnad etter barnehageplassar har vore aukande dei siste åra, og sjølv om ikkje den reelle dekningsgraden er 100 %, reknar vi i denne kapasitetsvurderinga ein dekningsgrad på 100%. 100% dekningsgrad er når alle som har rett til ein plass tar imot tilbodet om ein plass.

Godkjent kapasiteten i Vindafjord er for tida 760 plassar.

2.2.4 Kapasitet i kommunen og kapasitet i krinsar

Tabellen under syner at Vindafjord kommune i dag har ein overkapasitet på om lag 130 barnehageplassar. Om alle barnehagane held oppe kapasiteten vil det i 2035 framleis vera ein overkapasitet på om lag 100 plassar.




Dette er likevel ikkje heile kapasitetsbilete. I Vindafjord har Øvre Vats eit godkjent tal på 90 plassar. Etter vurdering av bygget, er dette ei godkjenning som ikkje i stor nok grad tek omsyn til andre funksjonar i bygget.

I tillegg til dei 90 barnehageplassane i Øvre Vats har den private barnehagen Nausthaugen ei kapasitet på 44 plassar. Den totale kapasiteten i Vats krins er da 134 plassar, medan dei i tida framover vil ha eit behov for om lag 40 plassar.

Det tyder at mykje av overkapasiteten ligg i Vats krins.


Kapasitet og dekningsgrad i Bjoa krins

I Bjoa krins vil det vera ein overkapasitet på ca 10 plassar fram til 2026, etter dette vil overkapasiteten auke til ca. 14 plassar.




Kapasitet og dekningsgrad i Imsland krins

Imsland har hatt små variasjonar i barnetal dei siste åra. Det er forventa ei lita auke på om lag 5 barn i perioden fram til 2035. Kapasiteten vil være god i heile perioden.




Kapasitet og dekningsgrad i Sandeid krins

Sandeid krins ikkje nok kapasitet til at alle barn med rett til plass kan få tilbod. Det er venta at tal på barn med rett til plass vil vera høgere enn kapasiteten i heile perioden. Barnehagen i Sandeid har trong for noko meir areal og auka funksjonalitet.




Kapasitet og dekningsgrad i Skjold krins

Skjold barnehage har i dag nok kapasitet. Fram mot 2035 er det venta at tal på barn vil auke, men at kapasiteten vil være god nok i heile perioden.




Kapasitet og dekningsgrad i Vats krins

Øvre Vats og Nausthaugen barnehage har ein stor overkapasitet i sine barnhagar. Det er venta at barnetalet går ned også i perioden fram til 2035. Det vil være ein overkapasitet på om lag 90 plassar.




Kapasitet og dekningsgrad i Vik krins

I Vik krins er kapasiteten grei gjennom heile perioden.




Kapasitet og dekningsgrad i Vikedal krins

I Vikedal er det ein overkapasitet på om lag 25 plassar i Vikedal Fus- barnehage.




Kapasitet og dekningsgrad i Vågen krins

I Vågen krins er det nok kapasitet gjennom heile perioden.




Kapasitet og dekningsgrad i Ølen krins

I Ølen krins er det god kapasitet gjennom heile perioden. Ølensjøen Fus – barnehage er også ein barnehage som har barn frå andre krinsar. Medan det i 2019 var 118 barneiningar i krinsen, hadde barnehagen eit barnetal tilsvarande 136 barn. Ølensjøen Fus barnehage as har framleis god kapasitet til å ta inn enda fleire barn.



2.2.5 Kapasitetsutnytting 2014-2019 (privat og kommunal)

Tabellen under synar kapasitetsutnytting i perioden 2014-2019



Kapasitetsutnyttinga auka i perioden 2014-2016 frå 536 til 554 plassar, men gjekk deretter ned til 523 plassar. I perioden var det mellom 206 og 237 ledige plassar.


Bilete seier at det i heile perioden har vært god kapasitet jamfør etterspurnad.

Dei private barnehagane har hatt ei auke i etterspurnad, medan etterspurnaden i dei kommunale barnehagane har gått ned med om lag 25 plassar.

Det er ein overkapasitet i tal på plassar i kommunen totalt. I Vindafjord kommune er det og mange barn som har deltidsplassar.

Utvikling i den einskilde barnehage


Alle barnehagar med unntak av Sandeid har hatt god kapasitet i perioden 2014-2019.



- Bjoa barnehage har auka sin ledige kapasitet med om lag 10 plassar
- Vikebygd med om lag 5 ledige plassar
- Øvre Vats barnehagen med om lag 10 plassar
- Nausthaugen med om lag 10 plassar
- Vikedal med om lag 9 plassar.
- Den einaste barnehagen som har hatt ein jamn auke av kapasitetsutnytting er Ølensjøen, som redusert overkapasiteten på 50 plassar i 2014 til 27 plassar i 2019. Ølensjøen Fus barnehage har og eit høgre tal på barn, enn tal på barn i tal på barn i krinsen.

2.3 Elevtalsprognosar

2.3.1 Heile kommunen



Elevtallsprognosen til Norconsult syner stabil elevtalsutvikling på kort sikt. Frå skuleåret 2025/26 forventar prognosen ein elevtalsnedgang - frå 1 130 elevar inneverande skuleår 2020/21 til under 1 000 elevar på lang sikt. Det langsiktige elevtalsgrunnlaget på kommunenivå ligg på under 1 000 elevar i Vindafjord-skulen.


Færre innbyggjarar i fruktbar alder er medverkande til at fødselstala går ned. Elevtalsnedgangen vert ulikt fordelt i skulekretsane. Det er i samband med prognoseutarbeidinga laga folketalsprognose for alle funksjonelle aldersgrupper i kvar skulekrets.

Hovudalternativet (august 2020) frå SSB:

Hovudalt.	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
6-15 år	1115	1117	1106	1113	1102	1092	1074	1044	1005	971	953	931	917	900	882	879

Hovudalternativet frå SSB (MMMM) gjev ein lågare elevtalsframskriving enn Norconsult-prognosen. I skuleåret 2035/36 forventar SSB at Vindafjord får eit samla elevtal under **900 elevar** – om lag 100 elevar færre enn Norconsult-prognosen. På barnesteget er det om lag 800 elevar i 2020 og SSB sitt hovudalternativ tilseier eit samla elevtal i skuleåret 2035/36 på 608 elevar – eller ein samla nedgang på nær **200 elevar** for heile barnesteget i kommunen. For ungdomssteget inneberer SSB sitt hovudalternativ ein elevtalsnedgang på **42 elevar** frå 313 elevar til 271 elevar i same periode. Dersom Vindafjord kommune legg SSB sitt hovudalternativ til grunn for elevtalsutviklinga, gjev dette større elevtalsnedgang enn Norconsult-prognosen.

2.3.2 Skjold skule




Ved Skjold skule forventar prognosen stabil elevtalsutvikling innover heile perioden. Skulen får eit elevtalsgrunnlag som ligg mellom 290-320 elevar.

Prognosen legg til grunn delvis jamne årssteg på barnesteget – og dei vil ligge rundt 25 elevar årleg. Skulen kan få einskilte år med grupper under 20 elevar og nokre årssteg som ligg opp mot 30 elevar.

Ungdomssteget vil ha klassestorleikar under 50 elevar. På lang sikt legg prognosen opp til årssteg mellom 35-40 elevar på ungdomssteget. Med 40-50 elevar på kvart årssteg, gjev dette grunnlag for gode pedagogiske grupper som ein to-parallell skule.

Barnesteget vil truleg få mykje deling og dette kan gje små klassar – om ein legg til grunn skuledrift i ein to-parallell kombinert barne- og ungdomsskule.

2.3.3 Vats skule



Vats skule får den største elevtalsnedgangen i Vindafjord kommune. Skuleåret 2023/24 markerer starten på ein samanhengande og høg elevtalsnedgang ved skulen. Lågt fødselstal i krinsen gjer at færre elevar kjem inn i skulen – enn det elevtalet som går ut av skulen årleg. Dette gjev årleg elevtalsnedgang i perioden.

Historisk har skulen lagt på eit elevtal i 1. klasse på rundt 15 elevar. Nokre år over og ein skilde år under 15 elevar.

Skulen får halvvert sitt elevtalsgrunnlag på lang sikt.


I dei siste fire åra har det i gjennomsnitt flytta ut 20 personar frå krinsen. Dette er truleg ikkje ein vedvarande trend, men syner at det er ein krins med stor utflytting, samstundes som folketalet i krinsen vert eldre.

Med eit elevtalsgrunnlag under 50 elevar på lang sikt, er det grunnlag for skuledrift som ein få-delt skule.

I inneverande skuleår 2020/21, er Vats skule den tredje største barneskulen i kommunen, berre Skjold og Ølen skular er større.

Prognosen gjev eit dramatisk bilete for skulen. Med ein elevtalsnedgang på nær 60 prosent fordelt på 8-10 år, vil driftsgrunnlaget endrast særst mykje her.


2.3.4 Sandeid skule



For Sandeid skulekrins er det venta til dels stabil elevtalsutvikling. Elevtalet er inne i ein periode med vekst. «Elevtalstoppen» vil i følge prognosane kome i skuleåret 2022/23 og 2023/24 med 115 elevar. Etter dette forventar prognosen at elevtalet vil liggje mellom 90-105 elevar på lang sikt.

Skulen har delvis mange ujamne årssteg. Nokre årssteg har over 20 elevar, medan andre årssteg får eit elevtal rundt og under 10 elevar. Truleg vil dette også vere røynda i framtida for skulen. Dette gjev grunnlag for skuledrift i små klassar ved skulen.

2.3.5 Vikedal skule



Vikedal skule får i følgje prognosane stabil elevtalsutvikling med om lag 130-150 elevar i prognoseperioden.


Årsstega på barnetrinnet er små – og skulen kan forvente at fleire klassar vert under 10 elevar. Brorparten av klassane på barnesteget vil ikkje overskride 15 elevar.

Ungdomssteget får eit elevtal som tilseier delvis mykje klassesdeling – om ein nyttar det gamle klassesdelingstalet i opplæringslova på 30 elevar. Nokre årssteg ligg over 30 elevar og mange klassar ligg over 25 elevar.

I skuleåret 2022/23 forventar prognosane at det kjem inn fire elevar i 1. klasse. Slike einskilde låge årskull, er med på å gi en variert prognosebane for skulen.

Barnesteget har eit elevtalsgrunnlag på rundt 70 elevar.


2.3.6 Imsland skule



Ved Imsland skule tilseier prognosen stabil elevtalsutvikling. Skulen får eit elevtalsgrunnlag mellom 22-28 elevar innover prognoseperioden.

Skulen har eit elevtalsgrunnlag som gjev grunnlag for skuledrift i ein få-delt skule, slik som i dag.


2.3.7 Ølen skule



Ølen skule får eit stabilt elevtal innover prognoseperioden. På lang sikt er det lagt til grunn ein liten elevtalsnedgang. Skulen har potensiale for å få ein elevtalstopp i skuleåret 2024/25 med over 300 elevar.


Elevtalsgrunnlaget i prognosen tilseier eit elevtal mellom 250-300 i perioden. Ungdomssteget får ikkje årssteg over 50 elevar, slik at det vil vere delvis små klassar om ein legg til grunn eit ungdomssteg med to klassar pr årssteg.

2.3.8 Vågen skule



Vågen skule er inne i nokre år med elevtalsvekst på kort sikt. Elevtalstoppen kjem i skuleåret 2022/23 med 99 elevar. Etter dette forventar ein at elevtalet vert gradvis redusert – og stabiliserer seg rundt 70-80 elevar på lang sikt.

2.3.9 Bjoa skuledel




Bjoa skule er inne i ein periode med elevtalsnedgang. Prognosen forventar at elevtalet stabiliserer seg med eit elevtalsgrunnlag rett under 20 elevar. Dette er ein stor prosentvis nedgang for skulen.

Låge fødselstal, aldring og utflytting av skulekrinsen resulterer i små kull som startar i 1. klasse ved skulen.

På lang sikt er det berre for 2 klassar ved skulen – ein liten klasse for småsteget og ein liten klasse for mellomsteget.

2.3.10 Vik skule



Vik skule har vore gjennom ein historisk elevtalsnedgang – og prognosen forventar delvis stabil elevtalsutvikling ved skulen i prognoseperioden. Skulen får eit elevtalspotensiale som ligg mellom 30-40 elevar årleg.

Årsstega vil som hovudregel ikkje verte fleire enn 10 elevar.

3 Barnehageskildringar , areal- og kapasitetsvurdering

Barnehagen skal jf. Rammeplanen ta vare på barndommens eigenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik. Barnehagen er ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidrar til å leggja grunnlaget for eit godt liv. Bygga må derfor ha ei slik utforming at dei møter behovet til barnegrupper, enkeltbarn, foreldre og personalet. Det fysiske miljøet til barnehagen skal vera trygt og utfordrande og gi barna allsidige erfaringar. Universell utforming der alle har tilgang og like moglegheiter er ein føresetnad for å nå kravet og intensjonen til rammeplanen. Det fysiske læringsmiljøet skal bidra til at alle barn opplever progresjon i si utvikling.

3.1 Rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar

Barnehagene skal ha gode og føremålstenlege lokale og areal både inne og ute. Kommunen er lokal barnehagestyresmakt og har ansvaret for godkjenning av barnehagar jf. § 10 og 11 i barnehagelova. Barnehagane skal vera godkjente etter forskrift om miljø og helse i barnehagar og skular, og krav i anna relevant regelverk som arbeidsmiljølova og plan- og bygningslova.

Barnehagane er ein ressurs i lokalsamfunnet og skal bidra til å utvikla bevisste samfunnsborgarar, motverka fordommar og diskriminering og framme likeverd. For at dei fysiske rammene skal verka stimulerande på læringsmiljøet, må det vera samanheng mellom bygget og det pedagogiske virket til barnehagen. Korleis barnehagen organiserer barnegruppene er eit moment som må takast med i planlegginga av nye barnehagar, og innspel frå brukarane er derfor viktig.

Kunnskapsdepartementet (KD) har angitt rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar. Innandørs leike- og opphaldsareal skal vera minimum 4 m² netto for barn over 3 år, og om lag 1/3 meir per barn under 3 år (5,3 m²). Utandørs leike- og opphaldsareal skal vera ca. 6 gonger større.

Ved utrekning av talet på plassar i barnehage utgjer godkjent leike- og opphaldsareal (LOA) delt på 4 m² talet på barneiningar for barn over 3 år. For barn under 3 år er ei barneining 1,3.

Alder	Barnehageplass	m ²	Barneining
Under 3 år	1	5,3	1,33
Over 3 år	1	4	1

Tabell 3 Kunnskapsdepartementets arealnorm

3.2 Hensikt, føremål og metode

Areala i barnehagen og det tilgjengelege leike- og opphaldsareal (LOA) kan variera mykje frå barnehage til barnehage. Det er godkjent leike- og opphaldsareal som avgjer kor mange barn barnehagen kan dimensjoneraast for. Kapasiteten gir òg grunnlag for tilskotet til den enkelte eininga.

I arealvurderinga deler vi nettoarealet til barnehagen inn i tre kategoriar som vist i tabellen under. I tillegg kjem trafikkareal og tekniske rom. Prosentvis arealfordeling av areala i barnehagen bygger på eit standard arealprogram for barnehagar, utarbeida av Norconsult, og erfaringstal frå ulike kommunale standardprogram i Norge.

Arealprogrammet som er nytta i planen, har ei prosentvis arealfordeling av BTA der:

- 40 % av bygget er leike- og opphaldsareal
- 20% er støtteareal
- 14 % er personalareal
- 15 % - trafikkareal/fast innreiing og rømmingsvegar
- 10% - teknisk areal

Arealfordelinga er rettleiande og vil variera frå bygning til bygning, men vil i grove trekk gi eit bilete på ein funksjonell barnehagebygning. Større barnehagar kan i større grad sambruka funksjonar, og effektivisere trafikkareal, personalfunksjonar og støttefunksjonar. Erfaring frå vurdering av barnehagebygg rundt i landet, synar at eldre bygg ofte ikkje har dei funksjonane dei treng i personalavdeling. Trafikkareal og område med fast innreiing, og område utan dagslys og utsyn er godkjente som leike- og opphaldsareal. Det manglar også tekniske rom og areal i viktige funksjonar som lager og reinhald. Dette er med i vurderinga av eksisterande bygg i Vindafjord.

3.2.1 Arealprogrammet tar utgangspunkt i ein barnehage med 120 plassar.

Standardprogram 120 plasser	
Dimensjonerende tall	Plasser og personal
Krav til LOA (5,3 m2 per barn 1-2 år, 4,0 per barn 3-5 år)	120
Personalårsverk (inkl. vikar, spesped.etc)	22
Rom og funksjoner	
	m2
Leke- og oppholdsareal - nettoareal	
Avdelinger	164
Lekerom/allerom(fellesareal)	54
Verksteder(fellesareal)	18
Allrom	105
Fellesrom	75
Fingarderobe del av LOA	62
Samlet Leke- og oppholdsareal	478
Støttearealer - nettoareal	
Vestibyle/ inngangsrom	10
Kjøkken	34
Garderobe (skitten sone) ink. tøy personal	70
Totaletter	26
Stellerom	30
Renholdssentral	14
Nærlager	14
Felleslager	20
Matlager	6
Vognrom / soveareal	35
Samlet støtteareal	259
Personalarealer - nettoareal	
Kontor	22
Møterom/ samtalerom	23
Pedagogarbeidsplasser	32
Kopi/rekvisita	6
Personalrom	24
Personalgarderobe	30
Personaltoaletter	15
Sum personalareal	152
Sum nettoareal	889
Trafikkareal og tekniske rom - bruttoareal	
Trafikkareal/gang/vrimleareal/fas tinnredning	182
Tekniske - (ventilasjon/teknisk/tavle)	107
Sum Bruttoareal	289
Sum nettofaktor - 7,44	889
Sum BTA/NTA - 1,4	1244
SUM Leke- og oppholdsareal ute	2868

Tabell 4 Standardprogram (Norconsult 2020) for rom og funksjonar i ein barnehage med 120 plassar.

3.2.2 Om barnehagevurderingane

I barnehageskildringane seier planen noko om:

- Areal
- Nøkkeltal
- Leike- og opphaldsareal
- Garderobe/toalett
- Administrasjon / personale
- Andre areal
- Uteområdet /tilkomme og nærmiljø
- Kapasitetsvurdering på bakgrunn av godkjent leike og opphaldsareal
- Oppsummering

Vurderinga er basert i korleis bygga fungerer etter formålet i barnehagelov og rammeplan.
Bygningsmessige vurderingar baserer seg på visuelle observasjonar, areallister og teikningar.

3.3 Bjoa barnehage



Bjoa	
	Areal
Samla bruttoareal	-
Netto Leke- og opphold	120 m ²
Avdelingsrom	42 m ²
Fellesareal	78 m ²
Netto støtteareal	41 m ²
Stellerom	8 m ²
Toalett	8 m ²
Garderobe	16 m ²
Lager	6 m ²
Renhold	3 m ²
Netto personalareal	47 m ²
Kontor	10 m ²
Personalrom	10 m ²
Møterom	13 m ²
Pers. garderober	6 m ²
Pers. toalett	8 m ²


Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år -
	3-5 år -
tilsette	3,9 % stilling
Leikeareal inne	120
Leikeareal ute	2738

Bjoa barnehage ligg ved sidan av Bjoa skule. Barnehagen har plass til 30 barn, men har synkende tal på barn, og har i dag 4 barn under 3 år og 9 barn over 3 år. Barnehagen har utfordringar med å skaffe pedagogisk bemanning.

Barnehagen er liten, men har dei funksjonane dei treng. Så lenge barnehagen ikkje har fullt utnyttat kapasitet, er det mogleg å tilpasse bruk av rom.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
LOA	Barnehagen har to baserom og tre aktivitetsrom. Det er kjøkken i det eine baserommet. Fingardroben er godkjent som leikeareal. Tilgang til toalett er gjennom begge basane. Det er langt mellom fleire av aktivitetsromma og toalett til barna. Aktivitetsromma inn mot basane har ein lukka struktur. Det er lite transparens mellom rom.
Støtteareal	Det er ein grovgarderobe på ca 20 m2. Der er det også tilgang til toalett og vask. Stellerrommet ligg ved sidan av fingardroben. Inne i stellerrommet er det 2 toalettrom. Det er eit utvendig lagerrom og eit vognskur.
Personalareal	Personalavdelinga har eigen inngang og elles dei rom og funksjonar ein barnehage av denne storleiken treng. Det er HCWC i tilknytning til garderoben. Det er ikkje eige rom for kopi og rekvisita, men med dagens tal på barn og personale, kan ein finne løysingar i personalavdelinga.
Uteområde	Trafikk og parkeringshøve rundt barnehagen er tilfredsstillande. Barnehagen har eit variert uteområde, men dei ynskjer fleire leikeapparat. Enkelte område er utsett for vind. Det er mange fine turmål i nærleiken. Skolen har gapahuk, og det ligg ein lavvo i nærleiken av barnehagen.

Bjoa barnehage jamfør standardprogram for barnehage



Samanlikna med standardprogrammet har barnehagen ein relativ stor prosentdel leike- og opphaldsareal. Bygningen er liten og arealeffektiv, og har nok areal til dagens barnetal. Om barnehagen hadde vore full kan det vera at enkelte funksjonar som garderobe og stellerrom blitt tronge. Det er ikkje trekt frå ganglinjer, ved godkjenning. Med så lite lagerplass, er det eit auka behov for lagerplass. Den reelle kapasiteten bør derfor vere noko mindre enn det godkjente arealet.

Så lenge barnehagen ikkje utnytte heile kapasiteten, kan vil det være rom for å finne løysingar innanfor barnehagens areal.

Funksjonelle utfordringar:

- Gjennomgang i basene for å komme til toalett
- Lukka struktur, lite transparens
- Mykje dører inn i basearealet (trafikkareal)
- Lite lager innomhus
- Kontor og personalrom kryssar skitten sone
- Barnehagen har ikkje HCWC til barn

3.4 Imsland barnehage



Imsland barnehage	
	Areal
Samla bruttoareal	-
Netto leike- og opphald	114 m ²
Lekerom	24 m ²
Fellesareal	13 m ²
Avdelingsareal	78 m ²
Netto støtteareal	18 m ²
Stellerom	11 m ²
Garderobe	7 m ²

Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år – 5
	3-5 år - 9
Tilsette	3,9
Leikeareal inne	114
Leikeareal ute	7134

Imsland barnehage er ein 1-avdelings barnehage som ligg i same bygning som Imsland skule og er driven som eit oppvekstsenter. Barnehage og skule har felles einingsleiar.

Barnehagen har lokala sine i første etasje med inngang frå uteområdet.

Lokala til barnehagen har eldre bygningsmessig standard, og det er naudsynt med oppgradering. Delar av hovudrommet manglar dagsljøs.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
LOA	Barnehagen er bygd som ei 1 ½ avdelings barnehage. Barnehagen har eit baserom med kjøkken og eit avdelingsrom. Fingarderoben er godkjent som leike areal
Støtteareal	Det er ein grovgarderobe og eit stellerom. Det manglar lagerplass til vogner.
Personalareal	Skule og barnehage har felles personalavdeling, men barnehagepersonalet nyttar seg ii liten grad av personalfasilitetane. Pedagogarbeidsplass er lagt til eit lager. Personalet i barnehagen deler garderobe med barna.

Uteområde	Uteområdet er stort og variert, men det er ikkje eiga sone for barnehagebarna. Området er noko trekkfullt. Det er gode turområde i nærleiken.
-----------	---

Imsland barnehage samanlikna med standardprogrammet for barnehage

Det er ikkje hensiktsmessig å samanlikne Imsland barnehage med eit standardprogram for barnehage. Det er generelt nok areal i bygningen, men rom og funksjonar er ikkje optimale som barnehageareal. Når skule og barnehage driv som ei eining, med same leiing, bør personalfunksjonane nyttast av alle.

Funksjonelle utfordringar:

- I liten grad tilpassa barnehageverksemd
- Manglande dagslys i hovudrom
- Fingarderobe lite / ikkje eigna for leik
- Lite variert uteleikeplass for dei minste, ikkje eigen sone
- Ikkje overbygg til vogner utanfor avdelingsrom

Det er naudsynt med ombygging og rehabilitering på kort sikt.

3.5 Sandeid barnehage



Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år – 6
	3-5 år - 55
tilsette	14,7
Leikeareal inne	263
Leikeareal ute	Ca 2200

Sandeid barnehage	
	Areal
Samla bruttoareal	-
Netto leike- og opphald	263 m ²
Lekerom	36 m ²
Avdelingsareal	227 m ²
Netto støtteareal	107 m ²
Stellerom	7 m ²
Toalett	15 m ²
Garderobe	34 m ²
Kjøkken	38 m ²
Lager	6 m ²
Renhold	8 m ²
Netto personalareal	55 m ²
Kontor	12 m ²
Personalrom	17 m ²
Pers. garderober	10 m ²
Pers. toalett	6 m ²

Sandeid barnehage er en 4-avdelings barnehage som ligg mellom fylkesveg 514, fylkesveg 46 og Sandeid skule. 3 av avdelingane ligg i barnehagebygget og ein avdeling ligg i skuleanlegget. I øst, mot skulen, har sanitetsforeininga sine lokale. Trass i sentral plassering i Sandeid, har barnehagen for tida dispensasjon på pedagogstillingar.

Barnehagebygningen har avdelingsstruktur, med eit større avdelingsrom og grupperom i kvar avdeling. Kjøkken og fingarderobar er ikkje rekna med i leike- og opphaldsarealet.


Bygningsstrukturen er relativt lukka mellom rom og avdelingar, og avstand frå resten av barnehagen til avdelinga som driv i skulen sine lokal, er ikkje optimal. Ei av avdelinga har stellerom i lokala til saniteten.

Avdelinga som ligg i skulen er ikkje rekna med i arealoppsummering. I lokala i skulen og mellom enkelte av romma i barnehagebygget der det mykje lydgjennomgang.

Barnehagen ligg tett på vegen. Om lag halvparten av uteområdet ligg i gul støvsone.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
Leike og opphaldsareal	Avdelingane har eit hovudrom og eit eller to grupperom. Avdelingsrommet er relativt stort, med ryddig struktur. Bord og hyller deler inn romma. Det er synleg at det er jobba med fysisk læringsmiljø. Til dømes er det lagt til rette for ulike lekesonar tilpassa barnas alder. Barna søv ute, under tak.
Støtteareal	Ei avdeling har eige garderobe, medan to deler garderobe. Avdelinga i skulen har eigen garderobe. Den eine småbarnsavdelinga må ha stellerom i saniteten sine lokalar. Barnehagen har to lagerrom, med manglar oppbevaring til vogner. Mangel på lagerareal gjer at utstyr blir lagra rundt omkring. Til dømes blir HCWC og reinhaldsrommet brukt til lager. I reinhaldsrommet er det også varmtvannstank og koplingsskap for IT.
Personalareal	Personalavdelinga har stort sett dei funksjonane dei treng, men det manglar møterom og kopi og rekvisitalager. Personalgarderoben er for trang og organisering av rommet er vanskeleg.
Uteområde	Uteområdet tilfredsstillar krav til areal, og barnehagen kan også bruke skolens uteområde. Området kunne hatt meir variasjon i aktivitetar, men har jamt øve grei kvalitet. Det er gode turmål i området og trafikksikker tilkomst både for køyrande og gåande. Om lag halvparten av uteområdet ligg i gul støysone, dette er høve som må undersøkast nærare.

Sandeid barnehage samanlikna med standardprogrammet for barnehage



Samanlikna med standardprogrammet har Barnehagen stor prosentdel leike- og opphaldsareal. Det er ikkje trekt frå trafikkareal.

Det er for lite lagerkapasitet, og ikkje eige teknisk rom. Dette går ut øve reinhaldsrom, garderobar og leike- og opphaldsareal.

Personalavdelinga er for liten. Det er for lite areal til arbeidsplass og garderobeplass til personalet. Det at to avdelingar må dele garderobe, medan det er areal i sanitetsinngangen, er ikkje ei god løysing.

Arealsamanlikninga med standardprogrammet syner at barnehagen manglar om lag 290 m² BTA.

Saniteten sine lokale er om lag 125 m². Dette er areal som lett kan nyttast av barnehagen. Ei innvendig ombygging, og tilbygg ville gitt barnehagen den kapasiteten dei treng.



Funksjonelle utfordringar:

- Lukka struktur og avdelingar i to bygg
- Manglar lagerkapasitet
- Manglar teknisk rom
- Ein avdeling har stellerom i Saniteten sine lokale
- Manglar oppbevaring til vogner
- Manglar møterom
- For lite areal i garderobe
- For lite areal i personalgarderobe
- Det er ikkje trekt frå trafikkareal i leike- og opphaldsarealet
- Uteleikeplass i gul støysone

Om barnehagen skal oppretthalda kapasiteten, må ein ta i bruk heile bygningen på 560 m² og bygge om lag 160 m² nytt areal. Det må også byggast ein støyskjerm mot fylkesveg 514, fylkesveg 46.

3.6 Skjold barnehage



Skjold barnehage	
	Areal
Samla bruttoareal	1 831 m ²
Netto leike- og opphald	633 m ²
Lekerom	95 m ²
Fellesareal inkl. kjøkken	166 m ²
Avdelingsareal	372 m ²
Netto støtteareal	423 m ²
Stellerom	58 m ²
Toalett	36 m ²
Garderobe	174 m ²
Lager	70 m ²
Renhold	85 m ²
Vognrom	
Netto personaleareal	176 m ²
Kontor/Arbeidsrom	49 m ²
Personalrom	30 m ²
Møterom	26 m ²
Pers. toalett	38 m ²


Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år – 3-5 år -
Tilsette	
Leikeareal inne	633
Leikeareal ute	

Skjold barnehage vart påbygd i 2019, og er nå ein 8-avdelingsbarnehage som ligg i Vikanesvegen rett syd for Skjold skule og Skjold arena. Barnehagen er godkjent for med 633 m² leike- og opphaldsareal, noko som gir ei kapasitet på 158 barnehageplassar. Ei av avdelingane er for tida ikkje i drift. Barnehagebygget har tre bygningsdelar, med to avdelingsfløyer og personalavdelinga i midten. Det er arbeidsrom for personalet knytt til dei to avdelingsfløyene. Barnehagen har ein lukka struktur, som kan gjere det vanskeleg å samarbeid på tvers av avdelingane. Det er lite transparente løysingar mellom rom og avdelingar, og mangel på utsyn frå avdelingsrom som vende inn mot korridor.

Bygget har eit stort bruttoareal, og ei relativt grei fordeling av areal i ulike funksjonar. Planløysing og samankopling mellom ulike byggetrinn lite arealeffektiv. Barnehagen har etter godkjenningstal ledig om lag 230 m² leike- og opphaldsareal. Dette er om lag 58 ledige plassar.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
Leike og opphaldsareal	<p>Kvar avdeling har eit hovudrom og tilgang til eit eller fleire grupperom. Det er eit fellesrom med kjøkken. Avdelingane Solsikke, Kvitveis, Askeladden og Gullhår har ein korridor mellom avdeling og uteområde. De romma som ligg ut mot korridoren har ikkje direkte dagslys og manglande utsyn. Grupperom tilknytt Kvitveis, har ikkje tilgang frå avdelingsrommet. Nokre av grupperomma er også innvendige rom, og har ikkje dagslys og utsyn. Eit av romma som brukast til Spesialpedagogikk, har heller ikkje glas for innsyn. Enkelte stader er det ikkje mogleg å opne vindauga.</p>
Støtteareal	<p>Barnehagen har desentraliserte funksjoner som garderobe, stellerom, toalett og på alle avdelingar. Stellerom/bad har ikkje hev-senk stellebord. Det er heller ikkje glas for innsyn i alle toalett. Fingarderobane er ikkje rekna med i leke- og opphaldsarealet.</p>
Personalareal	<p>Barnehagen har to personalsonar, ei i den nybygde delen, og ei i småbarnsfløyen. Alle naudsynte funksjonar er ivareteke, men om barnehagen hadde vore full, ville det ha vore knapt med garderobeplass og kontorarbeidsplassar. Det er ikkje ideelt at personalfunksjonane ikkje er samlokalisert. I ein så stor bygning, men to personalområde, kan kommunikasjon bli ei utfordring.</p>
Uteområde og nærmiljø	<p>Tilkomstvegen går fordi Skjold skule, og har fortau og gatelys. Barnehagen har parkeringsplass kor foreldre kan parkere medan dei følgjer og hentar barna. Det kan vera mykje bilar ute på parkeringsplassen i hente/ bringe tida, og noko uoversiktleg trafikkbilete.</p> <p>Uteområde er delt inn i småbarn og storbarn sone. Området for dei stor barna er variert og fint, men noko vindutsett. Barnehagen brukar nærmiljøet aktivt. Det er godt utval i turområde både nær sjø, skog og mark.</p>

Skjold barnehage samanlikna med standardprogrammet for barnehage



Rom og funksjonar er stort sett på plass. Det er ein relativ god fordeling av areal jamfør standardprogrammet. Barnehagen har likevel nokre funksjonelle utfordringar, som gjer det vanskeleg å samarbeide på tvers av avdelingar. Om barnehagen hadde nytta heile sitt areal ville det vore lite plass i personalfunksjonane. Det er generell god bygningsstandard.

Funksjonelle utfordringar:

- Vurdert lite dagslys og utsyn i einstilte rom for varig opphald
- Ikkje overbygd plass til vogner
- Toalett og leikerom utan innsyn
- Lange avstandar mellom avdelingar og ulike funksjonar som lager, personalgarderobe og kjølerom.
- Lukka struktur/manglande transparens
- Mange desentraliserte funksjonar, lite areal-effektivt
- To personalsonar
- Ikkje hev/senk stallebord

3.7 Øvre Vats barnehage



Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år – 12
	3-5 år - 29
Tilsette	9,8
Leikeareal inne	500
Leikeareal ute	

Øvre Vats barnehage	
	Areal
Samla bruttoareal	-
Netto leike- og opphald	500 m²
Lekerom	100 m ²
Fellesareal	236 m ²
Avdelingsareal	164 m ²
Netto støtteareal	147 m²
Stellerom	9 m ²
Toalett	23 m ²
Garderobe	91 m ²
Lager	24 m ²
Netto personalareal	78 m²
Personalrom	23 m ²
Pers. garderober	12 m ²


Øvre Vats barnehage er ein 4-avdelingsbarnehage som ligg i den gamle skulen i Blikravegen nord for Landavatnet. Område rundt barnehagen er landleg. Barnehagen vart etablert i skulebygget i 2008. Romma er tilpassa ein barnehage med avdelingsstruktur. Bygget har jamt over eldre standard, og både overflater og møbler er slitte. Bygningen er lagt til rette for rullestolbrukarar, men utover dette er lokala ikkje tilstrekkeleg universelt utforma.

Bygget har eit stort bruttoareal, men det er ikkje heile bygningen som er i bruk av barnehagen. Barnhagen har godkjent 500 m² leike- og opphaldsareal, men med maksimalt 90 plassar.

Med ein maksimal kapasitet på 90 plassar, har barnehagen i dag om lag 45 ledige plassar.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
Leike- og opphaldsareal	Kvar avdeling har eit hovudrom og tilgang til eit eller fleire leikerom. Det er relativt store hovudrom, som kunne ha vore meir inndelt i sonar. Det er høgt under taket og godt med dagslys, men høg brystningshøgde på vindauga for dei minste barna hindrar utsyn. Det er ein god del slitasje på golv og vegger og ikkje golvvarme i leikearealet
Støtteareal	Barnehagen har ein garderobe i hovudingang og ein garderobe knytt til avdeling. Garderobane er i hovudsak lagt til korridoren. Toaletta ligg rett ved garderobane, og ein må krysse skitten sone, for å nå dei. Stellerom/bad har ikkje hev-senk stellebord. Det er heller ikkje innsyn i alle toalett. Fingardrobane er rekna med i leke- og opphaldsarealet, men det er ikkje trekt frå ganglinjer. Det er heller ikkje direkte dagslys inn i garderobane. Alle fire avdelingane har kjøkken. Det er nok plass til å sove inne, men barna søv ute under tak. Det er generelt god plass, men vaskerom er i minste laget. Lagring av utstyr som avfallsdunkar og korgar på golv, er eit hinder for godt og effektivt reinhald.
Personalareal	Personalavdelinga har dei rom og funksjonane dei treng. Med dagens tal på barn er det god kapasitet i personalavdelinga.
Uteområde	Barnehagen har stor parkeringsplass, og ei rundkøyning for sikker trafikkavvikling. Dei fleste barna blir køyrd til barnehagen. Uteområdet er stort og variert, og oppgradert dei siste åra. Området har er ikkje spesielt værutsatt. Barnehagen brukar nærmiljøet aktivt. Det er stort utval i turområde både til sjø og til skog og mark. Faste tur områder tilrettelagt for leik er: «Skyttergravene», Landavatnet og skogen.

Øvre Vats barnehage samanlikna med standardprogrammet for barnehage



Øvre Vats barnehage kan ikkje utan vidare jamførast med eit nytt og framtidsrette barnehageanlegg. Barnehagen har mykje areal og stort sett dei rom og funksjonar dei treng. Bygget er gammalt, og er ikkje spesielt godt egna som barnehagebygg.

Med det barnetalet barnehagen har i dag er det nok plass i alle funksjonar, med unntak av reinhaldsrom. Det er eit stort behov for vedlikehald for å oppretthalde ulike krav sett til barnehagebygg. Det vurderast at bygget er lite egna for barnehagedrift på lang sikt.

Funksjonelle utfordringar:

- Lite funksjonelt som barnehagebygg
- Avstand frå avdeling til toalett er lang
- Må krysse skitten sone for å komme til toalettet fra avdelingen
- Ikkje hev/senk stallebord
- Manglande transparens mellom avdelingar
- Slitte overflater
- Ikkje golvvarme og trekk langs golvet
- Høg brystningshøgde på vindauga – ikkje utsyn for minste barna.

På kort sikt er det naudsynt med omfattande ombygging og rehabilitering.

3.8 Vikebygd barnehage



Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år – 6
	3-5 år - 12
Tilsette	4,6
Leikeareal inne	136
Leikeareal ute	3620

Vikebygd barnehage	
	Areal
Samla bruttoareal	-
Netto Leke- og opphold	136 m ²
Allrom	-
Lekerom	83 m ²
Fellesareal	22 m ²
Avdelingsareal	30 m ²
Netto støtteareal	54 m ²
Toalett	8 m ²
Garderobe	25 m ²
Kjøkken	5 m ²
Lager	10 m ²
Renhold	6 m ²
Netto personalareal	64 m ²
Kontor	24 m ²
Personalrom	21 m ²
Pers. garderober	12 m ²
Pers. toalett	7 m ²
Arbeidsrom	-


Vikebygd barnehage er lokalisert og drifta i same eining som skulen. Barnehagen ligg i sentrum av Vikebygd om lag 34 km frå Ølen. Lokala var nye i 2008

Barnehagen har plass til 34 barn. I 2020 har barnehagen 6 småbarn og 12 store barn. Det er ein ledig kapasitet på om lag 14 plassar.

Barnehagen har dei areala og funksjonane dei treng. I tillegg har barnehagen tilgang til rom i skulen, til dømes gymsal og musikkrom.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
Leike- og opphaldsareal	Leikearealet består av eit avdelingsrom, ein fingarderobe, og fire andre rom. Det er en lukka struktur i bygget, og lite transparens mellom rom.
Støtteareal	Det er ein garderobe med tilgang til toalett i skitten sone. Inne i fingarderoben er det stellerom med to toalett. Barnehagen har to lager.
Personalareal	Barnehage og skule deler personalavdeling (sjå skuleskildring)
Uteområde	Barnehagen har eit godt uteområde med skråningar og ulendt terreng, men og flate område for leikeapparat. Eit turmål er trelavoen som er i skogen nær barnehagen. Barnehagen nyttar nærmiljøet aktivt. Det er gangavstand til butikk, idrettshall, sjøen med strender, brygge, grillhus og toalett. Det er også gardar i nærleiken der ein får komme på besøk.

Vikebygd barnehage samanlikna med standardprogrammet for barnehage



Barnehagen har dei rom og funksjonar dei treng. Ein kan ikkje utan vidare jamføre areala ein barnehage som har samdrift med ein skule og eit eige barnehageanlegg. Om vi ser bort frå personalareala, kan vi likevel sjå ein relativt stor prosentdel er godkjent som leike- og opphaldsareal og ein tilsvarende liten del er trafikkareal. Dette tyder på at trafikkareal ikkje er trekt frå i godkjenninga. Trafikkareal er lite egna som leikeareal. Så lenge barnehagen ikkje utnytte kapasiteten sin fullt ut, er ikkje dette eit stort problem.

Funksjonelle utfordringar:

- Lukka struktur, lite transparens
- Gjennomgang gjennom avdelingsrom for å nytta andre funksjonar.
- Høg prosentdel av BTA er godkjent som leike- og opphaldsareal.

3.9 Vågen barnehage




Vågen barnehage	
	Areal
Samla bruttoareal	565 m ²
Netto leike- og opphald	282 m ²
Lekerom	125 m ²
Fellesareal	47 m ²
Avdelingsareal	110 m ²
Netto støtteareal	106 m ²
Stellerom	20 m ²
Toalett	15 m ²
Garderobe	44 m ²
Kjøkken	16 m ²
Lager	6 m ²
Renhold	5 m ²
Netto personalareal	72 m ²
Kontor	12 m ²
Personalrom	16 m ²
Møterom	10 m ²
Pers. garderobe	5 m ²
Pers. toalett	29 m ²
Arbeidsrom	16 m ²

Nøkkeltal pr. 15.12.19	
Barn	1-2 år - 13
	3-5 år - 37
Tilsette	10,5
Leikeareal inne	282
Leikeareal ute	6096

Vågen barnehage ligg i byggjefeltet i Vasshagen, rett ved Vågen skule. Barnehagebygget er frå i 2009 og er i to etasjar. Barnehagen har tre avdelingar: Sjarmtroll 0-3 år, Bergtroll 3-5 år og Vågstroll 3-6 år. I første etasje ligg ei avdeling saman med personalavdelinga. I andre etasje ligg to avdelingar, felles kjøkken og puterom. Barnehagen har eit stort og variert uteområde, og ligg tett på skog og turmiljø. Barnehageanlegget er moderne og funksjonelt på dei fleste område.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
Leike- og opphaldsareal	Ein avdeling ligg i første etasje og to avdelingar ligg i andre etasje. Det er heis mellom etasjane. Alle avdelingane har av eit stort avdelingsrom med tilhøyrande grupperom. I tillegg er det eit fellesrom i kjøkkenet og eit puterom.
Støtteareal	Garderobar: dei to avdelingane oppe har felles inngangsparti og garderobe. Personalet kunne ynskje seg meir plass i garderobane. Fingarderobane er ikkje ein del av leike- og opphaldsarealet. Toalett: det er 6 toalett til barna, og tilgang både frå rein og skitten sone. Det er ikkje eit eige HCWC til barna. Personalet kunne ynskje seg ein lettare tilgang til toalett frå uteområdet. Stellerom: kvar avdeling har eige stellerom. Lager: Det er berre to nærlager på totalt 6,3 m ² . Barnehagen manglar eit større felleslager. Det er ikkje plass til å oppbevare vagnar.
Personalareal	Personalavdelinga ligg i første etasje og har eige inngangsparti. Avdeling har syrakontor, personalrom, pauserom, personalgarderobe, arbeidsrom og to toalett. Det er ikkje kopi- og rekvisitalager i personalavdelinga og det er heller ikkje personaltoalett i andre etasje. Arbeidsrommet er under utbetring. Mangel på lagerareal gjer at mykje material og utstyr må lagrast i dei ulike romma.
Uteområde	Dei fleste barna bor i nærleiken til barnehagen. Uteområdet er stort og variert, men trekkfullt på oppsida. Det er lett å komme seg ut på tur og skogen er mykje i bruk.

Vågen barnehage samanlikna med standardprogrammet for barnehage



Bygningen er generelt god som barnehageanlegg, med nokre funksjonelle utfordringar. Samanlikna med standardprogrammet er ein relativ stor del av det totale arealet godkjent som leike- og opphaldsareal. I tillegg er relativt lite av det totale arealet trafikkareal. Dette kan tyde på at ganglinjer og fast møblering ikkje er trukke frå når leike- og opphaldsareal er godkjent. Barnehagen har lite lagerkapasitet. Dette kan føre til at materiell og utstyr blir lagra i ganglinjer og i leike- og opphalda.

Funksjonelle utfordringar

- Lang veg frå uteområdet til toalett
- Ikkje personaltoalett i andre etasje
- Trong personalgarderobe
- Lite lagerkapasitet
- Ikkje HCWC til barna.
- Ikkje vognskur/ overbygd soveplass

Om barnehagen skal oppretthalda kapasiteten sin er det naudsynt med ombygging og eit tilbygg på om lag 160 m².

3.10 Hovudfunn barnehageanalyse


I dag er alle skulekrinsane dekkja med eit barnehagetilbod. Det er relativt lang avstand mellom einingane og det er tilsynelatande god kapasitet i alle barnehagar med unntak av Sandeid. I Vats ligg det to barnehagar. Her er det særleg god kapasitet, da barnetalet dei siste åra har hatt ein stor nedgang. I Øvre Vats barnehage er den godkjente kapasiteten høg.

Dei kommunale barnehagane i Vindafjord har i større eller mindre grad funksjonelle utfordringar. Dei bygga som ikkje er bygd som barnehage – Øvre Vats og Imsland har trong for utbetring på kort sikt. Dei bygga som er bygde som barnehage, har i større eller mindre grad trong for ombygging og rehabilitering for å oppretthalda og fullt nytte kapasiteten sin. Arealanalysane syner at alle bygga manglar areal i støtteareal og personalareal. Det er ein relativ høg del leike- og opphaldsareal i bygga, samanlikna med standardprogram. Det er i fleire tilfelle spørsmål om trafikkareal og fast innreiing er trekt frå når leike- og opphaldsareal vart godkjent.

Oppsummering funksjonelle utfordringar:

- Bygg som har nådd levetida si (Øvre Vats / Imsland)
- Høg prosentdel godkjent leike- og opphaldsareal av BTA i fleire bygg.
- Manglande arbeidsplassar til pedagoger i fleire bygg

- Lagerkapasitet manglar
- Møterom manglar
- Manglar kapasitet i personalgarderobar
- Manglar dagsljøs i opphaldsrom
- Trøngt i garderobar
- Manglar lagring og overbygg til vogner
- Manglar areal og funksjonalitet i reinhaldsrom og tekniske rom
- Trafikkareal er godkjent som leike- og opphaldsareal
- Slitte flater og ikkje nok oppbevaring – lagring på golv.
- Ikkje skile mellom rein og skitten sone (einskilde stader)



Tabell 5 – Samletabell for jamføring mellom standardprogram (Norconsult 2020) og dei kommunale barnehagane i Vindafjord.

4 Skuleskildringar med areal- og kapasitetsanalyse

4.1 Grunnlag for areal- og kapasitetsvurdering

4.2 Arealnorm

Arealnorma definerer kva for funksjonar ein skole bør ha, kor store areal det bør være utifrå tal på elevar og tilsette ved skolen, og i kva grad den enkelte skole tilfredsstillar denne arealnorma. Norma angir eit kvalitetsnivå for skolebygg i Vindafjord kommune. Den bør nyttast som mal for nybygg av skoler, med dei tilpassingar som er naudsynt for å ivareta lokale behov. Malen bør også nyttast når skolar skal rehabiliterast for å nå det kvalitetsnivået som er sett.

4.2.1 Føringar for areal i skoleanlegg

Det ligg ikkje føre eigne statlege arealkrav for skoleanlegg, slik som det f.eks. gjer for barnehagebygg. I IS-2073 Miljø og helse i skolen – Rettleiar til forskrift om miljø og helse i barnehagar og skoler utgitt 03/2014 er størrelsen på innearealene til grunnskolar og vidaregåande skoler presisert (<http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Sider/default.aspx>):

«Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² pr. elev. Så lenge innklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

Spesialiserte læringsareal: *Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.*

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inn klima som luft, lys og akustikk er ivare tatt (jf. § 14).»

Framlegg til rettleiande arealnorm og arealanalysane av eksisterande skoler hensyntar disse føringane.

Forslag til arealnorm Vindafjord		BARNESKOLER										KOMBINERT SKOLE		UNGDOMSSKOLER			
		1 parallell		2 parallell		3 parallell		2 parallell		3 parallell		4 parallell					
		B196	Prelev	B300	Prelev	B330	Prelev	B500	Prelev	K400	Prelev	U230	Prelev	U310	Prelev		
SKOLETYPE																	
GENERELT LÆRINGSAREAL:																	
GENERELLE LÆRINGSAREAL	Merknad	784	4,00	1 200	4,00	1 400	4,00	2 000	4,00	1 600	4,00	920	4,00	1 240	4,00		
ELEV/GARDEBERGTOALETT		157	0,80	240	0,80	280	0,80	400	0,80	296	0,74	138	0,60	186	0,60		
SFO-BASE		39	0,20	60	0,20	70	0,20	100	0,20	72	0,18						
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:		980	5,00	1 500	5,00	1 750	5,00	2 500	5,00	1 968	4,92	1068	4,60	1426	4,60		
SPEIELT LÆRINGSAREAL:																	
SKOLEKJØKKEN		85	0,43	85	0,28	85	0,24	85	0,17	110	0,28	85	0,37	85	0,27		
BIBLIOTEK		60	0,31	80	0,27	80	0,23	125	0,25	90	0,23	75	0,33	100	0,32		
NATURFAG		75	0,38	65	0,22	75	0,21	75	0,15	100	0,25	105	0,46	105	0,34		
MUSIKK		115	0,59	80	0,27	105	0,30	110	0,22	120	0,30	130	0,57	130	0,42		
KUNST OG HÅNDVERK		135	0,69	125	0,42	140	0,40	250	0,50	280	0,70	190	0,83	195	0,63		
SUM SPEIELT LÆRINGSAREAL		470	2,40	435	1,45	485	1,39	645	1,29	700	1,75	585	2,54	615	1,98		
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON																	
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)		38	0,19	51	0,17	59	0,17	64	0,13	72	0,18	59	0,26	59	0,19		
ARBEIDSPASSER LÆRERE OG FAGARBEIDERE (INKL. KOPILAGER)	inaks 100	126	0,64	180	0,60	210	0,60	300	0,60	240	0,60	145	0,63	671,6	2,17		
MØTEROM		20	0,10	40	0,13	45	0,13	50	0,10	55	0,14	40	0,17	50	0,16		
PERSONALROM		34	0,17	46	0,15	54	0,15	78	0,16	64	0,16	38	0,17	50	0,16		
PERSONALGARDEBERGTOALETT		26	0,13	35	0,12	41	0,12	59	0,12	48	0,12	28,5	0,12	37,5	0,12		
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL		244	1,24	352	1,17	409	1,17	551	1,10	479	1,20	310,5	1,35	888,1	2,80		
ANDRE FUNKSJONER:																	
KANTINE*		60	0,31	90	0,30	100	0,29	150	0,30	120	0,30	90	0,39	120	0,39		
ELEV/TJENESTER (PPT, SKOLEHELSETJENESTE, RADGIVERE, MILJØARBEIDERE)		30	0,15	30	0,10	30	0,09	50	0,10	50	0,13	65	0,28	65	0,21		
DRIFT OG LAGER*	inaks 125	70	0,36	75	0,25	85	0,24	125	0,25	100	0,25	75	0,33	100	0,32		
SUM ANDRE FUNKSJONER		160	0,82	195	0,65	215	0,61	325	0,65	270	0,68	230	1,00	285	0,92		
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal		1 854	9,46	2 482	8,27	2 859	8,17	4 021	8,04	3 417	8,54	2184	9,49	3194	10,30		
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)	1,40	2 595	13,24	3 474	11,58	4 002	11,43	5 629	11,26	4 784	11,96	3057	13,29	4472	14,42		
IDRETTSAREAL (SALGARD/BIROM)		350	1,79	350	1,17	350	1,00	700	1,40	350	0,88	350	1,52	350	1,13		
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal		2 204	11,24	2 832	9,44	3 209	9,17	4 721	9,44	3 767	9,42	2533,5	11,02	3544,105	11,43		
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :	1,40	3 085	15,74	3 964	13,21	4 482	12,83	6 609	13,22	5 274	13,18	3547	15,42	4962	16,01		

I bruttoareal inngår tekniske rom, veggkleser, gangareal m.m.m.

4.3 Metodar for areal- og kapasitetsvurdering

Vurderinga av elevkapasitet for skolane gir et anslag på kor mange elever skolen kan ha plass til, og potensialet for økt kapasitet ved ombygging/utbygging.

Det ligg ikkje føre ein fast standard for berekning av elevkapasitet ved skoler, og i vurderinga av elevkapasitet på skolane, er fleire tilnærmingar nytta. Ved å berekne skoleanlegga si kapasitet med fleire ulike metodar, kan elevkapasitet fastsetjast for skolane.

4.3.1 Kapasitet utifrå netto generelt læringsareal

Med utgangspunkt i rettleiande arealnorm for samla netto undervisningsareal, blir det vurdert kor mange elevar det er plass til dersom denne arealnorma skal oppfyllest. Inkludert i netto generelt læringsareal ligg klasse- og baseareal, grupperom, elevgarderobar med toalett og SFO. På barnetrinnet dividerast netto generelt læringsareal med 5 m² pr. elev (inkl. SFO) og 4,6 m² pr elev på ungdomstrinnet (ekskl. SFO) – som svarar til areal pr. elev i arealnorma. Dette gir ein presis berekning av elevkapasiteten utifrå en forventa kvalitetsstandard. Ofte gir den eit lågare kapasitetstal enn andre modellar.

4.3.2 Klasseromskapasitet

Klasseromskapasiteten tar utgangspunkt i klasseroms- eller basearealet ved skolen og eit minimumsareal pr elev. Dette gir ein noko grovare berekning av elevkapasiteten, og ofte eit høgare tall på elevkapasitet. Enkelte kommunar, som f.eks. Oslo, har lagt til grunn antall klasserom x 28 eller 25 elever for å berekne elevkapasitet. Dette gir eit svært grovt anslag sidan det ikkje tek omsyn til varierende storleik og ulik utforming av klasseromma. Det er grunn til å anta at dette vil gi en enno høgare berekna elevkapasitet.

Maksimal teoretisk klasseromskapasitet angir kor mange elever skolen har plass til ved 100 % utnytting av kvart klasserom. Det er viktig å peike på at ei slik kapasitetsutnytting er teoretisk og vil sjeldan samsvare med faktisk elevtalsfordeling. **I de fleste tilfelle vil skolen være fullt utnytta kapasitetsmessig når elevtalet ligg på omkring 90 % av maksimal teoretisk kapasitet** – men dette er avhengig av variasjon i elevtal på dei ein-skilde årsstega, skolestorleik, utforming av læringsareala, omsyn til pedagogisk forsvarleg gruppestorleik og kapasiteten til byggets tekniske anlegg. I ein-skilde tilfelle kan skoleanlegg ha eit elevtal som er større enn vurdert maksimal teoretisk elevkapasitet – og drivast med overkapasitet – ved å nytte spesialrom, auditorium, mv. til generelle læringsareal.

I vurderinga av maksimal teoretisk elevkapasitet i klasseromma blir det nytta ein av tre berekningar (med utgangspunkt i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler).

- **Primære undervisningsrom utan tilleggsareal**
For kvar elev skal det være 2,5 m² og i tillegg kommer 4 m² pr. lærer.
- **Primære undervisningsrom med noko tilleggsareal som grupperom, delingsrom etc.**
For kvar elev skal det være 2,25 m² og i tillegg kommer 4 m² pr. lærer.
- **Primære undervisningsrom med rikeleg tilleggsareal som grupperom, delingsrom, fellesareal etc.**
For kvar elev skal det være 2,0 m² og i tillegg kommer 4 m² pr. lærer.

4.3.3 Spesialromskapasitet

Vurdering av antall spesialrom og areal. Dersom skolen har få/små spesialrom eller at spesialrom blir brukt til generelle læringsareal, vil dette vere kapasitetsavgrensande.

Skolen har også behov for spesialrom til fag som naturfag, mat og helse, musikk osv. Berekninga av behovet tar utgangspunkt i gjeldande fag- og timefordeling i grunnskolen slik den er presentert frå

Utdanningsdirektoratet. Behovet er avhengig av skoledagens lengde, om det er 45-minutts eller 60-minutts undervisningsbolkar, korleis faga er fordelt på årssteg og storleiken på elevgruppene når de er i spesialromma. For å få en indikasjon på behovet for spesialrom er det gjort ei simulering, kor fag og timar er fordelt på årssteg, skoledagar med 45-minutters timer og halv elevgruppe i kvart skolekjøken.

Behov for antall enheter i barneskoler

Fag	1 parallell			2 parallell			3 parallell			4 parallell			5 parallell		
	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag
Naturfag	1	1	1	1	1	1	2	1	1	2	2	2	2	2	2
Kunst og håndverk	1	1	1	2	1	1	2	2	2	3	2	2	3	3	3
Musikk	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2	2	1	2	2	2
Mat og helse	1	1	1	1	1	1	1	1	1	2	1	1	2	2	1
Kroppøving	1	1	1	2	1	1	2	2	2	3	2	2	3	3	3
Tilvalgsfag	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1

Fag	6 parallell			7 parallell			8 parallell			9 parallell			10 parallell		
	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag	6,0 timer/dag	7,0 timer/dag	8,0 timer/dag
Naturfag	3	2	2	3	3	3	4	3	3	4	3	3	4	4	3
Kunst og håndverk	4	3	3	4	4	3	5	4	4	5	5	4	6	5	5
Musikk	2	2	2	3	2	2	3	3	2	3	3	3	4	3	3
Mat og helse	2	2	2	2	2	2	3	2	2	3	3	2	3	3	2
Kroppøving	4	3	3	4	4	3	5	4	4	5	5	4	6	5	5
Tilvalgsfag	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1

4.3.4 Berekning av kapasitet i personalareal

Lærararbeidsplassar

Det blir i utgangspunktet lagt til grunn ei norm på 6 m² pr. arbeidsplass, og det vert skildra kor mange arbeidsplassar som er avsett areal til lærararbeidsplassar pr i dag gir plass til utfrå denne norma. På skular hvor noe av arbeidsplassarealet er trukket ut i et samarbeidsrom i direkte tilknytning til arbeidsrommet, regnes dette som en del av arbeidsplassarealet. Dette gjelder i hovedsak noen av de nyere skolene.

Administrasjon og ledelse

Det legges til grunn at barneskoler har behov for følgende arbeidsplasser til adm./ledelse:

- 1 rektor
- 1 avdelingsleder/inspektør pr. parallell
- 1 SFO-leder
- 1 kontorfullmektig

Dette gir at en 1-parallell barneskole har behov for 4 kontorarbeidsplasser, en 2-parallell barneskole har behov 5 kontorplasser osv. til administrasjonen.

4.3.5 Kapasitet ut fra brutto bygningsareal

En annen måte å beregne kapasitet ut fra bruttoareal på er å ta utgangspunkt i veiledende arealnorm for samlet bruttoareal, og vurdert hvor mange elever det er plass til dersom denne arealnormen oppfylles. Det må bemerkes at nyere skoleanlegg ofte er mye mer arealeffektive, enn gamle skoleanlegg. Kapasiteten ut fra en måling basert utelukkende på bruttoarealet, blir derfor grov og med større feilmarginer enn metodene som er beskrevet ovenfor. En kapasitetsvurdering utfra skolebyggenes samlede bruttoareal tar hensyn til alle funksjonene i skolen – og har dermed et mindre søkelys på kvaliteten og størrelsen i elevarealene.

4.4 Skolens uteområde

Skolens uteområde er en viktig arena for barns lek og utfoldelse, både i og etter skoletid. Blant annet har mange skoler de senere årene tatt i bruk uteskole som pedagogisk prinsipp i undervisningen. Gjennom utformingen av uteområdet kan en stimulere barn og unge til å holde seg i aktivitet og gi dem opplevelser som forsterker lysten til å utfordre egne grenser. En suksessfaktor for dette er å tilby gode utfoldelsesmuligheter for barn i alle aldre.

Selv om det kan gjennomføres mange gode og engasjerende aktiviteter i den tradisjonelle skolegården, kan en lære noe av å se på de erfaringer som er gjort i barnehagene. Fra barnehagesektoren er det en kjent sammenheng mellom utformingen av barnehagens uteareal og barnas aktivitetsnivå, helse og positive adferd. Barnehager med et stort uteareal bestående av en variasjon i natur- og kulturvegetasjon opplever at barna oftere leker fantasileker, at de har et roligere tempo og at barna er sjeldnere i konflikter.

Det er grunn til å tro at dette også vil gjelde for barn i grunnskolen. Det er derfor viktig å inkludere utearealet i arbeidet med å forbedre et skoleanleggs kvaliteter og egnethet.

Statlige råd om utearealenes størrelser

Det er ikke egne statlige arealnormer for å fastsette størrelsen på skolens uteområde. Rapporten «Skolens utearealer – Om behovet for arealnormer og virkemidler» (Sosial- og helsedirektoratet, 2003) kommer med råd og forslag til uteområdenes størrelser. Dette er ment som en anbefaling:

- ❖ Minimumsnorm på 50 m² netto uteareal per elev.
- ❖ Minimumsareal ved små skoler (færre enn 100 elever): ca. 5 000 m²
- ❖ Minimumsareal ved middels store skoler (mellom 100 og 300 elever): Ca. over 5 000 m² - 15 000 m²
- ❖ Minimumsareal ved store skoler (fleire enn 300 elever): ca. 15 000 m². For hver elev over 300 kommer et tillegg på 25 m² pr elev.

Uteareal for en skole med 400 elever bør etter denne statlige rådgivende normen disponere ca. 17 500 m² og en skole med 600 elever bør ha 22 500 m² uteareal.

Kommunale føringer om utearealenes størrelser

Vindafjord kommune har ikke satt krav til tomtens skolestørrelse i sitt planverk.

En gjennomgående trend som blir beskrevet i denne utredningen, er at det er mange barneskoler med delvis kaotiske trafikale forhold på uteområdene. Trange veiløp, knappe parkeringsplasser og løsninger som blander myke og harde trafikanter (varelevering, av- og påstigninger, mv) er omtalt for de aktuelle skolene.

De nasjonale føringene skiller mellom eksisterende og nye skoleanlegg

For nye skoleanlegg bør de nasjonale føringene være tilfredsstillende, og arealene skal være samlet innenfor skolens uteareal. For eksisterende skoler med små arealer bør «minstenormen» tilfredsstillende innenfor 200 m fra skolebygningen. Kommunen må sørge for at aktuelle offentlige tilgjengelige arealer i skolens nærmiljø sikres gjennom arealplanleggingen, ved oppkjøp av arealer, ved leieavtaler og lignende. Kommunen må først og fremst sørge for at slike arealer avsettes i oversiktsplanleggingen som friområder eller friluftsområdet etter plan- og bygningsloven.

Kvalitet og variasjon viktigere enn størrelsen i seg selv

Det statlige arealforslaget innebærer plass til alle elevene ute samtidig. Mange skoler som har små utearealer, organiserer friminuttene/pausene slik at elevene bruker uteområdet til forskjellige tider.

Men en side er størrelsen på uteområdet, like viktig er selve utformingen av uteområdet. Uteområdet må også gjøres variert og stimulere mange målgrupper (jente-gutt-nedsatt funksjonsevne, mv) på ulike aldersnivå. Videre må uteområdet fungere i alle årstider. Dette er vel så viktige kriterier som selve størrelsen på uteområdet alene. Kvalitet og variasjon blir også framheva som viktige faktorer av Helsedirektoratet (Udir-konferanse 2017 om Fysisk læringsmiljø i Trondheim).

4.5 Dagens organisering av grunnskulen



Vindafjord kommune har i dag 9 kommunale grunnskolar. Tre kombinerte 1-10 skular og seks barneskular. Tre av barneskulane er få-delt og vert drive etter ein oppvekstsentermodell med felles leing.

Skule	Elevtall barnetrinn (GSI)	Elevtall ungdomstrinn (GSI)	Elevtall januar 2020 (GSI)
Skjold skule	176	138	314
Ølen skule	169	101	270
Vikedal skule	73	82	155
Vik skule	38		38
Bjoa skule	29		29
Vats skule	108		108
Vågen skule	91		91
Sandeid	103		103
Imsland	22		22
Sum alle skoler	809	321	1130

Den største skulen er Skjold skule med 314 elevar. Skulane ligg spreitt i kommunen. Ingen barnesteg ved skulane har eit elevtal som er over 200 elevar. Det største ungdomssteget ved dei kombinerte skulane er under 140 elevar fordelt på tre årsteg.

Ungdomsskuleverksemda med eit elevtalsgrunnlag på 321 elevar er lokalisert på tre stader.

800 elevar på barnesteget er lokalisert på ni stader i kommunen. Det er Vats, Vik, Skjold og Bjoa skular som ligg i størst avstand til naboskulane.

4.6 Skuleskyss og avstandar

Opplæringslova § 7-1 gjev elevar følgjande rettar i høve skuleskyss:

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte.

Opplæringslova § 13-4:

§ 13-4. Ansvar for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisefølgje og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.

Merknad frå Ot.prop. nr. 46 (1997/1998) til § 7-1 i opplæringslova

Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.

I reisetida skal gangtid, ventetid og reisetid frå heimen til skulen eller dør til dør målast. Det er kommunen som vurderer om skulevegen er farleg eller ikkje.

Opplæringslova har ikkje lenger øvre grenser for kva som er akseptabel reisetid – og det er opp til Vindafjord kommune å gjere desse vurderingane. Tidlegare var maksimal tilrådd reisetid – ein veg – lovregulert til 45 minutt for elevar på småtrinnet, 60 minutt for elevar på mellomsteget og 75 minutt for elevar på ungdomssteget. Denne tilrådinga er ikkje lenger styrande for kommunane, men vert framleis nytta som grenseverdier i skyssvurderingane.

Vegane i alle opptaksområda har eit lite trafikkgrunnlag og det ein låg årstdøgntrafikk (ÅDT) på vegane som elevane ferdast på.

I denne planen er det særleg elevar i Imsland, Vats, Vik og Bjoa skulekrinsar som får dei lengste reisevegane.

Eventuelle tilleggsreiser på barnesteget

- Tilleggsreisa frå Bjoa skule til Vågen skule utgjer **13 km og om lag 15 min.**
- Tilleggsreisa frå Vikebygd skule til Skjold skule utgjer **14 km og om lag 15 min**
- Tilleggsreisa frå Vats skule til Skjold skule utgjer **12 km og om lag 12 min.**
- Tilleggsreia frå Imsland skule til Vikedal skule utgjer **9 km og om lag 9 min**
- Tilleggsreisa for Sandeid til Vikedal utgjer **7 km og om lag 8 min.**

Avhengig av kor elevane bur i krinsane, er det Bjoa, Vikebygd og einskilde elevar i Imsland krins som får lengst reiseveg i dei alternative strukturmodellane.

For strukturmodellane på **ungdomssteget** er det alternativet om felles ungdomssteg i Ølen som gjev lang reiseveg for mange elevar i Vindafjord:

- Tilleggsreisa frå Imsland skule til Ølen utgjer 25 km og om lag 24 min
- Tilleggsreisa frå Vikebygd skule til Ølen utgjer 33 km og 33 min
- Tilleggsreisa frå Vats skule til Ølen utgjer 18 km og om lag 19 min

Ungdomsskuleelevar i Vikebygd får lengst reiseveg i strukturmodellen med felles ungdomssteg.

Alle strukturmodellane vert vurdert til å vere innafor akseptable reiseavstandar og akseptable i høve reisetid.

4.7 Skjold skule

4.7.1 Om skulen



Skjold skule er lokalisert på Vikanes i nærleiken til idrettsanlegg, bygdehus, barnehage og kyrkje. Skulen disponerer idrettsanlegga og nyttar bygdehuset som felles samlingsarena. Skjold skule har i løpet av inneverande skuleår vore gjennom ei omfattande rehabilitering som følgje av brannskade i bygget. Ved neste skuleår 2020/21, vil skulen ha store ombygde og moderne areal tilgjengeleg i anlegget. Ny administrasjons- og personalfly, fire klasserom, naturfagsrom, mat og helse, samt nye lærerarbeidsplassar. Skjold skule har etter ut- og ombygginga eit samla bruttoareal på xxxx i den kommunale skuledelen av anlegget. Skulen disponerer og har tilgang til gode og varierte uteareal.

Skjold skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	1 717 m ²	
Klasserom	926 m ²	14 rom
Grupperom	429 m ²	22 rom
Garderobes og toalett	210 m ²	20 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	152 m ²	2 rom
Netto spesialisert læringsareal	902 m²	
Mat og helse	72 m ²	1 rom
Musikk	70 m ²	1 rom
Naturfag	67 m ²	1 rom
Kunst og håndverk	283 m ²	6 rom
Bibliotek	411 m ²	3 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	489 m²	
Lærerarb.pl.	261 m ²	
Kontor	82 m ²	
Forkontor	-	
Møterom	38 m ²	
Personalrom	83 m ²	
Personalgarderobes/WC	5 m ²	
Kopi og arkiv	16 m ²	
Annet personalareal	4 m ²	

4.7.2 Rom og areal

Skjold skule har eit samla netto generelt læringsareal 1 717 m². Dette gir en skolekapasitet på 357 elever når vi legg 4,8 m² pr elev frå arealnorma til grunn.

Klasseromskapasitet. Det samla klasseromsarealet er målt til 926 m² og fordeler seg på 14 klasserom. Dersom vi legger til grunn 2 – 2,5 m² pr elev i klasseromma – blir kapasiteten 370-463 elevar. Skulen har tilgang til mange grupperom – og det er eit forholdstal mellom klasserom og grupperom som er større enn 1:1, noko som indikerer at det kan vere ned mot 2 m² pr elev i klasseromma – særleg i den delen av skuleanlegget som no er rehabilitert. Dei fleste klasseromma er store og ligg frå 59 m² og oppover.

Småtrinnsavdelinga har tronge garderobar og SFO har ikkje eigne areal. SFO har sambruk i fellesareal og nyttar klasseromma til 1. og 2. årssteg som base for sine aktivitetar. Dette er kapasitetsavgrensande.

Norconsult vurderer at skulen sin teoretisk maksimale kapasitet ligger på ca 400 elevar. Funktionell kapasitet vert vurdert til 350 elevar.


Men skulen kan på mellom- og ungdomssteget ha litt større klassar enn småsteget.

Spesialrom. Skjold skule disponerer alle dei spesialromma ein kombinert 1.-10. skule skal og bør ha. Idrettshallen ligger i noko avstand frå sjøleve

skulebyggingen, men vert ikkje opplevd som vanskeleg i skulekvardagen.

Personal- og administrasjon får gode tilhøve etter ombygginga. Det er lærararbeidsplassar til 43 faste lærarar i det nye anlegget. Administrasjonen får nye moderne areal sentralt i anlegget.

4.7.3 Kapasitetsvurdering



Skjold skule har med en struktur på 14 klasserom en maksimal teoretisk kapasitet rett under 400 elevar. Skulen disponerer mange grupperom og det er godt med støtteareal rundt klasseromma. Skulen er rehabilitert og framstår som eit moderne skuleanlegg.

Bygningen til deler av småsteget vert vurdert av Norconsult som noko knapt. Her er det særleg garderobane som er små i høve elevtalet. Det hadde også vore ynskjeleg med noko meir fellesareal for dei minste elevane ved skulen.

Fasilitetane til lærarane og administrasjonen vert gode etter ombygginga.

Alt i alt er det ei god kapasitetsutnyttinga av Skjold skule – og skulen vert av Norconsult til å vere den grunnskulen med «best» kapasitetsutnytting av skulane i Vindafjord.

Med 14 klasserom og mange grupperom har skulen fleksibilitet til å etablere delingsrom ved behov. Ungdomssteget kan ta imot fleire elevar, men slik inntaksområdet for ungdomssteget er organisert i dag, vil det truleg ikkje vere føremålstenleg å rekruttere frå andre skulekrinsar. Skjold skule har det største ungdomssteget inneverande skuleår med rett under 140 elevar.

Skulen vil ha trong for dei 14 klasseromma i prognoseperioden.

4.8 Sandeid skule

4.8.1 Om skulen



Sandeid skule ligg sentralt i tettstaden Sandeid. Deler av skulen vart rehabilitert i 2015. Skulen er bygd i ein L-form og har ein oversiktleg indre struktur. Skulen har tilgang til stort uteområde som er soneinndelt. Skulen er næraste nabo med Sandeid barnehage, som også har ein avdeling i skulen sitt bygg på vestsida av anlegget.

4.8.2 Rom og areal

Sandeid skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	2 529 m²	
Netto generelt læringsareal	847 m²	
Klasserom	438 m ²	7 rom
Grupperom	102 m ²	6 rom
Garderober og toalett	138 m ²	16 rom
SFO	113 m ²	3 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	55 m ²	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	558 m²	
Mat og helse	120 m ²	2 rom
Musikk	116 m ²	1 rom
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	166 m ²	3 rom
Bibliotek	156 m ²	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	245 m²	
Lærerarb.pl.	75 m ²	
Kontor	28 m ²	
Forkontor	15 m ²	
Møterom	18 m ²	
Personalrom	47 m ²	
Personalgarderober/WC	35 m ²	
Kopi og arkiv	10 m ²	
Annet personalareal	18 m ²	

Deler av Sandeid skule vart rehabilitert i 2015. Skulen er bygt i L-form. Ein mindre del av skulebygget er omgjort til ei storbarnsavdeling til Sandeid barnehage.

Arealet til den gamle tannklinikken, vert ombygd til grupperom, SFO garderober og ein tekno/lego rom.

Netto generelt læringsareal er på 847 m² og dividert på 5 m² pr elev, gjev dette ein elevkapasitet på **170 elevar**.

Klasseromskapasitet. Det er sju klasserom i skulen. Det er i denne arealgjennomgangen registrert seks grupperom (når ombygging er ferdig) - noko som tilseier nesten 1:1 forhold mellom klasserom og grupperom. Nokre av grupperomma ligg i noko avstand frå klasseromma, slik at elevar ofte må ha med seg vaksne i desse romma.

Det samla klasseromsarealet er på 438 m² – og ved å nytte 2,25 m² pr. elev som utgangspunkt for kapasiteten i klasseromma (med fråtrekk av 4 m² til lærar) gjev dette ein maksimal teoretisk kapasitet på **182 elevar**.

Klasseromma er samla i eigen fløy med 4 inngangar til elevareala. Garderobeløysingane er langs med korridorar. SFO har egne funksjonar. Fem klasserom er rundt 59 m², eitt rom er på 67 m² og det største klasserommet er på 78 m².

Skulen kan difor handtere nokre årssteg med mange elevar.

Spesialrom. Sandeid skule har alle spesialrom som dei treng. Mat og helse og Kunst og handverk ligg i den nordre delen av skulen. Mediatek og musikk ligg i midten av skulebygningen.

Personal- og administrasjon består av rehabiliterte rom og funksjoner lokalisert midt i skulebygget. Disse framstår som lyse og funksjonelle. Arealet til lærararbeidsplassane er på 75 m² og gir areal til 13 pedagogar.


4.8.3 Kapasitets- og funksjonsvurdering

Skulen manglar felles samlingsrom utover gymsalen – som ligg i noko avstand frå skulebygget. Mediateket og deler av amfiet til skulen er også gang- og transportareal. Desse vert utnytta fleksibelt ved at dei innehar andre funksjonar. Det er noko lydgjennomgang i delar av bygget. Når den gamle tannklinikken vert ombygt til skuleformål, vil skulen ha tilgang til meir variert lærings- og aktivitetsareal.

Sandeid skule er ein tradisjonell klasseromskule med ein klasse pr. årssteg. Med rundt 100 elevar, vil det vere godt med ledig kapasitet på alle årssteg.

Personal- og administrasjonsareala er moderne og funksjonelle for skulen.

Utifrå kapasitetsmessige omsyn, har ikkje skulen behov for dei omdisponerte areala som barnehagen nyttar i skuleanlegget.



4.9 Vikedal skule

4.9.1 Om skulen



Vikedal skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule. Skulen ligg godt plassert på eit høgdedrag over bygda. Skulen består av fire frittstående bygningar. Administrasjon og personalfunksjonar ligg sentralt i anlegget – slik at avstandane mellom funksjonane og til elevareala vert opplevd som korte.

4.9.2 Rom og areal

Vikedal skule har eit samla netto generelt læringsareal på 929 m². Når vi dividerer på 4,8 m² pr elev – gjev dette ein elevkapasitet på 193 elevar.

Klasseromskapasitet. Skulen har 11 klasserom med eit samla klasseromsareal på 637 m². Det er ikkje 1:1 forhold mellom grupperom og klasserom – og det er heller ikkje eigen SFO funksjon med eigne areal i skuleanlegget. Her er det sambruk av klasserom og fellesareal/spesialrom. Dette indikerer at det bør vere eit klasseromsareal som vert mellom 2,25 – 2,5 m² pr elev i klasseromma eller om lag **240-260** elevar (med fråtrekk for 4 m² til lærar pr rom). Dette er den vurderte teoretiske maksimale kapasiteten i anlegget.

Skulen har desentraliserte inngangar og garderober, slik at elevane vert fordelt fint i anlegget. Dette reduserer uønskte hendingar gjennom skulekvardagen.


Spesialromskapasitet. Skulen disponerer dei romma som trengst til ein kombinert skule av denne storleiken.

Det målt 72 m² til lærararbeidsplassar. Dette er eit areal som gjev plass til 12 pedagogar.

Administrasjonsfløya ligg sentralt til i bygget – med nærleik til inngangsparti og personalfunksjonar.

Vikedal skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	929 m²	
Klasserom	637 m ²	11 rom
Grupperom	150 m ²	7 rom
Garderober og toalett	141 m ²	19 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	548 m²	
Mat og helse	85 m ²	3 rom
Musikk	56 m ²	2 rom
Naturfag	87 m ²	2 rom
Kunst og håndverk	208 m ²	6 rom
Bibliotek	114 m ²	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	238 m²	
Lærerarb.pl.	72 m ²	
Kontor	45 m ²	
Forkontor	15 m ²	
Møterom	35 m ²	
Personalrom	50 m ²	
Personalgarderober/WC	21 m ²	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

4.9.3 Kapasitetsvurdering



Vikedal skule har ein vurdert maksimal teoretisk kapasitet på nær 300 elevar fordelt i 11 klasserom. Skuleanlegget er inndelt i fleire frittstående bygg som er med på å skape noko avstand mellom funksjonar.

Det er god kapasitet i skuleanlegget. Særleg gjeld dette for barnesteget.

4.10 Vågen skule

Vågen skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	2 305 m²	
Netto generelt læringsareal	557 m²	
Klasserom	442 m ²	7 rom
Grupperom	62 m ²	3 rom
Garderobes og toalett	53 m ²	9 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	314 m²	
Mat og helse	85 m ²	3 rom
Musikk	39 m ²	1 rom
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	95 m ²	1 rom
Bibliotek	95 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	156 m²	
Lærararb.pl.	61 m ²	
Kontor	18 m ²	
Forkontor	12 m ²	
Møterom	23 m ²	
Personalrom	-	
Personalgarderobes/WC	33 m ²	
Kopi og arkiv	10 m ²	
Annet personalareal	-	

Vågen skule stod ferdig bygd i 1997 – og er kommunen sitt nyaste skuleanlegg. Bygget er eit kombinert skule- og bygdehus med sambruk på ein-skilde fellesfunksjonar. Skulen er få-delt inneverande skuleår 2019/20, men får truleg sju klassar neste år.

Vågen skule har gode uteareal med varierte tilbod. Skulen har ei lesbar utforming med ei oversiktleg inndeling av funksjonane i bygget. Skuleanlegget har desentraliserte elevinnangar som sikrar god flyt av elevane inn / ut av anlegget. Vågen skule er ein klasseromskule med sju klasserom. Det er ikkje eige SFO-rom, slik at 1. klasserommet (stort rom på 83 m²) vert nytta til både føremåla. Sambruk kan vere krevjande, særleg når det er 25 elevar i SFO-ordninga.

Vågen skule har eit samla netto generelt læringsareal **557 m²**. Dette gjev ein elevkapasitet på **112 elevar** om ein legg til grunn 5 m² pr. elev.

Klasseromskapasitet. Det er sju klasserom i skulen med eit samla klasseromsareal på 442 m². Det er ikkje 1:1 forhold mellom grupperom og klasserom – og 3 grupperom vert vurdert som knapt og er kapasitetsavgrensande. I år med mykje spesialundervisning vil brorparten av grupperomma vere nytta til dette føremålet. God tilgang til spesialrom kan gje fleksibilitet i høve manglande spesialrom.

Garderobane er langs korridor / gang og er


små. I delar av bygget er det lydgjennomgang mellom rom.

Kapasiteten i klasseromma vert vurdert utifrå ein norm på 2,25 m² elev (samt fråtrekk av 4 m² til lærar pr. klasserom – 28 m²), gjev ein klasseromskapasitet på **184 elevar**. Seks klasserom er 59,6 m², mens klasserommet til 1. klasse er på 83 m² (sambruk SFO). Vågen skule klarer 25 elevar i alle klasserom – noko som gjev maksimal teoretisk skolekapasitet på **175 elevar**.

Spesialrom. Skulen disponerer alle naudsynte spesialromfunksjonar. Gymsalen (Bygdahuset) vert og nytta som felles samlingsrom for skulen. Kjøkkenet i Bygdahuset har sambruk som Mat og helse-rom. Kunst og handverksavdelinga er eit stort fleksibelt rom som er inndelt i sone for grovverkstad og finverkstad. Mediateket ligg sentralt i bygget – mellom små- og mellomsteget – og vert nytta av alle klassane. Musikkrommet vert nytta av Kulturskulen tre dagar i veka.

Personal- og administrasjon. Denne funksjonen ligg i ei eiga fløy og har alle dei funksjonane som ein barneskule av denne storleiken trenger. Lærararbeidsplassane tilseier areal til 10 pedagogar / årsverk. Eit møterom vert nytta i sambruk med bygdahuset og helsesjukepleier. Kontor og personalrom har vindauge ut mot framsida av skulen og store deler av uteareala til elevane på mellomsteget.

4.10.1 Kapasitets- og funksjonsvurdering



Med ein klasseromstruktur med 7 klasserom er det vurdert ein maksimal teoretisk kapasitet i Vågen skule på rundt 180 elevar. Dette gjev maksimalt 25-26 elevar i klasseromma.

Skulen disponerer ikkje eige SFO areal. Dette skjer i sambruk med klasseromma til dei minste elevane.

Det er god kapasitet ved Vågen skule innover heile prognoseperioden.

Skuleanlegget har eit godt tilrettelagd uteområde og framstår som eit heilskapleg anlegg med gode kvalitetar for elevar og tilsette. Bygningen er oversiktleg og lesbar.

4.11 Ølen skule

Ølen skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	4 462 m²	
Netto generelt læringsareal	1 492 m²	
Klasserom	978 m ²	17 rom
Grupperom	267 m ²	15 rom
Garderober og toalett	30 m ²	5 rom
SFO	100 m ²	1 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	118 m ²	3 rom
Netto spesialisert læringsareal	884 m²	
Mat og helse	100 m ²	2 rom
Musikk	163 m ²	3 rom
Naturfag	102 m ²	2 rom
Kunst og håndverk	263 m ²	6 rom
Bibliotek	257 m ²	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	473 m²	
Lærararb.pl.	171 m ²	
Kontor	77 m ²	
Forkontor	29 m ²	
Møterom	65 m ²	
Personalrom	77 m ²	
Personalgarderober/WC	20 m ²	
Kopi og arkiv	17 m ²	
Annet personalareal	17 m ²	

Ølen skule er bygt i ein U-form over tre etasjar. Skulen har sidan opninga i 1963 hatt fire større ombyggingar og tilbygg. Inneverande skuleår 2019/20 vert det realisert eit femte byggjesteget - nytt tilbygg til lærararbeidsplassar og støttefunksjonar rundt desse.

Småsteget 1-4 trinn er lokalisert i egen fløy. Mellomsteget 5-7 trinn ligger i «hovudbygget» i første etasje. Ungdomssteget disponerer 2 etasje i «hovudbygget».

Ølen skule er ein tradisjonell klasseromskole med klasse- og grupperom langs korridorar.

Skulen sine spesialrom ligg i kjellaretasjen.

Ølen skule har eit samla netto generelt læringsareal på **1 492 m² NTA**. Dette tilseier ein kapasitet i dei generelle læringsareala med utgangspunkt i arealnorma på 5 m² pr. elev – ein elevkapasitet på **298 elevar**.

Klasseromskapasitet. Når klasseromsarealet til velkomstklassane er heldt utanom, disponerer skulen 17 klasserom over eit samla klasseromsareal på **978 m²**. Etter ombygginga vil grupperomkapasiteten auke, og det er grunnlag for å vurdere kapasitet i klasseromma utifrå ein norm på 2,0 eller 2,25 m² pr elev (samt fråtrekk av 4 m² til lærar) – noko som gjev ein klasseromskapasitet på om lag **400 – 450 elevar**. Eitt av klasseromma er på 28 m² og kunne vore kategorisert som grupperom.

Rommet vert i dag nytta som delingsrom og inngår difor i klasseromskapasiteten over. Elevgarderobane er små og mange ligg i korridorane. Dette er kapasitetsavgrensande.

SFO har eigen funksjon og det er sambruk med klasseromma til 1. og 2. årssteg. Biblioteket vert og nytta som leike- og aktivitetsareal i SFO. Det eine leikerommet i SFO kan og nyttast som grupperom, då er det 16 grupperom i skulen.

Skulen har ikkje felles samlingsrom og heller ingen kantine i anlegget. Gymsalen er for liten til å kunne samle heile skulen. Dette er ein funksjon som burde vore i skulen. Ungdomssteget er dimensjonert som ein to-parallell skule med to klasserom pr årssteg.

Skulen har mange desentraliserte inngangar som fordelar elevane greitt i skuleanlegget. Litt små og tronge garderobar kan skape utfordringar i høve før og etter friminutt.


Spesialrom. Skulen har tilgang på alle spesialrom som er naudsynt i høve oppfølging av planverket. Alle spesialromma, utanom Biblioteket / Mediateket ligg i kjellaretasjen. Deler av desse funksjonane burde i større grad ha vore knytt saman via korridorar og transportareal. No er det litt «kronglete» tilkomst via 1. etasje til desse funksjonane. Skal ungdomssteget til Musikkavdelinga må ein ut av bygningen, inn ved småsteget og ned ei trapp. Slik er tilgangen til mange av spesialromma – og vert opplevd som «tungvindt».

Kunst og handverksavdelinga, Mat og helse og musikkavdelinga framstår som «gamle» og burde hatt ei oppgradering. Funksjonane er store i areal og det er eit godt utgangspunkt for ombygging og oppgradering av delar av denne etasjen.

Administrasjon og personalfunksjonar. Desse funksjonane inkluderer nytt tilbygg. Administrasjonen er lokalisert sentralt i bygget, nær hovudingang og personalrommet. Administrasjonen består av tre kontor og eitt forkontor. Det er to personaltoalett i administrasjonsfløya. Også denne delen av bygningen framstår med lav bygningsmessig standard (bla. dolukt kommer inn på kontor).

Tilbygget gjev at skulen får 171 m² til lærararbeidsplassar, eller plass til 29 personar samstundes. I tilbygget er det to stillerom, to kontor og tre gode møterom. Det er eigen personalinngang til desse funksjonane. I kjellaren (ned trappa) er det og dusj og tilgang til garderobefasilitetar (sykle til jobben, mv).

4.11.1 Kapasitet- og funksjonsvurdering



Ølen skule har ein vurdert maksimal teoretisk skulekapasitet på 400 elevar fordelt i 17 klasserom med 23-24 elevar i gjennomsnitt i romma. Barnesteget har små garderobar, arealknapp SFO og lite tilgjengelege fellesareal som er kapasitetsavgrensande. Tilgangen til spesialrom er god.

Etter ombygginga har lærarane fått gode tilhøve i sine lærararbeidsplassar. Administrasjonsareala har trong for utbetring.

4.12 Vats skule

Vats skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	2 494 m²	
Netto generelt læringsareal	977 m²	
Klasserom	465 m ²	7 rom
Grupperom	104 m ²	6 rom
Garderober og toalett	198 m ²	23 rom
SFO	210 m ²	3 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	308 m²	
Mat og helse	103 m ²	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	74 m ²	1 rom
Bibliotek	111 m ²	1 rom
Andre spesialareal	21 m ²	1 rom
Nettoareal personalavdeling	192 m²	
Lærerarb.pl.	73 m ²	
Kontor	54 m ²	
Forkontor	-	
Møterom	-	
Personalrom	45 m ²	
Personalgarderober/WC	17 m ²	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	3 m ²	

Netto generelt læringsareal. Skulen har eit samla netto generelt læringsareal på **977 m²**. Ved å dividere på 5 m² pr elev – gir dette ein elevkapasitet på 195 elevar.

Klasseromskapasitet. Vats skule er ein tradisjonell klasseomsskole organisert med klasserom langs med korridorar. Det er 7 klasserom i skulen med eit samla areal på 465 m². Seks av romma ligg mellom 60,6 m² – 87 m². Eitt klasserom er på 56 m².

Det er tilgang til 6 grupperom, slik at det er nesten 1:1 forhold mellom klasserom og grupperom (Møterom i personalavdeling er definert som grupperom).


SFO har tilgang til eigen stor base. Her er deler av romma lite funksjonelle.

Dette indikerer at klasseromma har tilgang til støtteareal og ein kan legge til grunn 2 - 2,25 m² pr elev i klasseromma (med fråtrekk for 4 m² til lærar). Dette gjev ein **kapasitet 194 – 218 elevar**.

Spesialrom. Skulen har tilgang til alle spesialrom i anlegget. Det er ikkje eige rom til Musikk. Gymsal vert nytta som samlingsareal,

Personal- og administrasjon. Personal- og administrasjonsfløya ligger sentralt i anlegget. Lærararbeidsplassane er på 73 m² og gjev kontor plass til 12 pedagogar.

4.12.1 Kapasitets- og funksjonsvurdering



Den maksimale teoretiske kapasiteten ved Vats skule er sett til 196 elevar. Det er nesten 1:1 forhold mellom grupperom og klasserom. Vats skule har ein god indre struktur i høve plassering av dei ulike funksjonane. Personal- og administrasjon ligger sentralt i anlegget. SFO disponerer egen base i nærleiken til gymsal og andre spesialrom. Det er desentraliserte inngangar til skulen.

Skulen vert ikkje utfordra på kapasitet i prognoseperioden.

4.13 Bjoa skule

Bjoa skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	2 259 m²	
Netto generelt læringsareal	233 m²	
Klasserom	173 m ²	3 rom
Grupperom	34 m ²	2 rom
Garderobes og toalett	27 m ²	3 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	186 m²	
Mat og helse	60 m ²	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	101 m ²	2 rom
Bibliotek	25 m ²	2 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	131 m²	
Lærararb.pl.	68 m ²	
Kontor	23 m ²	
Forkontor	8 m ²	
Møterom	-	
Personalrom	30 m ²	
Personalgarderobes/WC	2 m ²	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

Skulen vart bygt i 1963 og hovudbygget nærmar seg 60 år. I Bygdahuset er det etablert spesialromfunksjonar og gymnastikksal. Skulen er få-delt med 3 klassar inneverande skuleår 2019/20. Neste skuleår får skulen truleg to klassar grunna elevtalsnedgang.

Skulen har eit netto generelt læringsareal på **233 m²** – noko som tilseier ein elevkapasitet på **47 elevar** – slik skulen disponerer areala i skuleåret 2019/20.

Klasseromskapasitet. I denne utrekinga er det teke utgangspunkt i 3 klasserom ved at to rom vert kategorisert til Kunst og handverk. Dette er rom som tidlegare har vore klasserom.

Det samla klasseromsarealet er 173 m² over tre rom. Det er valt å nytte 2,0 m² pr. elev i klasseromsarealet (med fråtrekk av 4 m² pr. lærar) gjev dette ein elevkapasitet på **80 elevar** i tre klasserom.

Det er tre elevgarderobar som vert små om skulen får eit elevtal over 50 elevar.


SFO har sambruk i 1. og 2 klasserommet.

Det er desentraliserte inngangar i skuledelen. Uteområda er varierte og gode. Skulen har tilgang til lavvo, gapahuk og naturområde. Elevtoaletta i hovudbygget er stengt og elevane må nytte fasilitetane i Bygdahuset.

Spesialrom. Mat og helse vert gjennomført i Bygdahuset. Her ligg gymsalen som og vert nytta som felles samlingsrom. SFO nyttar Bygdahuset mykje i sine tilbod.

Administrasjon og personalfunksjonar. Desse funksjonane ligg samla attmed hovudinngang. Her er forkontor, kontor, personalrom med eitt lite personaltoalett. Helsesjukepleier nyttar Biblioteket til sine gjeremål.

4.13.1 Kapasitet- og funksjonsvurdering



Kapasiteten i Bjoa skule tek utgangspunkt i tre klasserom – og den maksimale teoretiske kapasiteten er sett til 80 elevar med om lag 26 elevar i kvar klasse.

Skulen vert ikkje utfordra på kapasitet og det er god plass i skuleanlegget.

4.14 Vik skule

Vik skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	323 m2	
Klasserom	206 m2	4 rom
Grupperom	47 m2	3 rom
Garderobes og toalett	70 m2	8 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	159 m2	
Mat og helse	48 m2	1 rom
Musikk	68 m2	1 rom
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	-	-
Bibliotek	43 m2	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	109 m2	
Lærararb.pl.	40 m2	
Kontor	10 m2	
Forkontor	9 m2	
Møterom	10 m2	
Personalrom	21 m2	
Personalgarderobes/WC	20 m2	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

Skuleverksemda er held til i tre mindre bygg. I hovudbygget er det tre klasserom med grupperom og Bibliotek. 1. og 2. klasse held til i bygg 2 (administrasjon og barnehage) kor det er klasserom og SFO med ein kombinert Mat og helsefunksjon. Dette rommet vert og nytta som grupperom / spesialpedagogiske tiltak.

Musikk / kunst og handverk / naturfag vert utført i det tredje bygget. Dette bygget fungerer som samlingsrom for skulen. I tillegg nyttar elevane idrettshallen til kroppsøving.

Netto generelt læringsareal.


Skulefunksjonen har eit samla netto generelt læringsareal på **323 m2** – noko som tilseier ein elevkapasitet på 65 elevar – når ein legg til grunn 5 m2 pr. elev.

Klasseromskapasitet. Det er fire klasserom med eit klasseromsareal på 206 m2. Det er tre grupperom i anlegget, men spesialromma kan nyttast til grupperomaktivitetar, slik at skulen samla sett disponerer godt med eigna areal. Ved å dividere det samla klasseromsarealet (med fråtrekk for 4 m2 til lærar) på 2,25 pr. elev – tilseier dette ein maksimal teoretisk klasseromskapasitet på **85 elevar**. Ved å nytte 2,0 m2 pr. elev ville dette gje ein maksimal elevkapasitet på 95 elevar. I ei slik vurdering ville elevgarderobane vere i knappaste laget.

Spesialrom. Med få klassar og få elevar, vil sambruksrom til musikk, kunst og handverk og naturfag fungere fint. Skulen har og eigen kombinert funksjon mellom SFO og Mat / helse. Dette rommet kan og nyttast som delingsrom om det er trong for fleire klasserom.

Administrasjon og personalrom. Skulen har gode fasilitetar til kontorbehova. Administrasjonen ligg i samband med resten av personalfunksjonane og er samstundes tilknytt barnehagen. Arbeidsromma til pedagogane har ein storleik på 40 m2 – noko som tilseier om lag 7 personar.

4.14.1 Kapasitet- og funksjonsvurdering



Med fire klasserom på om lag 50 m² er den maksimale teoretiske kapasiteten sett til 85 elevar. Vik skule er eit funksjonelt skuleanlegg. Heile anlegget med barnehage består av tre frittstående bygningar.

4.15 Imsland skule

Imsland skule		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	239 m2	
Klasserom	140 m2	3 rom
Grupperom	20 m2	1 rom
Garderober og toalett	39 m2	5 rom
SFO	40 m2	1 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	101 m2	
Mat og helse	-	-
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	78 m2	1 rom
Bibliotek	23 m2	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Nettoareal personalavdeling	61 m2	
Lærerarb.pl.	26 m2	
Kontor	13 m2	
Forkontor	-	
Møterom	-	
Personalrom	17 m2	
Personalgarderober/WC	5 m2	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

Imsland skule består av eit hovudbygg over to etasjar. Barnehagen i fyrste etasje og skuledelen med administrasjon i andre etasje. Skuleanlegget ligg fint i området med tilgang til eit variert uteområde.

Skuledelen har ein hovudstruktur med 3 klasserom på eit samla areal over 140 m2. Skulen har tilgang til eitt grupperom, men få elevar i klassane gjer at det er gode høve for å nytte klasseromma til varierte læringsaktivitetar.

Skulen disponerer **eit netto generelt læringsareal** på **239 m2**. Når ein legg til grunn 5 m2 pr elev – tilseier dette ein kapasitet på 48 elevar.


Klasseromskapasitet. Dei tre klasseromma er under 50 m2. Ved å dividere på 2,25 m2 pr elev i klasseromma (med fråtrekk for 4 m2 for lærar), gjev dette ein kapasitet på **57 elevar**.

Spesialrom. Skulen har tilgang til kløkken i barnehageavdelinga – og dette kan nyttast av skulen ved høve.

Elles vert det vurdert at skulen disponerer dei spesialromma dei treng til si verksemd.

Personal- og administrasjon. Det er kontor til rektor/styrar, kopirom og personalrom i administrasjonsdelen av anlegget. Arealet til lærararbeidsplassar er på 26 m2 – og gjev plass til fire pedagogar.

4.15.1 Kapasitets- og funksjonsvurdering



Den maksimale teoretiske kapasiteten i Imsland skule er sett til 60 elevar fordelt i tre klasserom. Med et elevtallsgrunnlag mellom 25-30 elevar vil det vere god kapasitet i skuledelen av anlegget.

Tre klasserom vil vere nok til å drifte skulen som ein få-delt skule i perioden.

Bygningen er gammal og har ein enkel standard. Skuledelen av anlegget er oversiktleg og funksjonelt til det elevtalet som den skal betene.

4.16 Kulturskulen



Vindafjord kulturskule har «hovudkontoret» i Kultur- og læringscenteret «Sjøperlo» sentralt i Ølen. Kulturskulen gjev tilbod om musikk- og kulturaktivitetar både desentralisert ute i bygdene/skulane og i «Sjøperlo». Dei er samlokaliserte med andre kulturorganisasjonar.

Kulturskulen gjev eit desentralisert tilbod i seks bygder.

I Sandeid vert det og gjeve tilbod om keramikk og andre aktivitetar.

I kultur- og læringscenteret disponerer Kulturskulen:

- kontor til tilsette – felles
- 4 små øvingsrom
- 2 bandrom
- 1 kunst / handverksrom
- Dansesal

Kulturskulen er i dialog med skulane for å få til eit tettare samarbeid i dei praktisk estiske faga. Her er det høve for å dele på kompetanse, auke stillingsprosent, mv. Eit slikt samarbeid vert og styrt av timeplanlegginga ved skulane og rammene i fag- og timefordelinga for årssteget.

Kulturskulen er mykje på farten og er spreitt rundt i bygdene. Det kan vere ei utfordrande arbeidssituasjon. Det er eit mål at arbeidsopplegga rundt den desentraliserte verksemda – at ein prøver å legge undervisninga for fleire kulturskulelærarar på same stad samstundes.

Kulturskulen gjev undervisningstilbod innan:

- Visuelle kunstoffag
 - Teikning – form - farge
- Dans
- Instrumental / vokalopplæring
- Orkester / samspel / band / song / songgruppe

Etter at kommunen har valt strukturmodell og det skal vurderast eventuelle utbyggingstiltak, bør sambruksløyisingar med Kulturskulen drøftast i tidleg-fase av prosjekta.



5 Kvifor endre / ikkje endre lokaliseringane av barnehagane og skulane?

Kva for skule- og barnehagestruktur gjev dei mest optimale løysingane for framtida? Kva er best for barna og elevane? Kva gjev størst utteljing i organisatorisk og pedagogiske kvalitet? Kva gjev mest økonomisk berekraft? Kva er lang reiseveg – og farleg veg? Kva er lite og sårbare fag- og elevmiljø? Vert det fråflytting om skule- og barnehagestilboda vert flytta til naboskulen? Vindafjord ynskjer levande bygdar og distriktsmiljø – inneberer dette at kommunen må drifte grunnskuletilbod til mellom 10-30 elevar i bygdene? Er det dei store skulane som skal «finansiere» dei små? Synlege kommunale oppveksttenester i bygdene er avgjerande for busetnad – dette må kommunen ta seg råd til, eller?

Dette kapittelet gjev ikkje fasitsvar på desse spørsmåla – fordi det handlar like mykje om kva for moment den einkilde legg vekt på og kva for argument som veger tyngst. Difor vil lokale skule- og barnehagestrukturdebattar handle om personleg ståstad og kva for motiv som er viktige for den einkilde.

Truleg er skulen meir sentral og viktig for innbyggjarane i bygdene - der representerer og symboliserer skulane og barnehagane på mange måtar dei siste synlege restane av tenestetilboda frå storsamfunnet.

Om det er skulen eller arbeidsplassutviklinga som skal syta for tilflytting og utvikling av bygdene, er eit mykje drøfta tema. Det er det er arbeid, der kjem folk - der det er folk, der er det grunnlag for offentlege tenester er litt forenkla forklart utgangspunktet for offentlege og private tenesteetableringar.

Det store politiske spørsmålet i samband med denne utgreiinga, er kva for verdiar er det som definerer grunnlaget for vidare skule- og barnehagedrift. Til slutt vert dette ei politisk prioritering og avveging av fordelar og ulemper.

Val av barnehage- og skulestruktur ligg innafør kommunestyret sine rammer.

Norconsult har inndelt dei momenta som særleg styrer det offentlege ordsiftet om barnehage- og skulestruktur i seks fokusområde slik (med aktuelle spørsmål i kvar kategori):

1. Pedagogiske faktorar og organisatoriske perspektiv (også i vedlegg)

- Korleis sikre ein struktur som gjev store nok fag- og elevmiljø?
- Kor tid er ein barnehage/skule liten og når er ein skule for stor?
- Kva seier det pedagogiske fagmiljøet om større barnehagar/skular og færre barneskular?
- Er kvalitet i skulen det same som få elevar i klassen?
- Er det enklare å rekruttere flinke lærarar til større skular?
- Korleis påverkar skule- og barnehagestorleiken fag- og elevmiljøet?
- Er det større og meir fleksibilitet i ein stor barnehage/skule – og er dei store barnehagane/skulane mindre sårbare for endringar i personalsamansetninga, sjukdom, mm?

2. Behovs- og kapasitetsperspektiv

- Kva er behova for skule- og barnehageplassar?
- Kva har kommunen av barnehage- og skuleplassar i dag – og kor kjem dei største behova?
- Kva skular og barnehagar vil eventuelt ha trong for utbygging?
- Kva utslag vil eventuelle samanslåingar av skular ha å seie for elevtalssituasjonen?

2. Økonomisk fokus

- Kva er dei største kostnadsdrivarane ?

- Kva for konsekvensar vil nye barnehage- og skulestrukturar ha for den økonomiske stoda til kommunen?
- Korleis etablere ei kostnadseffektiv organisering ?

3. Langsiktig plan- og utviklingsfokus

- Barnehage- og skulestrukturen må tilpassast endringar og skiftande behov elles i samfunnet.
- Organiseringa av barnesteget må samsvare med kommunen sine overordna planar og utviklingsliner. Veg, samferdsle og kollektivutbygging, tettstad- og senterutvikling, bustadbygging og kommunesamanslåing er nokre faktorar som barnehage- og skulestrukturen må vurderast opp mot.
- Ein struktur på barnesteget må difor vurderast i eit langsiktig planperspektiv.

5. Bygningsmessig fokus

- Korleis sikre ein struktur som gjev likeverdige fysiske fag- og elevmiljø?
- Kva barnehage- og skuleanlegg bør kommunen ta med seg inn i framtida? Bør kommunen nytta pengane på seksten bygg eller prioritera annleis?
- Korleis utnytte allereie investert og utbygd barnehage- og skulekapasitet som er moderne og funksjonell?
- Kan ein skilde bygg avhendast, seljast eller nyttast til andre føremål?

6. Nærmiljø- og folkehelsefokus inklusiv reiseveg

- Korleis få ein struktur som sikrar nærleik og identitet i lokalsamfunna?
- Vil ein skilde barnehage- og skulestrukturalternativ gje farleg og lang skuleveg for ein skilde born/elevar?
- Vil nedlegging av nærskulen resultere i fråflytting frå krinsen?

5.1 Pedagogiske faktorar og organisatoriske perspektiv

I samband med dette kapittelet er det utarbeidd eit vedlegg som syner eit utval av forskning – som kan vere relevant i høve rammer for barnehagane og skulestorleik og skuletypar.

I samband med vurderinga av skulestrukturen er det ofte ei sentral oppgåve å sjå på konsekvensar av skulesamanslåingar og etablering av større skulemiljø. Når vi skal undersøke samanhengen mellom kvalitet og skulestorleik, er det viktig å sjå på fleire kvalitetsdimensjonar:

- Elevprestasjonar
- Elevane si sosiale kompetanse (mobbing, trivsel etc.)
- Tilpassa opplæring og like høve til utvikling
- Samarbeid med heimane og lokalsamfunnet

Forskningsresultata sprikar når det gjeld samanlikning av kvalitet på små og store skular. Det synast også som det vert praktisert ein nokså upresis bruk av omgrepa “store” og “små”, og vi må difor starte med å talfeste kva som er store og små skular i nasjonal og internasjonal samanheng

I internasjonal samanheng er skular med 300-900 elevar av middels storleik (nedre grense er gjerne avhengig av årssteg), mens man i Noreg reknar dette for store skular. Det er bare vidaregåande skular som har over 1000 elevar i Norge, men dette er relativt nytt, og man kan framleis telje på fingrane skular av denne storleiken.

Det er ulike definisjonar på kva som er god kvalitet i skulen. I Kunnskapsløftet vert slike kvalitetsdimensjonar framheva:

- Elevane sitt faglege utbytte
- Elevane sin sosiale kompetanse
- Elevane sin motivasjon for læring
- Elevmedverknad
- Tilpassa opplæring og like høve
- Samarbeid med heimane
- Samarbeid med lokalsamfunna

I nabokommunen Tysvær har ein valt å fokusere på krava i Fagfornyinga som viktige og sentrale premiss i dette delkapittelet. Her er utdrag frå teksten i denne skulebruksplanen om fagfornyinga:

«Fagfornyning – læring for framtida

Kunnskapsdepartementet, gjennom Utdanningsdirektoratet, har fornya læreplanverket frå 2006 (LK06). Ny overordna del, med verdigrunnlag og prinsipp for grunnopplæringa, var vedtatt 1. september 2017, og læreplanane for alle faga i grunnskulen blei vedtatt i november 2019. Heile læreplanverket (LK20) skal takast i bruk trinnvis frå skuleåret 2020/21. Grunnskulane i Tysvær skal bli best mogleg budd på å realisere intensjonane i det nye læreplanverket. Det fysiske læringsmiljøet skal vere eit verkøy for ei slik realisering av dei verdiane og prinsippa som planverket er bygd på:

1. *Læringa skal vere relevant for elevane både her og nå og for framtida. Samfunnet og arbeidslivet endrar seg i tråd med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar. Eit berekraftig demokrati treng born og unge som er reflekterande, kritiske, utforskande og kreative.*
2. *Skulen skal leggje til rette for skaparglede, utforskartrong, tverrfaglegheit og dybdelæring. Gode rammer for dette krev tydelege prioriteringar.*
3. *Det skal vere tydelegare samanheng i heile læreplanverket. Det inneber betre samanheng i og mellom faga, og mellom verdiar/prinsipp og kompetansemåla i fag.*
4. *Dei fem grunnleggjande ferdigheitene Munnlege ferdigheiter, Å kunne skrive, Å kunne lese, Å kunne rekne, og Digitale ferdigheiter skal vidareførast og integrerast faga.*
5. *Det skal utviklast robuste profesjonsfaglege fellesskap på og mellom skular. Alle tilsette skal involverast i dette.*

Det fysiske læringsmiljøet i skulen må støtte opp under alle desse føresetnadene. Lokal skulestruktur i Tysvær kommune må ta innover seg av desse faktorane.

Nyare, større og meir moderne skular kan gi fysiske tilhøve og ei utforming som stimulerer til den opplæringa som læreplanverket initierer. Det fysiske læringsmiljøet skal leggje til rette for varierte læringsformer og fremje tilpassa og differensiert opplæring. Det vil krevje fleksible læringareal med god tilrettelegging for bruk av teknologi og ulike digitale verkty, slik at lærarane til ei kvar tid kan velje metodar og praksis som forsterkar intensjonane i læreplanen.»

Vidare fokuserte skulebruksplanen i Tysvær på korleis nye bygg og nye fysiske rammer er gode høve til å endre pedagogisk praksis og utvikle kvaliteten ved skulane (s.29-)

«...Skulebygg og skuleanlegg er ikkje den mest sentrale faktoren for elevane si læring. Bygg som isolert faktor, gjev ikkje auka læring. Bygga kan imidlertid utgjere ein vesentleg forskjell om utforminga legg betre til rette for endra pedagogisk praksis og nye samarbeidsformer i undervisninga slik det nye læreplanverket krev.

Nye skuleanlegg skal med andre ord vere med på å leggje til rette for faktorar som betyr noko for elevane si læring og kvaliteten i skulen. Det å få bygg som står opp under intensjonane i fagfornyinga med dybdelæring, tverrfagleg tilnærming, ein kultur prega av openheit, profesjonsfellesskap og synlege faglege miljø vil vere vesentlege faktorar i dette omstillingsarbeidet. Funksjonelle og oppdaterte bygg kan frigi ressursar til å arbeide meir med elevane si læring.

Skuleforskning syner at lærarane er sentrale for elevane si faglege og sosiale læring og danning, og pedagogisk praksis med variasjon og medvitne didaktiske val er avgjerande for læringsutbyttet. Skuleeigar må difor leggje til rette for skulebygg som aukar kvaliteten på læringsarbeidet. Om Tysvær kommune skal lukkast med store skuleinvesteringar og eventuelle strukturendringar for å skape større fag- og elevmiljø, vil henge saman med prosessane som skuleleiarane og lærarane saman utviklar undervegs og i kor stor grad dei tek del i og forstår føremålet med dei løysingane som blir valde. Skuleleiarar og lærarar er dei mest sentrale aktørane i det å nytte bygga som ein del av den pedagogiske verktøykassa.

Skulestrukturen og læringsareala må byggje opp under:

- **Profesjonsfelleskap / lærarsamarbeid.** Michael Fullan (2014) seier noko om det å dra i same retning. Gjennom samskaping utviklar ein kollektiv kapasitet og kompetanse. Skular som gjer det bra, har profesjonell delingskultur og samarbeidskultur. Kvaliteten på samarbeidet slår ut på elevane si læring. Kompetansebygging skjer i fellesskap der lærarane lærer saman (K. Roald, 2012)
- **Robust skuleleiing.** Eit samansett lag / team med leiarar, aukar sjansane for å lukkast med ei målretta utvikling. Viviane Robinson syner i studiene sine at leiarar som direkte involverer seg i elevane sin kvardag og undervisning, og som tydeleg leiar lærarane si profesjonelle læring, har stor effekt på kvaliteten ved skulen (Elevsentrert skoleledelse, 2008)
- **Rekruttering.** Dyktige pedagogar er sentralt for elevane si læring. Eit sentralt spørsmål for Tysvær kommune som skuleeigar vert :Korleis skal skulane våre vere attraktive for nye lærarar? Gode lærarar på Haugalandet ynskjer å jobbe på dei gode skulane. Dei blir motiverte av gode fagmiljø, gode kollegaer og dyktige leiarar. Korleis skulane er utforma, organisert og drivne kan bety mykje for rekrutteringa til skulane våre, og for å halde framoverlente lærarar og skuleleiarar i kommunen.

Høge forventningar til kva elevane kan lære , det at alle kan og vil gir òg effekt på læring. Michael Fullan seier: «A tool is only as good as the mindset using it». Eit verktøy er ikkje betre enn tankesettet til den som tek det i bruk. Bærekraftig skulestruktur og funksjonelle læringsareal vil kunne bli viktige premisser i denne samanhengen, men det vil aldri kunne bli meir enn ein god start, noko som gjer kvaliteten mogleg ved hjelp av dei menneska som skapar innhaldet.

5.1.1 Utformingsprinsipp i nye framtidige skuleanlegg

- Nye skuleanlegg skal byggast slik at dei kan møte nye og endra behov. I anlegget si levetid må det påreknast at skulen skal kunne møte nye undervisnings- og arbeidsformer. Anlegga må ha bygningsmessig fleksibilitet for å handtere nye krav i framtida.
- Skuleanlegget må over tid tilpassast nye krav og brukarar. Om elevtalet endrar seg, må bygningane vere tilrettelagde for å utvide anlegget eller endre på funksjonane i anlegget.
- Ved elevtalsnedgang, bør deler av anlegget kunne takast i bruk til andre føremål.
- Litt om planløysingane:
 - Optimale med tanke på intern logistikk
 - Fornuftig disponering av utearealet
 - Bygga skal vere «inneskule» og planleggjast som reine bygg med skilje mellom skitten – rein sone. Plassering av inngangsparti og garderobar skal utformast slik at det vert eit klårt skilje mellom rein og skitten sone.
 - Nye skuleanlegg skal vere arealeffektive og ha ein brutto/nettofaktor som er nøktern utan å redusere funksjonskrav i skulen.
 - Sambruk av funksjonar i anlegget og mellom brukarar bør vere ei rettesnor for planlegginga, samstundes som skulen identifiserer funksjonar og brukarar som krev skjerming

- *Skuleanlegget må utformast slik at leige- og lånetakarar har enkel tilgang og bruk av anlegget. Utforminga må sikre enkel tilgang til utleige- og utlånsareal, samstundes som resten av skulen kan vere avlåst.*
- *Skuleanlegga må ha ein tydeleg soneinndeling slik at særskilte soner kan låsast, medan andre er tilgjengelege for definerte brukarar. Døme på funksjonelle soner som bør kunne låsast;*
 - *Administrasjon og leiging*
 - *Lærararbeidsplassar / teamrom*
 - *Personalrom og møterom*
 - *Elevareal*
 - *Spesialareal*
 - *Fellesområde som kantine, amfi, foaje, mv.*
 - *Ev. idrettshall*

5.2 Behovs, teneste- og kapasitetsperspektiv

Elevtalsprognosane syner elevtalsutviklinga over eit langsiktig tidsperspektiv, og er viktig som grunnlag for vurderinga knytt til heilskapsløysingar for den samla grunnskuletenesta i Vindafjord kommune.

Elevtalsutviklinga i dei minste bygdene tilseier stor nedgang i tenestebehovet i einskilde skulekrinsar og stabilitet i einskilde krinsar. Samla sett er det nedgang i elevtalet

syner lita endring i høve dagens situasjon og kommunen må rekne med særsmå elevmiljø ved Solheim, Stavang og Steinhovden. Særleg ved Solheim og Stavang kan i det i fleire enkeltår vere grunnlag for eit elevtal under 10 elevar.

Justering av opptaksområda – endring og flytting av opptaksgrensene – som verkemiddel for betre elevflyt og utnytting av eksisterande skulekapasitet.

For å sikre ei betre utnytting og ei betre fordeling av elevane i høve tilgjengeleg skulekapasitet – kan det vere føremålstenleg å justere barnestega sine opptaksområde. Ei slik justering må vere i samsvar med «nærskuleprinsippet» i opplæringslova.

I denne planen er det valt å vurdere overføring av heile skulekrinsar, men avhengig av val og løysingar, kan elevfordelinga gjerast på andre måtar til dømes at elevane vert fordelte til to skulekrinsar.

I eit tenesteperspektiv – skal kommunen produsere kostbare barnehage- og skuletenester for færre enn 20 brukarar?

Eit sentralt spørsmål i denne utgreiinga er; kor omfattande skal den kommunale tenesteproduksjonen i bygdene vere? Dette er sjølvstilt eit prioriteringss spørsmål og såleis eit politisk val. For kommunen har det fram til no vore sentralt å vere synlege i bygdene og drifta av små barnehagar og skular er døme på det.

Grunnskuletilboda er ei lovpålagt teneste og det er skuleplikt i Norge. Tenestene er knytt opp til læreplanar og konkrete læringsmål. Lokaliseringa av skulane er tufta på at organiseringa og bruken av lærarressursane gjev den mest optimale læringseffekten for elevane.

Mange lokalmiljø framhevar viktigheita av skulen som samlingsstad, arbeidsplass og nærmiljøanlegg. Det er den nok og, men skuledrifta og grunnskuletenestene skal ikkje vera eit trivselstiltak i seg sjølv. Det er læring og danning som er skulen sitt primærføremål.

Mest mogleg likeverdige grunnskuletenester innan kommunegrensene

All kommunal tenesteproduksjon er tufta på å gje likeverdige tenester til sine innbyggjarar. Det skal ikkje spele noko rolle kor i kommunen du bur. Ein ni-åring i Vikebygd skal få dei same opplæringstilboda som ein ni-åring frå Vikedal.

Færre skular og meir jamstore skular kan vere med på å sikra at dei kommunale grunnskulane vert utvikla likt og etter dei same krava. Likeverdige skular kan styrka samarbeidet internt, fordi dei har «like» problemstillingar og utfordringar. Stor variasjon i skuletype og storleik gjer at kompetanseutviklinga må tilpassast fleire. I eit organisatorisk perspektiv vil det vere enklare å følgja opp einingar som er meir homogene og som har dei same utfordringane.

Færre skular vil redusere behovet for leiging og oppfølging. Mindre kontrollspenn gjer at både administrativt og politisk leiging enklare kan iverksetje vedtak og føringar.

Større skular har og høve til å utvikla eit leiarteam som tek kollektive val og avgjerder. Det er kommunen som må drifte og bere kostnaden med små barnehageeiningar i bygdene, medan dei store private barnehagane i sentrum får eit godt utgangspunkt i høve tilskottet, som er tufta på dei samla kostnadane i den kommunale verksemda.

Meir homogene skulestorleikar gjev gode føresetnader for likeverdige grunnskuletenester

I all kommunal tenesteproduksjon er målet om likeverdige og rettvise tenester til innbyggjarane ei rettesnor for tenesteutviklinga. I skulesamanheng har likeverdige driftsvilkår ofte vore kopla til innhaldet i undervisninga – framfor fokus på tilgjengelege funksjonar i skulebygga, lærartettleik og den pedagogiske gruppesamansetjinga. Det er fullt ut mogleg å sjå føre seg at likeverdige driftsvilkår også kan koplast til lærartettleik og tilgjengelege funksjonar – og slik verte ein premiss i det vidare lokale strukturarbeidet.

Når elevtalet på ein skule har stor tyding for ressursbruken på skulen, er skulestrukturen viktig for kommunens utgifter. Skulestrukturen er ei lokalpolitisk avgjerd og ikkje åleine bestemt av forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke. Kommunar med spreidd busetjing, store landareal og lange avstandar har eit vanskelegare utgangspunkt for å organisere ein meir sentralisert og kostnadseffektiv skulestruktur enn kommunar med mange innbyggjarar og små avstandar. I Vindafjord står bygdene sterkt og det er mange som har jordbruk som leveveg. Dette talar gjerne for eit desentralisert tenestetilbod.

Ein struktur som er tilpassa føringane i overordna planverk (Kommuneplan, Økonomiplan, mv)

Kommuneplanen gjev føringar for korleis Vindafjord skal utviklast. Arbeidsplassutvikling og utbygging av infrastruktur skal gjere kommunen attraktiv i regionen. Barnehage- og skulestruktur bør spegle mål og strategiar i vedtekne overordna planer. Vidare må det samla tenestetilbodet ta innover seg den økonomiske stoda i økonomiplanen. Her ligg det gjerne ein ambivalens – stort ynskje om synlege tenester i bygdene – men utfordrande økonomisk å finansiere.

5.3 Bygningsmessige perspektiv

Eit sentralt moment som må drøftast i samband med eventuelle strukturelle endringar lokalt, er den einskilde barnehage og skule sin bygningsmessige standard og kvalitet. Kommunen må vurdere om skule- og barnehageanlegg med dårleg teknisk kvalitet og standard, kombinert med låg pedagogisk funksjonalitet, skal vidareførast som pedagogiske verksemder i framtida.

Utnytte allereie investert og utbygd kapasitet

Skulestrukturvurderingar bør som hovudregel søkje løysingar som utnyttar og optimaliserer eksisterande barnehage- og skuleanlegg. Barnehagar / skular med plass til fleire barn / elevar – bør utnyttast og fyllast opp – slik at kvart barnehage- og skuleanlegg får det borne- og elevtalet det er bygd for.

Kontinuerlege endringar i barn/elevtalet ved einingane – gjer at kapasiteten ved einingane også endrar seg. Difor er det naudsynt å sjå på skulestrukturen i eit overordna behovsperspektiv med jamne mellomrom.

Kapasitetsanalysane tidlegare i denne utgreiinga syner at det er mykje ledig kapasitet. Det er til dømes kapasitet til å overføra elevane frå Imsland til Vikedal, Bjoa til Vågen og Vik til Skjold. På lang sikt kan det og vere kapasitet ved Skjold skule til å handtere elevgrunnlaget frå Vats krins.

5.4 Økonomiske perspektiv

Det er ein klår samanheng mellom talet på skular, storleiken på skulane / klassane – og storleiken på kostnadane. Store skular er rimelegare å drifte enn små skular fordi den samla kostnaden vert fordelt på fleire elevar. Slik er stoda også i Vindafjord.

Det er såleis dei store skulane som bidreg til kostnadseffektiv drift ved at lærarane her underviser fleire elevar enn skular med få elevar.

Det er seinare i planen synt samanlikning av driftskonsekvensane for kvar strukturmodell.

5.5 Bygdeutviklings- og nærmiljøperspektiv

Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert ofte vurdert som ein sentral føresetnad for ein inkluderande skule. Barnehagane / skulane er eit samlingspunkt og fysisk base for aktivitetar i nærmiljøa – også utanom skuletida. Skulane er difor sentrale institusjonar i lokalmiljøa.

Mange har eit nært og personleg forhold til skulen – og mange opplever skulen som eit symbol på kontinuitet og som ei positiv kraft i krinsen uavhengig av elevtalsutviklinga. Det er som oftast dei minste skulane som er mest utsett i samband med eventuelle endringar av skulane sine inntaksområder.

Einingane er samstundes offentlege arbeidsplassar som er med på å gje aktivitet og attraktivitet til dei stadane tenestene er etablert. Strukturløysingar som inneberer at einingane vert føreslege lagt ned, vert difor opplevd som utelukkande negativt for nærmiljøa – sjølv om elevane vert overført til skular av ein mykje høgare fysisk bygningsmessig kvalitet og standard – fleire vener og innafor ei akseptabel reisetid.

Framstillinga og faktagrunnlaget for å skildre skulane sin betydning for bygdene er ei utfordrande oppgåve. Steinkjer kommune utarbeidde i 2012 eit grunnlagsnotat i samband med vurderinga av skulestrukturen i kommunen. Dette dokumentet skildrar på ein god måte skulane sin betydning for lokalsamfunna. Det er difor valt å synleggjere deler av notatet i samband med dette underkapittelet (Bokmål).

Steinkjer kommune, grunnlagsnotat 2012 – Vurdering av skulestruktur:

«...SKOLENS BETYDNING FOR LOKALSAMFUNNET

Skolen er en viktig arena og møteplass for lokalsamfunnet utenfor skoletiden. Både en skolenedleggelse og endringer av skolekretsgrenser vil kunne medføre en endring av struktur og aktivitet i lokalsamfunnet. Endringene behøver ikke å medføre en negativ utvikling, men flertallet i et lokalsamfunn opplever som regel endring i skolestruktur som negativt.

4.1 Hvem – hva – hvor er egentlig "lokalsamfunnet"?

Det er flere måter å definere et lokalsamfunn på. Det kan være et geografisk avgrenset område eller det kan være fellesskapsfølelsen i en gruppe. Et lokalsamfunn kan defineres med basis i historikk og tradisjon eller med vekt på fremtidige utfordringer. Valg av innfallsvinkel vil påvirke hvordan man opplever endringer og hvilke følelser endringene setter i gang.

Definisjonen på ett lokalsamfunn er delvis felles og allmenngyldig og delvis subjektiv. Oppfatningene av hvilke konsekvenser en skolenedleggelse eller en endring i kretsgrense vil få, vil derfor variere fra person til person og mellom grupper innenfor lokalsamfunnet. Derfor kjennetegnes debatter omkring endringer i skolestruktur av mange ulike og delvis motstridende argumenter innad i lokalsamfunnet, noe som føles opprivende og kan virke splittende. Parallelt med slike spenninger innad i lokalsamfunnet oppstår det også ofte samlende prosesser, ved at lokalbefolkningen opplever sterkt fellesskap og engasjement for lokalsamfunnet i kampen for sin nærmiljøskole.

I mange tilfeller identifiseres lokalsamfunnet med skolekretsen. Skolenedleggelse og endring av kretsgrenser krever derfor en re-definering av lokalsamfunnet, nærmest en identitetskrise for berørte lokalsamfunn. Det kan enten innebære at lokalsamfunnet går fra å være en selvstendig enhet (skolekrets) til å bli en periferi i en større enhet, at to (eller flere) likeverdige lokalsamfunn slås sammen til en større enhet, eller at lokalsamfunnet splittes i flere enheter (fordeles på flere kretser).

Det er viktig at alle involverte i en skolestrukturdebatt er klar over de prosesser debatten setter i gang i de berørte lokalsamfunnene, for å forebygge eventuelle skadelige effekter og støtte opp om gode og robuste relasjoner i lokalmiljøet både under prosessen og i etterkant.

Bærekraft og robusthet

En nasjons bærekraft måles ut fra BNP og beregning av "nasjonalformue". Et bærekraftig samfunn kjennetegnes av høye verdier innenfor samfunnsindikatorene realkapital, naturkapital og humankapital. Realkapital omfatter institusjoner, tjenestetilbud, infrastruktur og møteplasser. Naturkapital omfatter ytre miljøfaktorer. Humankapital omfatter sosial tilhørighet, boligforhold og individuell adferd. På landsbasis beregnes real- og naturkapital til sammen til om lag 25 % av nasjonalformuen, mens humankapitalen tilsvarer tett oppunder ¾ av verdiene som det Norske samfunnet rår over.

Selv om indikatorene er utviklet på nasjonalt nivå bør det være aktuelt å diskutere formue og bærekraft, også for mindre lokalsamfunn. Dersom målet er å opprettholde levende lokalsamfunn, er det relevant å diskutere hvilke kapitalverdier eller "lokalformue" et lokalsamfunn har og hva som eventuelt må tilføres eller skapes, dersom lokalsamfunnene skal være levende.

Realkapital i lokalsamfunnet og skolens funksjon

Et bærekraftig lokalsamfunn trenger et minimum av realkapital (institusjoner, tjenestetilbud, infrastruktur og møteplasser). I en undersøkelse fra Skottland, ble skolen rangert blant de tre viktigste sosiale institusjonene i lokalsamfunnet. Tilfredsstillende vegstandard er en annen faktor som har sterk innflytelse på hvor godt et lokalsamfunn fungerer (Lokalsamfunnsundersøkelsen, Bygdeforsk 2010). Tilgang til høyhastighets bredbånd er en faktor som trolig vil få økt betydning i tida som kommer (Rapport fra Nexia for Distriktssenteret).

I dagens lokalsamfunn tilbringer flertallet av yrkesaktive voksne mye av sin tid utenfor eget nærmiljø, og er mindre avhengig av et velfungerende lokalsamfunn enn før. Likevel vil mange oppleve tapt fellesskapsfølelse, redusert livskvalitet og utrygghet når sentrale strukturer i lokalsamfunnet svekkes eller faller bort.

Skolenedleggelse skjer dessverre ofte i mindre samfunn som allerede har marginalt med tjenestetilbud på grunn av lav befolkningstetthet. Hvilke konsekvenser skolenedleggelse får for lokalsamfunnet avhenger av hvilke funksjoner den aktuelle skolen har ivaretatt og hvorvidt det enten finnes, eller blir utviklet, andre strukturer i lokalmiljøet som bidrar til at disse funksjonene blir opprettholdt. Det er mange måter det kan skje på, men det mest nærliggende er ofte at lokalene som skolen har brukt gis et nytt innhold eller at det etableres nye aktiviteter ved et nærliggende forsamlingshus.

Eksempler på funksjoner som skolen ivaretar i et lokalsamfunn kan være:

- Foreldre blir kjent med hverandre/ etablere samhold innad i foreldregruppa

- Inkludering av tilflyttere
- Fritidsaktiviteter for barn og ungdom
- Kultur- og idrettsaktiviteter for ulike aldersgrupper
- Uorganisert møteplass for barn, unge og voksne
- Møtelokaler og arkiv/lager for lag og foreninger
- Arrangementslokale

Effekten av disse funksjonene er at det over generasjoner etableres en sterkt lokal tilhørighet, fellesskapsfølelse og identitet. Det er slike bånd som gjør lokalsamfunnet til noe mer enn et bosted. Det stimulerer til innbyggerne til felles innsats for å få lokalsamfunnet til å fungere og for at lokale verdier blir satt pris på, vedlikeholdt og foredlet.


Stilt overfor en skolenedleggelse er det relevant å diskutere hvorvidt de enkelte funksjonene vil forbli i lokalmiljøet eller om de vil følge med over i ny skole. Hvilke funksjoner er mest sentrale å opprettholde lokalt? Er det nye funksjoner som kan/ bør etableres for å erstatte funksjoner som bortfaller?

Det er lokalbefolkningen som best kjenner både lokale funksjoner, ønsker og behov. Kommunal forvaltning og offentlig tiltaksapparat kan være med å legge til rette for å opprettholde og utvikle nye funksjoner i samarbeid med lokalsamfunnet, men kan i liten grad drifte tilbud. Initiativ og drift må derfor være lokalt forankret.

Framtidig bruk, evt. etterbruk

Gjenbruk av lokalene ved en nedlagt skole bør ideelt sett bidra til utvikling av et livskraftig lokalsamfunn. De ledige lokalene bør utnyttes på best mulig måte for å stimulere til en eller flere sentrale elementer i lokalsamfunnet, for eksempel fysiske rammer for arbeidsplasser, ulike tjenester eller sosialt liv, se figur. Eksempler på bruksformål kan være boliger, næringsvirksomhet, kulturaktiviteter og foreningsliv.

Figur: Elementer i bygde- og lokalsamfunnsutvikling (Kilde: Rapport fra forstudien fra Vingelen Utvikling, 2011):



Det er naturlig at eierinteressene tar ansvar for og initiativ til endringsprosesser. Kommunen har juridisk eierskap til de fraflyttede lokalene, mens innbyggerne i lokalsamfunnet gjerne har et sterkt følelsesmessig eierforhold. Begge parter har dessuten stor interesse av velfungerende etterbruk. Fremtidige eierinteresser kan være lokalisert både lokalt og eller eksternt. Hvor tidlig i prosessen nye eiere kommer inn i bildet er svært varierende.

Viktige suksesskriterier for prosessen er at:

- Det legges til rette for bred medvirkning fra innbyggerne i lokalsamfunnet
- Det skapes aksept i lokalsamfunnet for de valg som gjøres og løsningene som utvikles
- De involverte aktørene besitter både kompetanse og kapasitet til både å lede og gjennomføre de nødvendige utviklingsprosessene

Ulike lokalsamfunn har ledelses- og gjennomføringskapasitet i varierende grad. Rollefordeling i slike utviklingsprosesser bør derfor tilpasses lokale forhold og det er relevant å diskutere hvor mye ansvar og initiativ som bør ligge hos henholdsvis lokalsamfunnet, kommunen eller nye eiere, og hvorvidt kompetanse og prosessledelse bør hentes eksternt.

Boligstruktur og befolkningsutvikling

Folks flyttevener viser en stadig sterkere sentraliseringstendens i retning av større steder hvor alt blir mindre oversiktlig og nært. Den geografiske og sosiale avstanden mellom der folk bor og der de arbeider, får sin skolegang og utdanning, blir større. Dette tapper mange mindre lokalsamfunn for ressurser og muligheter til å være noe mer enn et bosted for lokalbefolkningen. Samtidig ligger det potensiell tiltrekningskraft i små lokalsamfunn som lykkes med å skape de nære relasjonene, felles identitet og samhold. Mennesker som etterspør disse verdiene flytter gjerne mot strømmen, forutsatt at de har en arbeidssituasjon som tillater det.

Konfrontert med skolenedleggelse er det relevant å diskutere hvorvidt framtidig bosetting trues fordi lokalsamfunnet vil være mindre attraktivt, særlig for unge i etableringsfase og barnefamilier. Regjeringen har utviklet et scenario de har kalt "Framtidsbygda", hvor de peker på flere faktorer som bør tas med i vurderingen ved evaluering av stedet s attraktivitet som bosted, se figur.



Figuren gjenspeiler både lokalsamfunnets humankapital og realkapital, hvor barnehage- og skolelokalisering er en del av bildet. Reiseavstand til alternative arbeidsmarkeder og fritidstilbud vil være sentralt for hvilken retning befolkningsutviklingen vil ta. I sentrumsnære grender med svak realkapital vil innbyggerne gjerne trekke inn til sentrum for å delta i kulturtilbud eller gjennomføre fritidsaktiviteter, uten at det trenger å bety fraflytting. I mer perifere grender vil svekkelsen av realkapital kunne bidra til utflytting.

Et generelt trekk ved de lokalsamfunnene som lykkes med befolkningsutvikling synes å være at de er gode på involvering, inkludering og integrering (Bygdeforskningsdagen 2011), noe som tilsier at utviklingen avhenger mye av lokalsamfunnets humankapital.

Organisasjonsliv og fritidsaktiviteter

I Norge har vi gjerne en forestilling om at deltagelse i frivillige organisasjoner er en indikator på et godt samfunn – et som er preget av mangfold, medborgerlighet og engasjement. De frivillige organisasjonene blir oppfattet som viktige bidragsyttere i samfunnet, blant annet fordi de er demokratiske aktører, skaper fellesskap og samhold, formidler kunnskap og læring og bidrar til et samfunnsmessig samhold (Barstad og Hellevik 2004).

Dette bildet er imidlertid i endring. Frivillig arbeid og organisasjonsliv er i ferd med å skille lag. Nå gjør folk heller en innsats over kortere perioder uten å engasjere seg i det daglige arbeidet (Dag Wollebæk, forsker Rökkansenteret). Det synes også å skje en dreining i retning av sterkere individualisering og konsumfokusering blant folk. Dette vil trolig påvirke lokalsamfunnenes sosiale aktiviteter, samhold, frivillighet og fritidssysler.

En tradisjonell forestilling er at man i små lokalsamfunn har spesielt sterke fellesskap rundt et knippe kjerneaktiviteter som er hjørnesteiner i det sosiale livet i grenda. Vi tenker oss gjerne at organisasjonsaktiviteten er større i lokalsamfunn utenfor byene, og at den betyr mer for dem som ikke har et så bredt utvalg av organiserte tilbud.

Det er vanskelig å spå hvordan trendene innen organisasjonsliv og fritidsaktiviteter vil påvirke de enkelte lokalsamfunn i framtida. Mye vil trolig avhenge av innbyggernes evne til å opprettholde en felles, lokal identitet og styrke de mellommenneskelige båndene, som er med på å gjøre lokalsamfunnet til mer enn et bosted. Trolig vil det vokse fram moderne tilbud og sosiale møteplasser som både vil fortsette å vedlikeholde og foredle lokale verdier, og som er konkurransedyktige med tilbud i sentrumsområdene. I lokalsamfunn som har en egen nærmiljøskole, vil denne strukturen spille en viktig rolle i denne utviklingen (jmfør kapittel 4.3 skolens funksjon)....»

Mykje av desse spørsmåla og utfordringane som er handsama i Steinkjer kommune sitt grunnlagsnotat, er overførbare problemstillingar til bygdene i Vindafjord. Det er difor valt å synleggjere desse vurderingane for å tilføre bygdeutviklingsperspektivet

5.6 Skoleskyss – Reisetid og reiseavstand

Sjå kapittel 4.6 over.

5.7 Eventuell etterbruk av kommunale bygg

Bør fremjast som eigne saker til politisk handsaming. Norconsult tilrår ikkje at eventuelle bygdeskular vert solgt til private aktørar.

6 Strategiar og tiltaksutforming

6.1 Status for barnehage- og skulestruktur i Vindafjord

6.1.1 Barnehage:

- Barnehagetilbod i alle skulekrinsar
- Mange fleire godkjente barnehageplassar enn det er trong for
- Ledig og ikkje-utnytta barnehagekapasitet i barnehagar t.d.. Vikedal FUS barnehage og Skjold barnehage.
- Mykje ledig kapasitet i bygdene – lite ledig kapasitet i Sandeid og Ølen/Ølensvåg
- 5 av 7 kommunale barnehagane har lav etterspurnad – ikkje driftseffektive
- Ingen kommunal barnehage i sentrum (Ølen) - attraktive strok
- Varierende bygningsmessig kvalitet og funksjonalitet i dei kommunale barnehagane - til dømes Øvre Vats barnehage og Imsland barnehage
- Bjoa barnehage er tilfredsstillande og manglar ingen funksjonar, men har hatt få søkarar dei siste 6 åra
- Sandeid barnehage har trong for meir garderobeareal, personalareal og alle avdelingar - burde vore samla i eitt bygg.
- Sandeid barnehage treng truleg støyskjerm mot Saudavegen

6.1.2 Grunnskule:

- Mykje ledig skulekapasitet på alle skulane i utanom Skjold og Ølen
- Mange små grunnskular i kommunen
 - Mange skuletilbod gjev drift i mange små klassar
 - Vanskeleg å fordele elevane til ledig kapasitet
- Skulane ligg tett og i korte avstandar mellom kvarandre
 - Jamt over gode vegar mellom skulane
 - Lengst reiseveg i strukturalternativet som gjev felles ungdomssteg for elevar i Vikebygd krins.
- Tre ungdomssteg
 - Ingen ungdomssteg som er større enn 150 elevar
- Varierende bygningsmessige standard og funksjonalitet på skuleanlegga.
 - Skjold skule, Vik skule og Vågen skule framstår som gode og funksjonelle skuleanlegg
 - Ølen skule, Sandeid skule, Vikedal skule og Imsland skule har tilfredsstillande standard og funksjonalitet
 - Vats skule og Bjoa skule vert vurdert som skuleanlegg med låg bygningsmessig standard og har trong for omfattande utbetringar

6.2 Langsiktige utfordringar

6.2.1 Barnehage

- Nedgang i talet på førskulebarn – trong for færre barnehageplassar
 - Nedgangen størst i bygdene – mindre trong for plassar her
 - Stor nedgang i førskulebarn i Vats
- Ustabile barnegrupper kan gi ustabil personalgruppe og manglande tilgang på pedagogisk kompetanse i barnehagen.
- Små og sårbare fagmiljø

- Færre barn gjev mindre inntekter og trongare driftsrammer for barnehagane i bygdene
- Trong for modernisering av einskilde kommunale anlegg

6.2.2 Grunnskule

- Elevtalsnedgang i grunnskulen generelt og i Vats og Bjoa skulekrinsar spesielt
 - Tre få-delte grunnskular
 - Vats skule vert få-delt på mellomlang sikt
- Mykje ledig skulekapasitet i alle skular utanom Skjold og Ølen skular
- Dårligaste skuleanlegg i dei krinsane med størst elevtalsnedgang; Vats og Bjoa
- Korte avstandar mellom anlegga

6.3 Overordna strategiar for skule og barnehage

- Sikre fysiske lærings- og arbeidsmiljø som er framtidsretta og som gjev høve til pedagogisk valfridom og metodebruk
 - Sikre at skular og barnehagar har gode fysiske rammer for å drive pedagogisk utviklingsarbeid og organisasjonsbygging
 - Framlegg til alternative skule- og barnehagelokaliseringar skal effektivisere oppvekstsektoren- og bygningsdrifta i kommunen

6.4 Barnehage

- Sikre fysiske lærings- og arbeidsmiljø som er framtidsretta og som gjev høve til pedagogisk valfridom og metodebruk.
 - Gode fysiske rammar for leik, omsorg og læring
 - Eit barnehagebygg som sikre progresjon i utvikling for alle born
 - Tilgjengelege bygg med universell utforming
 - Gode bygg for samarbeid på tvers av avdelingar
 - Arealeffektive einingar og driftseffektive einingar
 - Samspel mellom leikeareal inne og ute
 - Rett kapasitet
 - Bygning i høve til krav og standard

6.5 Grunnskule

- Sikre inntaksområde som i størst mogleg grad utnyttar funksjonell og bygt kapasitet
- Sikre at skulane har nok skulekapasitet til å handtere elevtalsgrunnlaget

7 Konsept- og strukturmodellar barnehage

7.1 Generelle føresetnader

Vindafjord kommune har i dag overkapasitet i tal på barnehageplassar. Norconsult-prognosen ligg godt over SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for befolkningsvekst og er ein «positiv» prognosebane for Vindafjord kommune.

Norconsult har legg til grunn at alle barn med rett til det, ynskjer barnehageplass. Det gir ein margin i kapasiteten på ca. 10%. Sidan NO-prognosen er ein optimistisk prognose, er talet på barnehageplassar i alternativ 3 og 4 regna som ei god kapasitet. I desse alternativa er det lagt opp til ein kapasitet på 272 kommunale plassar og 284 private plassar. Totalt 556 plassar, som svarer til det prognosetalet for 2035.

7.1.1 Etterspurnad

Ei rekke faktorar som kommunen ikkje styrer over har stor innverknad på etterspurnad etter barnehageplassar. Døme på slike faktorar som kommunen må forhalda seg til er statlege politiske vedtak, endring i arbeidsmarknaden, busetjingsmønster, tal på fødsjar og endring i haldningane til befolkninga.

For dei aller fleste barnefamiliane er plasseringa til barnehagen av stor betydning. I eit tidsperspektiv på 10-20 år, kan det vera naudsynt å sjå på plassering opp mot bustad og trafikkmonster, og gjera endringar i kapasitet på bakgrunn av dette.

Når eit område har høg dekning av barnehageplassar, er barnehagane til ein viss grad konkurrentar i ein marknad. Ved stort kapasitetsoverskot kan kvalitet og profilering ha stor tyding. Barnehagane har gjennom Rammeplanen for barnehagar (KD 2017 kap. 7) krav til å dokumentera og vurdera eige arbeid. I ein konkurransesituasjon er det spesielt viktig at barnehagane formidlar og dokumenterer pedagogisk, slik at søkarane har god nok informasjon om det tilbodet barnehagane har. Det er også av stor verdi at barnehagar har eit fagleg samarbeid slik at kompetanse får utvikle seg på tvers av einingar og eigarform.

7.1.2 Avstand mellom barnehagar

Vindafjord har barnehagestilbod i alle skulekrinsar. I Vats krins er det to barnehagar, ein kommunal og ein privat. I Vikedal og Ølen er det ikkje kommunale barnehagar. Dei aller fleste borna blir køyrt i barnehagen.

Ved vurdering av struktur, er det mange omsyn å ta. Eit godt barnehagestilbod er først og fremst avhengig av at bygg og kompetanse er i tråd med gjelande krav og at det er et tilgang på søkarar som sikre drift fram i tid. Små einingar i spreidd-bygde strok, er meir sårbare i denne samanhengen. Tabellen under synar ei avstandsmatrise mellom kvar barnehageeining. Ingen av barnehagane litt tett på kvarandre. Vikebygd og Bjoa barnehage er dei som har lengst køyring til dei andre barnehagene. For Vikebygd barnehage er det om lag 17 minutt til Skjold, og for Bjoa barnehage er det om lag 17 minutt til Vågen barnehage.

Nærleiksmatrise - minutt i bil i Kjelde: google maps	Bjoa barnehage	Imsland barnehage	Sandeid barnehage	Skjold barnehage	Vats barnehage	Vikebygd barnehage	Vågen barnehage	Vikedal Fus barnehage AS	Ølensjøen Fus barnehage AS	Nausthaugen barnehage AS
Bjoa barnehage	0	46	29	32	30	21	17	38	22	31
Imsland barnehage	46	0	18	44	31	56	32	10	27	34
Sandeid barnehage	29	18	0	28	15	41	15	11	10	18
Skjold barnehage	32	44	28	0	15	17	18	35	22	16
Vats barnehage	30	31	15	15	0	28	16	23	20	5
Vikebygd barnehage	21	56	41	17	28	0	31	48	34	28
Vågen barnehage	17	32	15	18	16	31	0	23	7	26
Vikedal Fus barnehage AS	38	10	11	35	23	48	23	0	19	26
Ølensjøen Fus barnehage AS	22	27	10	22	20	34	7	19	0	19
Nausthaugen barnehage AS	31	34	18	16	5	28	26	26	19	0

Tabell 6 Avstand mellom barnehagane i Vindafjord kommune

7.1.3 Økonomiske føresetnader

Tiltak i utgreiinga tek utgangspunkt i slike følgjande økonomiske føresetnader:

- Nybygg / tilbygg barnehage pr. m² BTA **Kr. 35 000 inkl. mva.**
- Ombygging/rehabilitering m² BTA **Kr. 20 000 inkl. mva.**
- Middels ombygging m² BTA **Kr. 12 000 inkl. mva**

Nybygg/tilbygg

Det er valt å nytte prosjektkostnadar **kr. 35 000 pr. m² BTA barnehage** - som inkl. infrastruktur og grunnarbeid.

I kalkylen er det medrekna dei kostnadskomponent som ligg inne i standard kontoplan for byggjeprojekt:

- rigg og drift
- bygning
- vvs
- elektro sterkstraum
- elektro svakstraum
- andre installasjonar (heis)
- utomhusarbeider
- generelle kostnader (honorar, gebyr mm)
- mva

Det er **ikkje medrekna** marginar og reserver, inventar, kostnader til tomtekjøp, infrastruktur rundt barnehagen, eller utstyr på uteområdet. Det er ikkje rekna inn sal av eigedomar som inntekt.

Prosjektkostnad pr. m² er eit overslagstal, bygd på Norsk prisbok 2019 og erfaringar frå andre byggjeprosjekt og budsjettering av barnehageprosjekt i andre kommunar. For å ta høgde for prisstigning og upårekna kostnader bør det leggjast til ein margin.

7.1.4 Døme på budsjettering av inventar og utstyr til nye barnehageanlegg

Nokre kommunar nyttar eit anslag på kr. 25 – 26 000 pr. barn i budsjetteringa av inventar og utstyr i nye skuleanlegg. Tala er erfaringstal frå kommunale byggeprosjekt. Inventar og utstyr i eit framtidssretta barnehagebygg må henge saman med dei aktivitetane som skal skje i areala.

Vidare har utforming av uteområde har ein kostnad på 1600 kr per m².

7.1.5 Økonomiske føresetnader for driftskostnadene

Driftskostnadane tek utgangspunkt i samanlikningsåret 2025. Det er teke utgangspunkt i full effekt av alle tiltak i dette samanlikningsåret. Kostnader knytt til leige av erstatningsbygg / paviljongar i byggeperiodar er ikkje lagt inn i kostnadsgrunnlaget.

FDV-kostnad

FDV kostnadane tek utgangspunkt i kostnadsnivået / normtalet frå Norsk Prisbok 2019 – Type 6.1 Barnehagebygning. Her er kostnaden sett til kr. 500 pr. m² BTA.

Rente- og kapitalkostnad

Kapitalkostnaden er bygd på eit annuitetslån med nedbetalingstid på 30 år med 4,5% årleg rente. Årleg rente- og kapitalkostnad utgjer kr. 61.500 pr. investert million kroner.


Lønnskostnad

Lønnskostnad er i stor grad styrd av norm for bemanning. Det er lite å hente på lønn, da kommunen allereie har gjort grep i administrasjonsressurs. Vi har rekna på potensiale for innsparing, men så lenge bemanning og pedagognorm er slik den er i dag er det ikkje store skilnader. Eit krav om auke i pedagogbemanning vil gi eit endra bilete, men det vil vera det same uansett strukturalternativ.

7.2 Strukturmodell 0 – Vidareføring 6 barnehagar, legge ned Øvre Vats og bygge en barnehageavdeling saman med ny skule i Vats

7.2.1 Strukturelle konsekvensar

- Kapasitet på 650 plassar - om lag 100 plassar meir enn det er trong for gjennom heile perioden.
- 366 kommunale plassar og 284 private plassar
- Ein reduksjon på om lag 400m² BTA
- Øvre Vats barnehage leggjast ned, og det byggjast ein avdeling for 20 barn i Nye Vats skule
- Kostnadsalkyle:
 - Investeringskostnadar – 44 millionar
 - Kapitalkostnadar – 3 millionar
 - FDV kostnad årleg – 2 millionar



7.2.2 Bygningsmessige konsekvensar

Barnehage	Oppsummering av bygningsmessige tiltak
Bjoa barnehage	Ingen tiltak utover årlege vedlikeholdstiltak.
Imsland barnehage	Bygningsmassen er gamal. Mørke lokale. Ombygging og rehabilitering av heile barnehagen.
Sandeid barnehage	Ombygging og rehabilitering av heile barnehagen. Ta i bruk lokala til saniteten. Bygge til om lag 160 m ² . Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar som lyd, lysforhold, garderober og stellerom. Gul støysone på om lag ½ av uteområdet – Støyskjerm må byggast.
Skjold barnehage	Tiltak for å betre dagsljøs. Sette kapasitet til 130 plassar grunna pedagogisk funksjonalitet og mangel i støtteareal.
Vats barnehage	Etablere oppvekstsenter med en avdeling for 20 barn i nye Vats skule.
Vikebygd barnehage	Ingen tiltak utover årlege vedlikeholdstiltak.
Vågen barnehage	Sette kapasitet til 60 plassar. Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar. Bygge ut for å kompensera for mangel i areal. Tilbygg på om lag 160 m ²

7.2.3 Investeringskonsekvensar


Tabell 7 Prognose for kapasitetsutnytting med 650 plassar

Modell 0 - 7 barnehagar				Anslått investeringskostnad (NOK)				Kapital- kostnad pr år (NOK)
Videreføring av dagens situasjon /Vats barnehage erstattast med nye arealer i oppvekstsenter	Dimensjoner ende barnetall	Areal pr. 2020(m ² BTA)	Arealbehov iht norm (m ² BTA)	middels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Investerings- kostnad	
Imsland barnehage	29	139	170		3,4 mill		3,4 mill	0,2 mill
Sandeid barnehage	66	560	720		11,2 mill	5,6 mill	16,8 mill	1,0 mill
Bjoa barnehage	30	232	232					
Skjold barnehage	130	1 525	1 525	3,0 mill			3,0 mill	0,2 mill
Vats - nye arealer i oppvekstsenter	20	881	120			4,2 mill	4,2 mill	0,2 mill
Vikebygd Barnehage	31	210	210					
Vågen	60	565	725		11,3 mill	5,6 mill	16,9 mill	1,0 mill
Sum	366	4 112	3 702	3,0 mill	25,9 mill	15,4 mill	44,3 mill	2,6 mill

7.3 Strukturmodell 1– Fem kommunale barnehagar (tre private)

7.3.1 Strukturelle konsekvensar

- Kapasitet på 601 plassar - om lag 50 plassar meir enn det er trong for gjennom heile perioden.
- 317 kommunale plassar og 284 private plassar
- Øvre Vats barnehage, Imsland overført til ledig kapasitet i Vikedal og Skjold/Ølen
- Ein reduksjon på om lag 660 m² BTA
- Kostnadskalkyle:
 - Investeringskostnadar – 36 millionar
 - Kapitalkostnadar – 2,3 millionar
 - FDV kostnad årleg – 1,7 millionar



7.3.2 Bygningsmessige konsekvensar

Barnehage	Oppsummering av bygningsmessige tiltak
Bjoa barnehage	Ingen tiltak utover årlege vedlikeholdstiltak.
Sandeid barnehage	Ombygging og rehabilitering av heile barnehagen. Ta i bruk lokala til saniteten. Bygge til om lag 160 m ² . Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar som lyd, lysforhold, garderobe og stellerom. Gul støysone på om lag ½ av uteområdet – Støyskjerm må byggast.
Skjold barnehage	Tiltak for å betre dagsljøs. Sette kapasitet til 130 plassar grunna pedagogisk funksjonalitet og mangel i støtteareal
Vikebygd barnehage	Ingen tiltak utover årlege vedlikeholdstiltak.
Vågen barnehage	Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar. Bygge ut for å kompensera for mangel i areal. Tilbygg på om lag 160 m ²

7.3.3 Investeringskonsekvensar


Tabell 8 Prognose for kapasitetsutnytting med 601 plassar

Modell 1				Anslått investeringskostnad (NOK)				
5 kommunale barnehagar - 317 plassar	Dimensjoner ende barnetall	Areal pr. 2020 (m ² BTA)	Arealbehov iht norm (m ² BTA)	middels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)
Sandeid barnehage	66	560	720	-	11,2 mill	5,6 mill	16,8 mill	1,0 mill
Bjoa barnehage	30	232	232	-	2,0 mill	-	2,0 mill	0,1 mill
Skjold barnehage	130	1 525	1 525	3,0 mill	-	-	3,0 mill	0,2 mill
Vikebygd Barnehage	31	210	210	-	-	-	-	-
Vågen	60	565	760	-	11,3 mill	5,4 mill	16,7 mill	1,0 mill
Sum	317	3 092	3 447	-	24,5 mill	11,0 mill	35,5 mill	2,2 mill

7.4 Strukturmodell 2 – Fire kommunale barnehagar (Tre private)

7.4.1 Strukturelle konsekvensar

- Kapasitet på 571 plassar - om lag 20 plassar meir enn det er trong for gjennom heile perioden.
- 287 kommunale plassar og 284 private plassar
- Øvre Vats barnehage, Imsland barnehage og Bjoa barnehage leggjast ned.
- Ein reduksjon på 900 m² BTA
- Kostnadskalkyle:
 - Investeringskostnadar – 37 millionar
 - Kapitalkostnadar – 2,1 millionar
 - FDV kostnad årleg – 1,5 millionar



7.4.2 Bygningsmessige konsekvensar

Barnehage	Oppsummering av bygningsmessige tiltak
Sandeid barnehage	Ombygging og rehabilitering av heile barnehagen. Ta i bruk lokala til saniteten. Bygge til om lag 160 m ² . Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar som lyd, lysforhold, garderobe og stellerom. Gul støysone på om lag ½ av uteområdet – Støyskjerm må byggast.
Skjold barnehage	Tiltak for å betre dagsljøs. Sette kapasitet til 130 plassar grunna pedagogisk funksjonalitet og mangel i støtteareal.
Vikebygd barnehage	Ingen tiltak utover årlege vedlikehaldstiltak.
Vågen barnehage	Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar. Bygge ut for å kompensera for mangel i areal. Tilbygg på om lag 160 m ²

7.4.3 Investeringskonsekvensar


Tabell 9 Prognose for kapasitetsutnytting med 571 plassar

Modell 2				Anslått investeringskostnad (NOK)				
4 kommunale barnehagar - 287 plassar	Dimensjoner ende barnetall	Areal pr. 2020 (m ² BTA)	Arealbehov iht norm (m ² BTA)	middels ombygging	tung ombygging	Nybygg	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)
Sandeid barnehage	66	560	720	-	11,2 mill	5,6 mill	16,8 mill	1,0 mill
Vikebygd	31	210	210	-	-	-	-	-
Skjold barnehage	130	1 525	1 525	3,0 mill	-	-	3,0 mill	0,2 mill
Vågen	60	565	720	-	11,3 mill	5,4 mill	16,7 mill	1,0 mill
Sum	287	2 860	3 175	3,0 mill	22,5 mill	11,0 mill	36,5 mill	2,1 mill

7.5 Strukturmodell 3a – Tre kommunale barnehagar (Tre private)

7.5.1 Strukturelle konsekvensar

- Kapasitet på 556 plassar – 100% dekningsgrad i heile perioden.
- 272 kommunale plassar og 284 private plassar
- Øvre Vats barnehage, Imsland barnehage, Bjoa barnehage og Vikebygd barnehage leggjast ned.
- Ein reduksjon på om lag 1040 m² BTA
- Kostnadskalkyle:
 - Investeringskostnadar – 37 millionar
 - Kapitalkostnadar – 2,1 millionar
 - FDV kostnad årleg – 1,6 millionar



7.5.2 Bygningsmessige konsekvensar

Barnehage	Oppsummering av bygningsmessige tiltak
Sandeid barnehage	Ombygging og rehabilitering av heile barnehagen. Ta i bruk lokala til saniteten. Bygge til om lag 160 m ² . Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar som lyd, lysforhold, garderobe og stellerom. Gul støysone på om lag ½ av uteområdet – Støyskjerm må byggast.
Skjold barnehage	Auke kapasitet til 146 plassar. <ul style="list-style-type: none"> • bygge på om lag 100 m² for å kompensera for mangel i støtteareal • bygge om 250 m² for å betre pedagogisk funksjonalitet og dagslys
Vågen barnehage	Utbetre funksjonalitet og bygningsmessige eigenskapar. Bygge ut for å kompensera for mangel i areal. Tilbygg på om lag 155m ²


7.5.3 Investeringskonsekvensar

Konsept 3a				Anslått investeringskostnad (NOK)				
3 kommunale barnehagar - 272 plassar	Dimensjoner ende barnetall	Areal pr. 2020 (m ² BTA)	Arealbehov iht norm (m ² BTA)	middels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Investeringskostnad	Kapitalkostnad pr år (NOK)
Sandeid barnehage	66	560	720	-	11 mill	6 mill	17 mill	1 mill
Skjold barnehage	146	1 528	1 628	3 mill	-	-	3 mill	0 mill
Vågen	60	565	720	-	11 mill	5 mill	17 mill	1 mill
Sum	272	2 653	3 068	3 mill	23 mill	11 mill	37 mill	2,1 mill

7.6 Strukturmodell 3b – Tre kommunale barnehagar (Tre private)

7.6.1 Strukturelle konsekvensar

- Kapasitet på 556 plassar – 100% dekningsgrad i heile perioden.
- 272 kommunale plassar og 284 private plassar
- Øvre Vats barnehage, Imsland barnehage, Bjoa barnehage og Vikebygd barnehage leggjast ned.
- Sandeid skule byggast om til barnehage for 66 barn
- Ein reduksjon på om lag 1040 m² BTA
- Kostnads kalkyle:
 - Investeringskostnadar – 38 millionar
 - Kapitalkostnadar – 2,2 millionar
 - FDV kostnad årleg – 1,6 millionar



7.6.2 Bygningsmessige konsekvensar

Barnehage	Oppsummering av bygningsmessige tiltak
Sandeid barnehage	Bygge om Sandeid skule til en barnehage med 66 plassar.
Skjold barnehage	Auke kapasitet til 146 plassar. <ul style="list-style-type: none"> • bygge på om lag 100 m² for å kompensera for mangel i støtteareal • bygge om 250 m² for å betre pedagogisk funksjonalitet og dagslys
Vågen barnehage	Utbetre pedagogisk funksjonalitet. Bygge ut for å kompensera for mangel i areal. Tilbygg på om lag 155m ²

7.6.3 Investeringskonsekvensar

Tabell 10 Prognose for kapasitetsutnytting med 556 plassar

Modell 3b	Anslått investeringskostnad (NOK)							
	Dimensjoner ende barnetall	Areal pr. 2020 (m ² BTA)	Arealbehov iht norm (m ² BTA)	middels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)
3 kommunale barnehagar - 272 plassar - bygge om Sandeid skule								
Sandeid barnehage	66	560	720	-	14,4 mill	-	14,4 mill	0,8 mill
Skjold barnehage	146	1 525	1 628	3,0 mill	-	3,5 mill	6,5 mill	0,4 mill
Vågen	60	565	720	-	11,3 mill	5,4 mill	16,7 mill	1,0 mill
Sum	272	2 650	3 068	3,0 mill	25,7 mill	8,9 mill	37,6 mill	2,2 mill

7.7 Samletabell for kostnader i ulike konsept

7.7.1 Investeringskostnader

Det er betydeleg investeringskostnad i alle modeller. Det oppretthalde alle dei kommunale barnehagene er berekna til den dyraste modellen, da ein må rekne med tiltak i alle bygg. Den billigaste modellen er konsept 3b.

Oversikt over investeringskostnader i ulike konsept	Modell 0 - 7 barnehagar	Modell 1 - 5 kommunale barnehager	Modell 2 - 4 kommunale barnehager	Modell 3a - 3 kommunale barnehager	Modell 3b - 3 kommunale barnehager
Investeringskostnader	44,3 mill	35,5 mill	36,5 mill	40,0 mill	37,6 mill
Differanse til modell 0		-8,8 mill	-7,8 mill	-4,3 mill	-6,7 mill

Tabell 11

7.7.2 Driftskonsekvensar barnehage

Tabellen under syner skilnader i høve driftskostnader i dei ulike konsept.

Oversikt over driftskostnader i ulike konsept	Modell 0 - 7 barnehagar	Modell 1 - 5 kommunale barnehagar	Modell 2 - 4 kommunale barnehagar	Modell 3a - 3 kommunale barnehagar	Modell 3b - 3 kommunale barnehagar
FDV-kostnad	2,1 mill	1,7 mill	1,6 mill	1,5 mill	1,5 mill
Kapitalkostnad	2,6 mill	2,2 mill	2,1 mill	2,3 mill	2,2 mill
Sum kostnader totalt	4,6 mill	3,9 mill	3,7 mill	3,8 mill	3,7 mill
Differanse til Modell 0		-0,7 mill	-0,9 mill	-0,8 mill	-0,9 mill

Tabell 12

7.7.3 Fleire konsept og dialog med private eigarar

Sjølv om dei private barnehagane i Vindafjord ikkje har vore ein del av utreiings arbeidet, er det tatt omsyn til at desse utgjør ein vesentleg del av barnehagetilbodet i Vindafjord. Om ein av dei private barnehagane ikkje har driftsgrunnlag, vil dette få konsekvensar for tilbodet både i krinsen det gjeld, og i kommunen totalt. I vurderinga av strukturalternativa er det ein føresetnad at det private tilbodet ikkje endrast.

Når vi ser at det i einskilde krinsar har vore stor nedgang i barnetal, må krinsen vurderast for seg sjølv. Om framtidsutsikta til ein krins er usikre, er det ein fare for at den pedagogiske kvaliteten ikkje vert oppretthaldd. Ein barnehage med usikkert driftsgrunnlag og nedgang i søkarar vil på sikt få utfordringar med å tiltrekke seg kompetente tilsette. I Vindafjord kommune bør ein ta ei ekstra vurdering av Vats krins. Med 100 % dekningsgrad er det bruk for om lag 45 barnehageplassar på kort og lang sikt. Kommunen kan ikkje legge ned sit privat tilbod, og heller ikkje hindre at ein privat barnehage legg ned. Vindafjord kommune bør difor gå i dialog med Nedstrand barnehage om framtidig drift, kapasitet, pedagogisk utviklingsarbeid og ikkje minst bygningsmessig standard.

8 Konsept- og strukturmodellar Grunnskule

8.1 Føresetnader for alternativa

8.1.1 Generelle føresetnader

For Vindafjord er det ingen grunnskular som får kapasitetsutfordringar. Norconsult-prognosen ligg godt over SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for befolkningsvekst og er ein «positiv» prognosebane for Vindafjord kommune.

Norconsult pleier å legge inn 10-20% bufferkapasitet på prognosen når skulebehov / dimensjonering av grunnskular skal vurderast. Sidan NO-prognosen er ein optimistisk prognose ligg denne tryggleiksmarginen innbakt i sjølve prognosen.

8.1.2 Økonomiske føresetnader

Tiltak i utgreiinga tek utgangspunkt i slike følgjande økonomiske føresetnader:

- Nybygg / tilbygg skulebygg pr. m² BTA **Kr. 42 000 inkl. mva.**
- Ombyggingskostnader m² BTA **Kr. 20 000 inkl. mva.**

Nybygg/tilbygg

Det er valt å nytte prosjektkostnadar **kr. 42 000 pr. m² BTA skule** - som inkl. infrastruktur og grunnarbeid.

I kalkylen er det medrekna dei kostnadskomponent som ligg inne i standard kontoplan for byggjeprojekt:

- rigg og drift
- bygning
- vvs
- elektro sterkstraum
- elektro svakstraum
- andre installasjonar (heis)
- utomhusarbeider
- generelle kostnader (honorar, gebyr mm)
- mva

Det er **ikkje medrekna marginar og reserver, inventar og kostnader til tomtekjøp**. Det er ikkje rekna inn sal av eigedomar som inntekt.

Prosjektkostnad pr. m² er eit overslagstal, bygd på erfaringar frå andre byggjeprojekt, og på budsjettering av skulebyggprosjekt i andre kommunar. For å ta høgde for prisstigning og upårekna kostnader bør det leggjast til ein margin.

8.1.2.1 Døme på budsjettering av inventar og utstyr til nye skuleanlegg

Nokre kommunar nyttar eit anslag på kr. 35-38 000 pr. elev i budsjettinga av inventar og utstyr i nye skuleanlegg. Oslo kommune har tidlegare nytta slike anslag i si budsjettering av inventar og utstyr. Møblering av ein ny skule må henge saman med dei aktivitetane som skal skje i areala.

8.1.3 Økonomiske føresetnader for driftskostnadene


Driftskostnadane tek utgangspunkt i samanlikningsåret 2030. Det er teke utgangspunkt i full effekt av alle tiltak i dette samanlikningsåret. Kostnader knytt til leige av erstatningsbygg / paviljongar i byggeperiodar er ikkje lagt inn i kostnadsgrunnlaget.

8.1.3.1 Løns- og skulekostnad

Det er valt å nytte netto kostnad pr. elev, basert på kommunen sitt budsjett for 2020 som utgangspunkt for å berekne løns- og skulekostnaden i strukturvala.

Det er tatt utgangspunkt i skulekostnadane på konto fom. 10100 tom. 10990 og trekt ifrå inntekter på konto fom. 16000 tom. 18102. Andre driftskostnader (inventar, skulemateriell, mv) er ikkje lagt til grunn for modelleringa.

Budsjett 2020 er lagt til grunn for berekningsgrunnlaget.



Figuren over syner samanhengen mellom skulestorleik og kostnad pr. elev. Større skular har fleire elevar å fordele kostnaden på, noko som gir ein lågare kostnad pr. elev – samanlikna med mindre skular.

For å berekne kostnad pr elev i andre skuletypar og skulestorleikar som framkommer i strukturalternativa har ein nytta kostnad pr elev frå liknande skular i Vindafjord kommune (2018). Dette gjeld for ungdomsskule og nokre variantar av «store» barneskular.

8.1.3.2 FDV-kostnad


FDV kostnadane tek utgangspunkt i kostnadsnivået / normtalet frå Norsk Prisbok 2017 – Type 6.1 Skulebygning. Her er nivået sett til kr. 679 pr. m² BTA. I reknearka er dette nivået runda opp/prisjustert opp til kr. 700 pr. m² BTA.

8.1.3.3 Rente- og kapitalkostnad

Kapitalkostnaden er bygd på eit annuitetslån med nedbetalingstid på 30 år med 4,5% årleg rente. Årleg rente- og kapitalkostnad utgjer kr. 61.500 pr. investert million kroner.

8.1.3.4 Skyskostnader

Skysen er bygd på kostnadsnivået med elevfordeling og skulelokaliseringar slik det er i dag. Kommunen forventar om lag kr. 650 000 til skuleskyss inneverande skuleår (2020/21) eller kr. 1 600 i snitt pr. elev.



Figuren over syner den prosentvise delen av elevane som får skuleskyss inneverande skuleår 2020/21. Det er elevar i Bjoa skulekrins som har høgst prosentvis andel av elevane på skyssmiddel med 83 prosent. I Vats skulekrins har 69 prosent av elevane innvilga skuleskyss.

400 elevar får skuleskyss inneverande skuleår (2020/21) til ein budsjettert kostnad på

8.2 Investeringskostnad til ny frittstående idrettshall i Ølen

Under er det satt opp to døme på brutto investeringskostnad inkl. mva. (dvs. før mva. refusjon, spelemidlar og evt. dugnad er trekt frå investeringssum) for to typar av idrettshallar, volleyballhall og handballhall.

Anslått investeringskostnad (NOK)			
Volleyballhall	Areal	Nybygg	INVESTERINGS-KOSTNAD
Volleyballhall	1 200	40,8 mill	40,8 mill
sum	1 200	40,8 mill	40,8 mill

Anslått investeringskostnad (NOK)			
Håndballhall	Areal	Nybygg	INVESTERINGS-KOSTNAD
Håndballhall	2 250	76,5 mill	76,5 mill
sum	2 250	76,5 mill	76,5 mill

8.3 Strukturmodell 0 – Vidareføring av dagens situasjon – ingen endring i skulelokalisering

8.3.1 Strukturelle konsekvensar

Ingen, men Vats skule vert oppvekstsenter med ny skule og barnehage

8.3.2 Bygningsmessige konsekvensar

SKOLE	BESKRIVELSE AV BYGNINGSMESSIGE TILTAK
Bjoa skule	Riving/Sanering. Nybygg til 50 elevar.
Imsland skule	Ingen behov utover årlege vedlikehaldstiltak. Bygningsmassen er gamal.
Sandeid skule	Ingen behov, men eige tilbygg til barnehagen – frigjer areala som barnehagen nyttar i dag til skuleføremål.
Skjold skule	Tilbygg og ombygging til småsteget. Større garderobar, meir fellesareal og læringsareal.
Vats skule	Riving/Sanering. Nybygg til 70 elevar. Etablering av oppvekstsenter. Tilbygg barnehage for 20 barn. Se tiltak barnehage.
Vikedal skule	Ingen behov utover årlege vedlikehaldstiltak. Deler av bygningsmassen er over si antatte levetid.
Vik skule	Ingen behov utover årlege vedlikehaldstiltak.
Vågen skule	Ingen behov utover årlege vedlikehaldstiltak.
Ølen skule	Ombygging i areala til småsteget, administrasjonsfløya og spesialromma.

8.3.3 Investeringskonsekvensar


Strukturmodell 0 - Vidareføring av dagens situasjon	Dimensjonerte elevtall jf. Prognose	Anslått investeringskostnad (NOK)			
		Riving/sanering	Ombygging / Rehabilitering	Nybygg (BTA)	Investeringskostnad
Bjoa skule inkl. kjøkken / gymsal	30	1,8 mill	-	39,3 mill	41,1 mill
Imsland skule	30	-	-	-	-
Sandeid skule eks idrett	115	-	-	-	-
Skjold skule 1-10 ekskl. idrett og musikk	320	-	6,0 mill	4,2 mill	10,2 mill
Vats skule	70	4,1 mill	-	56,6 mill	60,7 mill
Vikedal skule 1-10	155	-	-	-	-
Vik skule	40	-	-	-	-
Vågen skule	100	-	-	-	-
Ølen skule 1-10 eks idrett	300	-	30,0 mill	-	30,0 mill
Sum	1 160	5,9 mill	36,0 mill	100,1 mill	142,0 mill

Det vert lagt til grunn eit estimert investeringsbehov på **kr. 142 mill.** – som langsiktige tiltak fram mot 2040. I denne modellen er det tilrådd oppføring av to nye skuleanlegg.


Oppvekstsentermodellen i Vats får kostnader til barnehagedelen i tillegg (sjå barnehage). Grunna stor nedgang i talet på førskulebarn og elevtalet vert det tilrådd ny skole og ny barnehage – bygt som eit oppvekstsenter for Vats skulekrins.

8.4 Strukturmodell 1A – Fire skular: Ein felles ungdomsskule – tre barneskular (Ny frittstående ungdomsskule i Ølen)


8.4.1 Strukturelle konsekvensar




Felles barneskule for Skjold, Vik og Vats får eit elevtalsgrunnlag mellom 275-325 i prognoseperioden.



Felles barneskule i Vikedal inklusiv elvane frå Sandeid og Imsland får eit elevtalsgrunnlag opp mot 200 elevar.



Ein barneskule i Ølen med Vågen og Bjoa, gjev eit elevtallsgrunnlag på 250-300 elevar i perioden.



Felles ungdomsskule i Vindafjord kan dimensjonert som ein U360 skule – fire parallell skule.

8.4.2 Bygningsmessige konsekvensar

SKOLE	BESKRIVELSE AV BYGNINGSMESSIGE TILTAK
Bjoa skule	Riving/Sanering.
Imsland skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål.
Sandeid skule	Bruk av bygget til nye Sandeid barnehage / barnehageføremål.
Skjold skule 1-7 inkl. Vik og Vats	Ombygging til barneskuleføremål.
Vats skule	Riving/Sanering.
Vikedal skule 1-7 inkl. Sandeid og Imsland	Ombygging til barneskuleføremål.
Vik skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål
Vågen skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål
Ølen skule 1-7 inkl. Vågen og Bjoa	Ombygging til barneskuleføremål, administrasjonsfløy og spesialromsavdeling tilpassa behov til barneskulen.
Ny ungdomsskule i Ølen	Nybygg på ny tomt – sentralt i Ølen

8.4.3 Investeringskonsekvensar

Strukturmodell 1A- Fire grunnskular - ein felles ungdomsskule og tre barneskular	Dimensjonerte elevtall jf. Prognose	Anslått investeringskostnad (NOK)			
		Riving/sanering	Ombygging / Rehabilitering	Nybygg (BTA)	Investeringskostnad
Bjoa skule inkl. kjøkken / gymsal	-	1,8 mill	-	-	1,8 mill
Imsland skule	-	-	-	-	-
Sandeid skule eks idrett	-	-	-	-	-
Skjold skule 1-7 inkl Vik og Vats	300	-	12,0 mill	-	12,0 mill
Vats skule	-	4,1 mill	-	-	4,1 mill
Vikedal skule 1-7 inkl. Sandeid og Imsland	200	-	12,0 mill	-	12,0 mill
Vik skule	-	-	-	-	-
Vågen skule	-	-	-	-	-
Ølen skule 1-7 inkl. Vågen og Bjoa	300	-	30,0 mill	-	30,0 mill
Ny ungdomsskule i Ølen	360	-	-	193,2 mill	193,2 mill
Sum	1 160	5,9 mill	54,0 mill	193,2 mill	253,1 mill

Det er estimert eit investeringsbehov på **kr. 253 mill.** for strukturmodell 1. Kostnaden til etablering av ny ungdomsskule (**kr. 192 mill.**) er den største kostnaden. Elles er ombygging av dei tre kombinerte skulane til barneskuleføremål den nest største investeringskostnaden med **kr. 54 mill.**

Dersom Vågen skule kan nyttast som skuletomt for ny felles ungdomsskule – vil investeringsbehovet gå ned.

8.5 Strukturmodell 1B – Fire skular: Ein felles ungdomsskule og tre barneskular

8.5.1 Strukturelle konsekvensar

Som strukturalternativ 1A over, men barnesteget vert lokalisert på Vågen skule.

8.5.2 Bygningsmessige konsekvensar

SKOLE	BESKRIVELSE AV BYGNINGSMESSIGE TILTAK
Bjoa skule	Riving/Sanering.
Imsland skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål.
Sandeid skule	Bruk av bygget til nye Sandeid barnehage / barnehageføremål.
Skjold skule 1-7 inkl. Vik og Vats	Ombygging til barneskuleføremål.
Vats skule	Riving/Sanering.
Vikedal skule 1-7 inkl. Sandeid og Imsland	Ombygging til barneskuleføremål.
Vik skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål
Vågen skule	Tilbygg og ombygging
Ølen skule 1-7 inkl. Vågen og Bjoa	Ombygging til ungdomsskuleføremål, administrasjonsfløy og spesialromsavdeling tilpassa behov til barneskulen
Ny ungdomsskule i Ølen	Ingen behov.

8.5.3 Investeringskonsekvensar

Strukturmodell 1B - Fire grunnskular - ein felles ungdomsskule og tre barneskular	Dimensjonerte elevtall jf. Prognose	Anslått investeringskostnad (NOK)			
		Riving/sanering	Ombygging / Rehabilitering	Nybygg (BTA)	Investeringskostnad
Bjoa skule inkl. kjøkken / gymsal	-	1,8 mill	-	-	1,8 mill
Imsland skule	-	-	-	-	-
Sandeid skule eks idrett	-	-	-	-	-
Skjold skule 1-7 inkl Vik og Vats	300	-	12,0 mill	-	12,0 mill
Vats skule	-	4,1 mill	-	-	4,1 mill
Vikedal skule 1-7 inkl. Sandeid og Imsland	200	-	12,0 mill	-	12,0 mill
Vik skule	-	-	-	-	-
Vågen skule inkl. Ølen og Bjoa	300	-	6,0 mill	96,6 mill	102,6 mill
Ølen skule som felles ungdomsskule	360	-	30,0 mill	-	30,0 mill
Ny ungdomsskule i Ølen	-	-	-	-	-
Sum	1 160	5,9 mill	60,0 mill	96,6 mill	162,5 mill

Det er eit mindre behov for investeringsmidlar i denne modellen enn 1A over, fordi eksisterande bygningsmasse vert nytta og vidareført til skuleføremål.


Vågen skule vert ny felles barneskule for Ølen, Vågen og Bjoa, medan Ølen skule vert lokalisering for ny felles ungdomsskule.

Då vert det ikkje bygt ny frittståande ungdomsskule i Vindafjord.


Strukturmodellen vert kostnadsrekna til **kr. 162,5 mill.**

8.6 Strukturmodell 2 – Tre kombinerte 1-10 skular: Skjold, Vikedal og Ølen


8.6.1 Strukturelle konsekvensar



Ein kombinert skule i Skjold for Vats og Vik får eit elevtalsgrunnlag opp mot 450 elevar og vert ein to-parallell kombinert skule med 20 klassar. Årsstega vert under 50 elevar – noko som gjev klassar under 25 elevar.



Ein kombinert skule for Vikedal, Sandeid og Imsland får eit elevtalsgrunnlag under 300 elevar.



Ein felles kombinert skule i Ølen med elevane frå Bjoa og Vågen, gjev eit elevtalsgrunnlag på rundt 400 elevar.

8.6.2 Bygningsmessige konsekvensar

SKOLE	BESKRIVELSE AV BYGNINGSMESSIGE TILTAK
Bjoa skule	Riving/Sanering.
Imsland skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål.
Sandeid skule	Bruk av bygget til nye Sandeid barnehage / barnehageføremål.
Skjold skule	Tilbygg og ombygging.
Vats skule	Riving/Sanering.
Vikedal skule	Ombygging. Ligg heilt på grensa til behov for tilbygg.
Vik skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål
Vågen skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål
Ølen skule	Tilbygg og ombygging.

8.6.3 Investeringskonsekvensar



Strukturmodell 2 - Tre kombinerte skular	Dimensjonere nde elevtall jf. Prognose	Anslått investeringskostnad (NOK)			
		Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering	Nybygg (BTA)	Investerings- kostnad
Bjoa skule inkl. kjøkken / gymsal	-	1,8 mill	-	-	1,8 mill
Imsland skule	-	-	-	-	-
Sandeid skule eks idrett	-	-	-	-	-
Skjold skule 1-10 inkl. Vik og Vats	460	-	16,0 mill	39,3 mill	55,3 mill
Vats skule	-	4,1 mill	-	-	4,1 mill
Vikedal skule 1-10 inkl Sandeid og Imsland	300	-	12,0 mill	-	12,0 mill
Vik skule	-	-	-	-	-
Vågen skule	-	-	-	-	-
Ølen skule 1-10 inkl. Bjoa og Vågen	400	-	30,0 mill	25,2 mill	55,2 mill
Sum	1 160	5,9 mill	58,0 mill	64,5 mill	128,4 mill


Det er estimert eit investeringsbehov strukturmodell 2 på **kr. 128 mill.** Tilbygg og ombygging av dei eksisterande kombinerte skulane for å handtere fleire elevar og tilsette er tiltaka.

8.7 Strukturmodell 3A – Seks grunnskular (Skjold inkl. Vats, Vikedal inkl. Imsland, Vågen inkl. Bjoa)

8.7.1 Strukturelle konsekvensar

Ølen, Sandeid og Vik skular som strukturmodell 0.





8.7.2 Bygningsmessige konsekvensar

SKOLE	BESKRIVELSE AV BYGNINGSMESSIGE TILTAK
Bjoa skule	Riving/Sanering.
Imsland skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål.
Sandeid skule	Ingen behov.
Skjold skule inkl. Vats	Tilbygg / Ombygging.
Vats skule	Riving/Sanering.
Vikedal skule inkl. Imsland	Noko ombygging
Vik skule	Ingen behov.
Vågen skule inkl. Bjoa	Ingen behov. Kapasitet til elevane frå Bjoa.
Ølen skule	Ombygging i areala til småsteget, administrasjonsfløya og spesialromma

8.7.3 Investeringskonsekvensar


Strukturmodell 3A - Seks grunnskular	Dimensjonere nde elevtall jf. Prognose	Anslått investeringskostnad (NOK)			
		Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering	Nybygg (BTA)	Investerings- kostnad
Bjoa skule inkl. kjøkken / gymsal	-	1,8 mill	-	-	1,8 mill
Imsland skule	-	-	-	-	-
Sandeid skule	115	-	-	-	-
Skjold skule 1-10 inkl. Vats	410	-	16,0 mill	18,9 mill	34,9 mill
Vats skule	-	4,1 mill	-	-	4,1 mill
Vikedal skule 1-10 inkl. Imsland	180	-	6,0 mill	-	6,0 mill
Vik skule	40	-	-	-	-
Vågen skule inkl. Bjoa	120	-	-	-	-
Ølen skule 1-10	300	-	30,0 mill	-	30,0 mill
Sum	1 165	5,9 mill	52,0 mill	18,9 mill	76,8 mill

Det er estimert eit investeringsbehov på **kr. 77 mill.** i strukturmodell 3A. Ombygging og tilbygg utgjer brorparten av tiltaka. Størst investeringsbehov ved Skjold skule.

8.8 Strukturmodell 3B – Seks grunnskular (Skjold inkl. Vik, Vikedal inkl. Imsland, Vågen inkl. Bjoa)

8.8.1 Strukturelle konsekvensar

Ølen, Sandeid og Vats skular som i strukturmodell 0. Vik bytter plass med Vats skule – elles likt som 3A over.



8.8.2 Bygningsmessige konsekvensar

SKOLE	BESKRIVELSE AV BYGNINGSMESSIGE TILTAK
Bjoa skule	Riving/Sanering.
Imsland skule	Avhendast / Sal / Bruk av bygget til andre føremål.
Sandeid skule	Ingen behov.
Skjold skule inkl. Vik	Ombygging. Ingen behov for tilbygg – handterer elevane frå Vikebygd.
Vats skule	Avhengig av val for barnehage. Ny skule eller oppvekstsenter.
Vikedal skule inkl. Imsland	Noko ombygging
Vik skule	Ingen behov.
Vågen skule inkl. Bjoa	Ingen behov. Kapasitet til elevane frå Bjoa.
Ølen skule	Ombygging i areala til småsteget, administrasjonsfløya og spesialromma

8.8.3 Investeringskonsekvensar

Strukturmodell 3B - Seks grunnskular	Dimensjonere nde elevtall jf. Prognose	Anslått investeringskostnad (NOK)			
		Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering	Nybygg (BTA)	Investerings- kostnad
Bjoa skule inkl. kjøkken / gymsal	-	1,8 mill	-	-	1,8 mill
Imsland skule	-	-	-	-	-
Sandeid skule	115	-	-	-	-
Skjold skule 1-10 inkl. Vik	350	-	10,0 mill	-	10,0 mill
Vats skule	70	4,1 mill	-	56,6 mill	60,7 mill
Vikedal skule 1-10 inkl. Imsland	180	-	6,0 mill	-	6,0 mill
Vik skule	-	-	-	-	-
Vågen skule inkl. Bjoa	120	-	-	-	-
Ølen skule 1-10	300	-	30,0 mill	-	30,0 mill
Sum	1 135	5,9 mill	46,0 mill	56,6 mill	108,5 mill

Det er estimert eit investeringsbehov på **kr. 108,5 mill**. Investeringane er større i denne strukturmodellen samanlikna med 3A over, fordi Vats skule vert bygt ny i dette alternativet.

8.9 Driftskonsekvensar grunnskule

Under er det modellert driftskonsekvensar for kostnad pr elev (lønnskostnad), skuleskys, bygningsdrift og rentekostnader. Alle strukturmodellar vert samanlikna mot strukturmodell 0 – referanse- og samanlikningsalternativet

Strukturmodell 0 - Vidareføring av dagens situasjon

Kostnad pr elev	Sum
Sum kostnad pr elev	109,6 mill

Skyskostnad	Sum
Sum skyskostnad i perioden	0,7 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	10,6 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	8,7 mill

Sum	129,5 mill
Differanse til Konsept 0	

Strukturmodell 1A- Fire grunnskular - ein felles ungdomsskule og tre barneskular

Kostnad pr elev	Sum
Sum kostnad pr elev	96,8 mill

Skyskostnad	Sum
Sum skyskostnad i perioden	1,3 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	10,0 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	15,4 mill

Sum	123,6 mill
Differanse til Konsept 0	-5,9 mill

Strukturmodell 1B - Fire grunnskular - ein felles ungdomsskule og tre barneskular

Kostnad pr elev	Sum
Sum kostnad pr elev	96,8 mill

Skyskostnad	Sum
Sum skyskostnad i perioden	1,5 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	8,4 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	9,9 mill

Sum	116,6 mill
Differanse til Konsept 0	-12,9 mill

Strukturmodell 2 - Tre kombinerte skular

Kostnad pr elev	Sum
Sum kostnad pr elev	99,3 mill

Skyskostnad	Sum
Sum skyskostnad i perioden	1,0 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	6,8 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	7,8 mill

Sum	115,0 mill
Differanse til Konsept 0	-14,5 mill

Strukturmodell 3A - Seks grunnskular

Kostnad pr elev	Sum
Sum kostnad pr elev	105,9 mill

Skyskostnad	Sum
Sum skyskostnad i perioden	0,7 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	8,5 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	4,7 mill

Sum	119,9 mill
Differanse til Konsept 0	-9,6 mill

Strukturmodell 3B - Seks grunnskular

Kostnad pr elev	Sum
Sum kostnad pr elev	105,1 mill

Skyskostnad	Sum
Sum skyskostnad i perioden	0,8 mill

FDV-kostnad	Sum
Sum FDV kostnad i perioden	9,3 mill

Kapitalkostnad	Sum
Sum kapitalkostnader i perioden	6,6 mill

Sum	121,8 mill
Differanse til Konsept 0	-7,7 mill

Det er strukturmodell 2 og 1B som har størst innsparingspotensial med kr. 14,5 mill. og kr. 12,9 mill. med utgangspunkt i ei samanlikning av skuleåret 2023/24. Årsaka til at strukturmodell 1A kjem «dårlegare» ut

økonomisk enn strukturmodell 1B, skuldast at kommunen bygger ein heilt ny frittståande ungdomsskule i dette alternativet.

Modelleringa syner at alle strukturmodellar gjev innsparingspotensial samanlikna med vidareføring av dagens struktursituasjon.

Enkle tiltak for å sikre økonomisk innsparing er til dømes ei overføring av elevane frå Bjoa til Vågen, Imsland til Vikedal og Vik til Skjold.

9 Tilråding Norconsult

Grunnlag for tilrådinga er at tiltaka skal fasast inn over ein tidshorisont på om lag 10-15 år. Det inneber at tiltaka skal finansierast gjennom fleire økonomiplanperiodar. Det er vist tiltak i ein kortsiktig og ein mellomlang tidshorisont, og det er valt å synleggjere dei største behova.

9.1 Barnehage

9.1.1 Kortsiktig tidshorisont 1-5 år

- Redusere kapasitet i tråd med nedgang i tal på barn.
- Sandeid barnehage - utbetre bygningsmessige tilhøve. Graden av ombygging og tilbygg er avhengig av val av strukturmodell for Sandeid skule.
- Vikedal Fus barnehage as har god kapasitet til å ta imot barn frå Imsland.
- I Vats krins er det venta nedgang i talet på førskulebarn. Det er ikkje grunnlag for to barnehagar i denne krinsen. Øvre Vats barnehage vurderast som lite eigna og funksjonell. Kommunen kan ta initiativ til ein dialog med Nausthaugen barnehage om grunnlaget for eit framtidig barnehagetilbod i Vats krins. Dersom skulen vert vidareført i Vats krins, er det tilrådd etablering av oppvekstsenter i denne krinsen – med ei samlokalisert løysing for ny skule og ny barnehage.

Strukturgrep:

- Legge ned Imsland barnehage
- Legge ned Øvre Vats barnehage (Finne ei løysing i samråd med Nausthaugen barnehage om barnehagetilbodet i Vats Krins)

9.1.2 Lang tidshorisont 5-10 år

- Vågen barnehage byggast om for å betre funksjonalitet og arealutnytting. For å oppretthalde ein kapasitet på 60 plassar, må det byggast på om lag 160 m² (jf. arealanalyse kap.).
- Skjold barnehage middels ombygging for å betre funksjonalitet. Hovudutfordring; dagsljøs og utsyn i avdelingsrom, kommunikasjonslinjer og transparens. Kapasitet i Skjold barnehage justerast til 146 plassar.

Strukturgrep:

- Legge ned Vikebygd barnehage. Barn frå Vikebygd går til Skjold barnehage.
- Legge ned Bjoa barnehage. Barn frå Bjoa går til Vågen.

9.1.3 Tilråding

Norconsult tilrår ein barnehagestruktur med tre kommunale barnehagar - alternativ 3a, eller 3b i planframlegget.

Dei bygningsmessige, økonomiske og pedagogiske gevinstane av ein ny barnehagestruktur heng saman. Eit godt pedagogisk tilbod, krev kompetanse, gode bygg og ikkje minst ein stabil økonomi. Tryggleik for arbeidsplassar for dei tilsette og ein viss storleik på fagmiljøa har ein positiv effekt på pedagogisk utviklingsarbeid, omdømme og søkjartal. Med tre kommunale barnehagar i Vindafjord vil kommunen kunne prioritere bygningsmessige og pedagogiske tiltak i færre einingar og drifte desse meir effektivt. Konsept 3a og 3b vil gi god tilgang på søkjarar og samstundes god fordeling av tilskot.

Stikkord:

- 100 % barnehagedekning i perioden fram mot 2035
- tre kommunale barnehagar med 272 plassar
- tre private barnehagar med 284 private plassar.
- Kapasiteten på totalt 556 plassar.
- Gode barnehagebygg
- Vidarefører framleis ei geografisk spreining av dei barnehagetilboda.
- Robuste fagmiljø i utvikling
- Trygge arbeidsplassar
- Like høve for kommunale og private barnehagar
- Lågare investering- og driftsutgifter

9.2 Tiltråding Grunnskule

Norconsult vurderer både alternativa i strukturmodell **1A/1B** og **2** som framtidsretta strukturløysingar for Vindafjord kommune.

Tiltrådde strukturmodellar	Fordelar	Ulempe
Strukturmodell 1A og 1B Fire grunnskular, tre barneskular og ein felles ungdomsskule	<ul style="list-style-type: none">• Gode fag- og elevmiljø med eit elevtal mellom 200 - 360• Eitt felles ungdomssteg – gode rammer for pedagogisk utvikling• 1A gjev moderne og ny ungdomsskule• Sikrar overgang for elevane• Skilje mellom barnesteg og ungdomssteg• Innsparingspotensial	<ul style="list-style-type: none">• Lengre reiseveg på ungdomssteget• Fleire elevar på barnesteget må på skyss• Krev noko høgare investering• Geografisk spreining på barnesteget
Strukturmodell 2 Tre kombinerte skular	<ul style="list-style-type: none">• Tre like skular med eit elevtal mellom 300 – 450• Gode rammer for pedagogisk utviklingsarbeid• Stort innsparingspotensial• Mindre skoleskyss enn i strukturmodell 1A og 1B• God geografisk spreining• Mindre behov for investeringsmidlar enn 1.	<ul style="list-style-type: none">• Ingen overgang og skulebyte for elevar på ungdomssteget.• Små ungdomssteg fordelt på tre skular

Etter ei samla vurdering tilrår Norconsult at Vindafjord kommune legg til **grunn strukturmodell 2 – med tre kombinerte skular** - Skjold (inkl. Vats og Vik), Ølen (inkl. Bjoa og Vågen), Vikedal (inkl. Imsland og Sandeid).

9.2.1 Kortsiktig tidshorisont 1-5 år

- Mindre ombygging av Vikedal skule – overføring av elevane ved Imsland tidleg i perioden – Elevane frå Sandeid vert overført når ombygginga er ferdigstilt.
- Elevane frå Bjoa vert overført til Vågen skule tidleg i perioden – før dei samla vert overført til Ølen skule etter utbygging.
- (Sandeid barnehage kan overta skuleanlegget som barnehagebygg når skulen vert overført.)
- Ombygging og tilbygg av Ølen skule for å handtere elevane frå Vågen og Bjoa
- Elevane ved enten Vik eller Vats kan overførast til Skjold tidleg i perioden

9.2.2 Lang tidshorisont 5-10 år

- Ombygging og tilbygg av Skjold skule for å handtere auka elevar og pedagogar frå enten Vik eller Vats.